Grue kommune	Postboks 94	2261	KIRKENÆR
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Guovdageaidnu - Kautokeino kommune	Bredbuktnesvn. 6	9520	KAUTOKEINO
Hadsel kommune	Rådhusgata 5	8450	STOKMARKNES
Halden kommune	Postboks 150	1751	HALDEN
Hamar kommune	Postboks 4063	2306	HAMAR
Hamarøy kommune	Marie Hamsuns vei 3	8294	HAMARØY
Hammerfest kommune	Postboks 1224	9616	HAMMERFEST
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Harstad - Hársttåk kommune	Postboks 1000	9479	HARSTAD

Hasvik kommune	Postboks 43	9593	BREIVIKBOTN
Hattfjelldal kommune	O.T.Olsens vei 3 A	8690	HATTFJELLDAL
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	HAUGESUND
Heim kommune	Trondheimsveien 1	7200	KYRKSÆTERØRA
Hemnes kommune	Sentrumsveien 1	8646	KORGEN
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	HEMSEDAL
Herøy kommune	Herøy Rådhus	8850	HERØY
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Hitra kommune	Rådhusveien 1	7240	HITRA
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	HJELMELAND
Hol kommune	Ålmannvegen 8	3576	HOL
Hole kommune	Viksveien 30	3530	RØYSE
Holmestrand kommune	Pb 312	3081	HOLMESTRAND
Holtålen kommune	Hovsletta	7380	ÅLEN
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Hurdal kommune	Minneåsvegen 3	2090	HURDAL
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Hvaler kommune	Storveien 32	1680	SKJÆRHOLDEN
Hyllestad kommune	Hyllestad kommunehus	6957	HYLLESTAD
Hægebostad kommune	Laurkrokveien 4	4595	TINGVATN
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Høylandet kommune	Vargeia 1	7977	HØYLANDET
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Ibestad kommune	Rådhuset, Emma Olsens vei 1	9450	HAMNVIK
Inderøy kommune	Vennalivegen 7	7670	INDERØY
Indre Fosen kommune	Rådhusveien 13	7100	RISSA
Indre Østfold kommune	Postboks 3	1802	ASKIM
Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Iveland kommune	Frikstadveien 20	4724	IVELAND
Jevnaker kommune	Kirkegata 6	3520	JEVNAKER

Karášjohka - Karasjok kommune	Postboks 84	9735	KARASJOK
Karlsøy kommune	Rådhuset	9130	HANSNES
Karmøy kommune	Rådhuset, Postboks 167	4291	KOPERVIK
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Klepp kommune	Postboks 25	4358	KLEPPE
Kongsberg kommune	Postboks 115	3602	KONGSBERG
Kongsvinger kommune	Postmottak	2226	KONGSVINGER
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Kristiansand kommune	Postboks 4	4685	NODELAND
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Krødsherad kommune	Kommunehuset	3536	NORESUND
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinesdal kommune	Nesgata 11	4480	KVINESDAL
Kvinnherad kommune	Rådhuset	5470	ROSENDAL
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITeseID
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	KVITSØY
Kvæfjord kommune	Bygdeveien 26	9475	BORKENES
Kvænangen kommune	Burfjord	9161	BURFJORD
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Lebesby kommune	Postboks 38	9790	KJØLLEFJORD
Leirfjord kommune	Kommunehuset	8890	LEIRFJORD
Leka kommune	Lekatun	7994	LEKA
Lesja kommune	Postboks 53	2665	LESJA
Levanger kommune	Postboks 130	7601	LEVANGER
Lier kommune	Postboks 205	3401	LIER
Lierne kommune	Heggvollveien 6	7882	NORDLI
Lillehammer kommune	Postboks 986	2626	LILLEHAMMER
Lillesand kommune	Postboks 23	4791	LILLESAND
Lillestrøm kommune	Postboks 313	2001	LILLESTRØM
Lindesnes kommune	Nordre Heddeland 26	4534	MARNARDAL
Loabák - Lavangen kommune	Nesveien 7	9357	TENNEVOLL

Lom kommune	Sognefjellsveien 6	2686	LOM
Loppa kommune	Parkveien 1-3	9550	ØKSFJORD
Lund kommune	Moiveien 9	4460	MOI
Lunner kommune	Sandsvegen 1	2740	ROA
Lurøy kommune	Onøyveien 14	8766	LURØY
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lyngdal kommune	Postboks 353	4577	LYNGDAL
Lyngen kommune	Strandveien 24	9060	LYNGSEIDET
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Lødingen kommune	Postboks 83	8411	LØDINGEN
Lørenskog kommune	Postboks 304	1471	LØRENSKOG
Løten kommune	Postboks 113	2341	LØTEN
Malvik kommune	Postboks 140	7551	HOMMELVIK
Marker kommune	Postboks 114	1871	ØRJE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Melhus kommune	Rådhuset	7224	MELHUS
Meløy kommune	Gammelveien 5	8150	ØRNES
Meråker kommune	Rådhuset	7530	MERÅKER
Midtre Gauldal kommune	Rådhuset	7290	STØREN
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Modalen kommune	Postboks 44	5732	MODALEN
Modum kommune	Postboks 38	3371	VIKERSUND
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Moskenes kommune	Rådhuset	8390	REINE
Moss kommune	Postboks 175	1501	MOSS
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Målselv kommune	Kommunehuset	9321	MOEN
Måsøy kommune	Torget 1	9690	HAVØYSUND
Namsos kommune	Stavarvegen 2	7856	JØA
Namsskogan kommune	R. C. Hansens vei 2	7890	NAMSSKOGAN
Nannestad kommune	Teiealleen 31	2030	NANNESTAD
Narvik kommune	Postboks 64	8512	NARVIK
Nes kommune	Postboks 114	2151	ÅRNES
Nesbyen kommune	Rukkedalsvegen 46	3540	NESBYEN
Nesna kommune	Movegen 24	8700	NESNA
Nesodden kommune	Postboks 123	1451	NESODDTANGEN

Nissedal kommune	Kommunehuset, Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Nittedal kommune	Postboks 63	1483	HAGAN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Nord-Aurdal kommune	Postboks 143	2901	FAGERNES
Nord-Fron kommune	Nedregate 50	2640	VINSTRÅ
Nordkapp kommune	Postboks 403	9751	HONNINGSVÅG
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Nord-Odal kommune	Herredsveien 2	2120	SAGSTUA
Nordre Follo kommune	Postboks 3010	1402	SKI
Nordre Land kommune	Postboks 173	2882	DOKKA
Nordreisa kommune	Postboks 174	9156	STORSLETT
Nore og Uvdal kommune	Sentrum 16	3630	RØDBERG
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Nærøysund kommune	Postboks 133, Sentrum	7901	RØRVIK
Oppdal kommune	Inge Krokanns vei 2	7340	OPPDAL
Orkland kommune	Postboks 83	7301	ORKANGER
Os kommune	Rytrøa 14	2550	OS I ØSTERDALEN
Osen kommune	Kommunehuset	7740	STEINSDALEN
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Osterøy kommune	Geitaryggen 8	5282	LONEVÅG
Overhalla kommune	Svalivn. 2	7863	OVERHALLA
Porsanger - Porsáŋgu - Porsanki kommune	Rådhuset, Postboks 400	9712	LAKSELV
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Rakkestad kommune	Postboks 264	1891	RAKKESTAD
Rana kommune	Postboks 173	8601	MO I RANA
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	RANDABERG
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Rendalen kommune	Hanestadveien 1	2485	RENDALEN
Rennebu kommune	Kommunehuset	7391	RENNEBU
Rindal kommune	Rindalsvegen 17	6657	RINDAL
Ringebu kommune	Hanstadgata 4	2630	RINGEBU
Ringerike kommune	Pb 123 Sentrum	3502	HØNEFOSS

Ringsaker kommune	Postboks 13	2381	BRUMUNDDAL
Risør kommune	Postboks 158	4952	RISØR
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	STAVANGER
Rollag kommune	Sentrum		
Rollag kommune	Vrågåvegen 10	3626	ROLLAG
Rælingen kommune	Postboks 100	2025	FJERDINGBY
Rødøy kommune	Rødøy rådhus	8185	VÅGAHOLMEN
Røros kommune	Bergmannsgata 23	7374	RØROS
Røst kommune	Rådhuset	8064	RØST
Råde kommune	Skråtorpveien 2 A	1640	RÅDE
Raarvihke - Røyrvik kommune	Kommunehuset	7898	LIMINGEN
Salangen kommune	Postboks 77	9355	SJØVEGAN
Saltdal kommune	Kirkegata 23	8250	ROGNAN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Sandnes kommune	Postboks 583	4302	SANDNES
Sarpsborg kommune	Postboks 237	1702	SARPSBORG
Sauda kommune	Postboks 44	4201	SAUDA
Sel kommune	Botten Hansens gt 9	2670	OTTA
Selbu kommune	Gjelbakken 15	7580	SELBU
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Senja kommune	Pb. 602	9306	FINNSNES
Sigdal kommune	Borgestubakken 2	3350	PRESTFOSS
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Sirdal kommune	Tonstadvegen 28, Rådhuset	4440	TONSTAD
Skaun kommune	Postboks 74	7358	BØRSA
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Skiptvet kommune	Postboks 115	1806	SKIPTVET
Skjervøy kommune	Postboks 145	9189	SKJERVØY
Skjåk kommune	Moavegen 30	2690	SKJÅK
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Snåasen tjjelte - Snåsa kommune	Sørsivegen 6	7760	SNÅSA
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	HAUGE I DALANE
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Sortland kommune	Postboks 117	8401	SORTLAND

Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stange kommune	Postboks 214	2336	STANGE
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	STAVANGER
Steigen kommune	Leinesfjord	8283	LEINESFJORD
Steinkjer kommune	Postboks 2530	7729	STEINKJER
Stjørdal kommune	Postboks 133	7501	STJØRDAL
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stor-Elvdal kommune	Postboks 85	2481	KOPPANG
Storfjord - Omasvuotna - Omasvuono kommune	Oldersletta 1	9046	OTEREN
Strand kommune	Postboks 115	4126	JØRPELAND
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	SAND
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sømna kommune	Kystveien 84 A	8920	SØMNA
Søndre Land kommune	Hovsbakken 1	2860	HOV
Sør-Aurdal kommune	Tingvollbakkin 15	2930	BAGN
Sørfold kommune	Rådhuset	8226	STRAUMEN
Sør-Fron kommune	Kommunevegen 1	2647	SØR-FRON
Sør-Odal kommune	Øgardsvegen 2	2100	SKARNES
Sørreisa kommune	Storveien 20	9310	SØRREISA
Sør-Varanger kommune	Postboks 406	9915	KIRKENES
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Time kommune	Postboks 38	4349	BRYNE
Tingvoll kommune	Kommunehuset	6630	TINGVOLL
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Tjeldsund kommune	Postboks 240	9439	EVENSKJER
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Tolga kommune	Brugata 38	2540	TOLGA
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ

Tromsø kommune	Postboks 6900	9299	TROMSØ
Trondheim	Postboks 2300	7004	TRONDHEIM
kommune	Torgarden		
Trysil kommune	Postboks 200	2421	TRYSIL
Træna kommune	Postboks 86	8770	TRÆNA
Trøndelag	Postboks 2560	7735	STEINKJER
fylkeskommune			
Tvedestrand	Postboks 38	4901	TVEDESTRAND
kommune			
Tydal kommune	Tydalsvegen 125	7590	TYDAL
Tynset kommune	Torvgata 1	2500	TYNSET
Tysnes kommune	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	AKSDAL
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Ullensaker	Postboks 470	2051	JESSHEIM
kommune			
Ullensvang	Opheimsgata 31	5750	ODDA
kommune			
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Unjárga - Nesseby	Rådhuset	9840	VARANGERBOTN
kommune			
Utsira kommune	Postboks 63	5547	UTSIRA
Vadsø kommune	Postboks 614	9811	VADSØ
Vaksdal kommune	Konsul Jebsens gate 16	5722	DALEKVAM
Valle kommune	Postboks 4	4747	VALLE
Vang kommune	Tyinvegen 5161	2975	VANG I VALDRES
Vanylven kommune	Rådhusveien 1	6143	FISKÅ
Vardø kommune	Kirkegata 5	9950	VARDØ
Vefsn kommune	Postboks 560	8651	MOSJØEN
Vega kommune	Rørøyveien 10	8980	VEGA
Vegårshei kommune	Molandsveien 11	4985	VEGÅRSHEI
Vennesla kommune	Postboks 25	4701	VENNESLA
Verdal kommune	Postboks 24	7651	VERDAL
Vestby kommune	Postboks 144	1541	VESTBY
Vestfold	Postboks 1213	3105	TØNSBERG
fylkeskommune	Trudvang		
Vestland	Postboks 7900	5020	BERGEN
fylkeskommune			
Vestnes kommune	Rådhuset, Brugata 10	6390	VESTNES
Vestre Slidre	Slidrevegen 16	2966	SLIDRE
kommune			

Vestre Toten kommune	Postboks 84	2831	RAUFOSS
Vestvågøy kommune	Postboks 203	8376	LEKNES
Vevelstad kommune	Forvikveien 118	8976	VEVELSTAD
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Værøy kommune	Sørland 33	8063	VÆRØY
Vågan kommune	Rådhuset	8305	SVOLVÆR
Vågå kommune	Edvard Storms veg 2	2680	VÅGÅ
Våler kommune	Vålgutua 251	2436	VÅLER I SOLØR
Våler kommune	Kjosveien 1	1592	VÅLER I ØSTFOLD
Øksnes kommune	Storgata 27	8430	MYRE
Ørland kommune	Alf Nebbs gate 2	7160	BJUGN
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Østre Toten kommune	Postboks 24	2851	LENA
Øvre Eiker kommune	Postboks 76	3301	HOKKSUND
Øyer kommune	Postboks 4	2637	ØYER
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Øystre Slidre kommune	Bygdinvegen 1989	2940	HEGGENES
Åfjord kommune	Postboks 54	7169	ÅFJORD
Ål kommune	Torget 1	3570	ÅL
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Åmli kommune	Gata 5	4865	ÅMLI
Åmot kommune	Rådhuset, Torget 1	2450	RENA
Årdal kommune	Statsråd Evensens veg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Ås kommune	Postboks 195	1431	ÅS
Åseral kommune	Gardsvegen 68	4540	ÅSERAL
Åsnes kommune	Rådhusgata 1	2270	FLISA

ÅRSMELDING

Stiftinga Kriesenteret i Sogn og Fjordane

2025



Kriesenteret
i Sogn og Fjordane

kriesenteret.sf.no



INNHALD

4	Styreleiar har ordet
6	<i>Kapittel 1.</i> Krisesenteret i Sogn og Fjordane sitt tilbod
10	<i>Kapittel 2.</i> Overgangsbustader
11	<i>Kapittel 3.</i> Lokalitetar og tryggingstiltak
12	<i>Kapittel 4.</i> Nøkkeltal for 2025
14	<i>Kapittel 5.</i> Organisasjon
17	<i>Kapittel 6.</i> Økonomi, drift, rekneskap og revisjon
19	<i>Kapittel 7.</i> Dagleg leiar sine betraktningar for 2025 og vegen vidare
20	<i>Kapittel 8.</i> Krisesentertilbodet sitt formål
22	<i>Kapittel 9.</i> Vedlegg



Styreleiar har ordet

Det er med stoltheit og vemod at eg takkar for meg etter eit meningsfullt styrearbeid for Kriesesenteret i Sogn og Fjordane gjennom 24 år. I desse åra har det vore ei rivande utvikling i kriesesentertilbodet til barn og vaksne i heile landet, særskilt etter at kriesesenterlova blei vedteken i 2009. Alle kommunar er no pålagt å gje eit godt kriesesentertilbod til innbyggjarane sine. Kriteria for eit «godt tilbod» er spesifisert i lova, og Kriesesenteret i Sogn og Fjordane har vore førebiletleg i oppfylginga av denne. I tillegg til offentlege midlar har vi vore så heldige å få gåver og midlar frå enkeltpersonar, organisasjonar og bedrifter, og vi er verkeleg takksame for dette. Det har hjelpt til med at vi har gått på vegar mot tydelege definerte mål, samstundes som vi har bevart evna til å sjå blomane langs vegen når vi går.

Arbeidet i styret har opna dører for meg til ei verd eg mest ikkje kunne tru eksisterte. At det finnast så mykje vondskap i familiar der kjærleiken skulle vere den førande krafta, er uhyre trist, og vi har undra oss lenge over kvifor omfanget av denne kriminaliteten ikkje blir redusert når det blir kjent kva som skjer. Men valden mot kvinner blomstrar som aldri før, og som vanleg «by the hands of men» (WHO). I 2025 fylte Kriesesenteret i Sogn og Fjordane 40 år. Vi markerte det stort, med ein fagkonferanse for full sal, der engasjerte og kunnskapsrike førelesarar med erfarings- og formalkompetanse gav eit konkret og gripande bilete av korleis vald i nære relasjonar arta seg i praksis for både den valdsutsette og samfunnet. I ettertid har deltakarar på konferansen etterlyst meir kunnskap om dette temaet. Mange var ikkje klar over kva «vald» innebar, og har spurt korleis dette kan gå føre seg i 2025 utan å bli avslørt.

Seinare las eg med stor interesse artikkelen til sjukepleiar og kulturhistorikar Liv Bjørnhaug Johansen i Klassekampen 6. februar 2026. Ho minna om at Norge i 2017 ratifiserte Istanbul-konvensjonen. Dette er Europarådet sin konvensjon for nedkjemping av partner-vald og vald mot kvinner. Tilstandsrapporten er ført i pennen av JURK, Kriesesentersekretariatet og Sanitetskvinnene, med innspel og tilslutning frå 33 organisasjonar. Rapporten synleggjer gapet mellom politikk og realitet. Til tross for at regjeringa år etter år omtalar vald og overgrep som prioriterte områder, og viser til opptrappingsplanar og igangsette tiltak, er tilbagemeldinga frå sivilsamfunnet at samfunnet sviktar dei utsette, samtidig som valden aukar.



Skuggerapporten peikar på at hjelpetilbodet for valdsutsette vert opplevd som fragmentert, personavhengig, og med uakseptable store regionale variasjonar. Johansen illustrerer vidare nedbygginga ved å minne om at i 2010 var det 51 kriesesenter i Norge. I dag er det 41!


Rapporten viser også ein altfor låg kompetanse i kommunane på kommunikasjon med barn, som kan avdekke valden. Også førebyggjande arbeid, rehabilitering og hjelp til reetablering etter opphaldet på kriesesentera blir det gjort lite av, på tross av kravet om handlingsplanar. Johansen peikar på at hjelpeapparatet blir svekka når øymerka midlar til organisasjonar, som skal sikre hjelpeliner, rådgiving og oppfølging, blir stroke eller redusert, og at kriesesenter vert «svelta ut i tronge kommunebudsjett». Mange valdsoffer blir også buande for lenge på kriesesenteret fordi det ikkje finnast eit operativt mottaksapparat i den andre enden. Stiftinga

Krisesenteret i Sogn og Fjordane har kjent på ansvaret for å imøtegå problema, og har avlasta kommunar med å bygge eigne overgangsbustadar for reetablering i ein periode etter krisesenteropphaldet.

Gjennom mange år har vi etterlyst fokus på valdsutøvar for å kome vidare i kampen mot vald mot kvinner og barn. Justisminister Astri Aas-Hansen avslutta i sommar eit innlegg i høve innføring av samtykkelova, med at «*Jeg synes det er så underlig at alle de gangene vi diskuterer seksualforbrytelser, forsvinner gjerningspersonene ut av diskusjonene*». Vi treng no at nokon vågar å henge bjølla på katten og peike på det maskuline som sjølv drivkrafta til valden, slik WHO gjer! Mangel på konkretisering som etterlet bilete på netthinna, er farleg strategi. For kva handlar vald om? Kven er ansvarleg? Kva er konsekvensane? Det kjennes ubehageleg å måtte konkretisere kjønna valdshandlingar. Men siste året har vi fått mediehjelp som kan sette på eit lys som kan få trolla til å sprekke. Gjennom mediedekninga av Jeffrey Epstein sitt skrekk-kabinett, og minutt for minutt beskrivingane frå både valdsutøvar og offer i Høiby-saka, går det med gru opp for mange at den valden som så sakleg blir omtala i offentlege årsrapportar og varslar år etter år, handlar om betydeleg meir enn ein kranjel heime. Og valden som kjem til overflata er verken sensasjonell eller oppsiktsvekkande – den er faktisk heilt vanleg og livsfarleg!

Eg takkar med dette for ei meningsfull, lærerik og spennande tid i eit styre som viser ansvar og handlekraft for kvalitet og tryggleik for valdsutsette i fylket vårt, og for det gode samarbeidet med kommunar, bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar. Og ikkje minst, takk til kvalifiserte og modige tilsette med varme hjarte og kalde hjernar! At Krisesenteret i Sogn og Fjordane er organisert som ei stifting, og er tufta på eigne vedtekter og stiftingslova, har styrka meg i forståinga av at ein ikkje skal la seg lure til å tru på det magiske ved politiske og teoretiske analyser som ikkje speglar sjølv sivilsamfunnet. Ein ung engelsk autistisk gut med store utfordringar, men med ein abnorm kompetanse på detaljar og teikneferdigheiter og tru på framtida, fekk ein gang spørsmålet «Korleis får du til alt dette? Kva råd vil du gje til andre som kjempar for å nå store mål?» Han svara sjølvikkert med eit stort smil:

“Do the best you can and never stop!” (Stephen Wiltshire)



Siv Førde,
Styreleiar i Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane



1. Krisesenteret i Sogn og Fjordane sitt tilbud

Krisesenteret er eit tilbod til menneske som er utsett for vald i nære relasjonar. Det er eit lågterskeltilbod, som alltid er opent. Barn er eigne brukarar, men må være saman med føresett. All bistand er gratis, og Krisesenteret i Sogn og Fjordane tilbyr følgande:

- Telefonvakt.
- Dagtilbod.
- Butilbod.
- Kartlegging av situasjonen til bebuarar og dagbrukarar (også ved telefonkontakt) med mellom anna vurdering av trusselbildet og tryggleik, støttesamtalar, informasjon og råd.
- Individuelt tilpassa bistand.
- Bistand til å kontakte andre offentlege hjelpeinstansar.
- Oppfølging i reetableringsfasa.
- Rådgiving frå advokatar som er knytt til krisesenteret si rettshjelpsordning.
- Eige team som jobbar direkte med tiltak til barna.
- Tilbod i grupper, både foreldrerettleiing, meistrings- og stabiliseringsgrupper.
- Informasjon, opplæring og undervisning om vald i nære relasjonar til andre hjelpeinstansar, skular og liknande, kontakt med media.



Butilbodet

Krisesenteret har særleg kompetanse om vald i nære relasjonar og konsekvensar av å leve med dette. Alle tilsette har kunnskap og kompetanse knytt til traume og korleis gi traumebevisst oppfølging. Butilbodet er eit midlertidig beskytta tilbod til vaksne og barna deira. Eit opphald på krisesenteret inneberer at ein får eit eige rom med bad, og tek del i eit bufellesskap med felles kjøkken og stover. Krisesenteret har òg ei leilegheit der ein ikkje treng dele fellesareal. Saman med bebuaren vert det etter innkomst utført kartlegging av situasjonen, og tiltak vert sett i verk så snart som mogleg. Tilbodet vert individuelt tilpassa. Målsettinga er at opphaldet ikkje skal vare lenger enn 3 månader. Nokre bur likevel på senteret lenger, grunna stort behov for vern og tryggleik.

Dagtilbodet

Krisesenteret tilbyr dagoppfølging av brukarar som treng bistand, men ikkje har behov for å bu på senteret, eller er i reetableringsfasen. Vi tilbyr støttesamtalar, informasjon om rettar, praktisk hjelp, kontakt med andre hjelpetilbod, råd og rettleiing, advokatbistand. Krisesenteret kan òg reise til kommunen der dagbrukarar oppheld seg for å møtast, eller ha samtale over telefon eller Teams.

Likeverdige tenester

Alle menneske som er utsett for vald i nære relasjonar har krav på eit likeverdig tilbod, hjelp og beskyttelse.

Tilbodet er tilpassa brukarar med funksjonsvariasjonar. Avhengigheit til andre menneske aukar sårbarheita for vald og overgrep, dette inkluderer grove overgrep i form av å bli nekta hjelpemiddel, mat, medisinar og naudsynthe helsetenester. Mange har låg inntekt og svak økonomi, og kan i tillegg vere redde for å miste sitt sosiale nettverk. Krisesentertilbodet samarbeider med omsorgstenesta i kommunane.

Menneske med annan etnisk bakgrunn treng ofte meir oppfølging under opphald på senteret og etter reetablering. Mangel på familie og nettverk, språkproblem, lite kunnskap om det norske samfunnet og korleis hjelpeordningar fungerer, er nokre av årsakene til dette.

Krisesenteret nyttar autorisert tolk i individuelt oppfølgingsarbeid. Bufellesskapet vert organisert og planlagt med takhøgde for ulike behov i høve mat, tradisjonar og liknande.

Menneske med psykiske lidingar og vanskar knytt til rusbruk har rett til eit krisesentertilbod. Frekvensen av vald er høg blant menneske i desse gruppene. Krisesentera skal ha eit skjerma butilbod til valdsutsette med utfordrande rus eller sjukdomsrelatert åtferd. I dag er lokalitetane slik at Krisesenteret i Sogn og Fjordane ikkje i alle tilfelle kan gje eit skjerma butilbod til denne gruppa. Det vert vurdert i kvart enkelt høve, og om ein ikkje klarer det vert andre moglegheiter kartlagt. Kommunen kan mellom anna skaffe bustad, og krisesenteret kan yte hjelp og støtte i høve valdsproblematikken. Eit godt samarbeid med andre instansar er heilt avgjerande for å kunne gje eit likeverdig og godt tilbod.

Barna og barnefagleg arbeid på krisesenter

Barnefagleg team har ansvaret for å planlegge målretta oppfølging av barna på senteret. Barn som er utsette for vald i nære relasjonar er sjølvstendige brukarar, og har eigne rettigheter som skal ivaretakast. Barnefagleg ansvarleg planlegger kartlegging, risikovurdering og utarbeider tryggleiksplan for barna i samarbeid med teamet. Barna skal få informasjon, fortelje om sin eigen situasjon, og få svar på spørsmåla sine. Det er viktig for barna at dei får ei forklaring og forståing for kva som skjer undervegs, og at denne informasjonen er alderstilpassa. Dei tilsette har stort fokus på å trygge barna og syte for at dei blir sett, høyrte og teke vare på.

Krisesenteret samarbeider med skule, barnehage og hjelpeapparatet elles etter behov. Tiltak i høve barna skjer alltid i samråd med den føresette som dei kjem til senteret saman med. Barnefagleg team utarbeidar aktivitetsplanar, og legg til rette for kjekke og gode aktivitetar under opphaldet. Så langt det er mogleg legg krisesenteret til rette for at barna kan halde fram med sine vanlege aktivitetar. Under opphald som varer lenger enn 1-2 veker kan barna gå på skule i Florø. Når det er kortare opphald, og familien skal tilbake til heimkommunen, går dei ikkje på skule, men det vert lagt til rette for skulearbeid i samråd med heimkommunen. Alle tilsette får barnefagleg rettleiing, og har kunnskap og innsikt i korleis vald i familien påverkar barna.



Gruppetilbod

Fleire av dei tilsette på krisesenteret er utdanna i *International Child Development Programme* (ICDP), og krisesenteret har tidlegare år hatt fleire grupper med foreldrerettleiing.

Hausten 2024 følgde tilsette RVTS Vest sitt kompetanseprogram slik at vi kan tilby meistrings- og stabiliseringsgrupper for menneske med traumesymptom. Fokuset med kurset er å formidle kunnskap som kan vere nyttig for å forstå eigne reaksjonar og å lære øvingar som kan bidra til å handtere dette. Kursa går over 20 veker, og vi brukar Modum Bad sin manual i kurset (Tilbake til Nåtid, en manual for håndtering av traumereaksjoner, Traumepoliklinikken Modum Bad, 2014). I 2025 gjennomførte vi kurs og opplevde stor nytte med slike kurs.

Aktivitatar på Krisesenteret

Det har vist seg ekstra viktig med aktivitatar som opplevast som kjekke og positive. Dette gir kvardagar med meningsfullt innhald og kan gi familiane gode minner saman. Vi brukar dei tilboda vi har lokalt flittig, til dømes Soldalen besøksgard, og ulike fritidsaktivitatar som handball- og fotballgruppa. Vi samarbeider også med Frivillighetssentralen.

Krisesenteret har motteke midlar frå Gjensidigestiftinga til sommar- og juleaksjonen. Vi har óg motteke gåver frå privatpersonar, lag og organisasjonar. Dette har bidrege til at vi har kjøpt inn utstyr og gåver, for å legge betre til rette for positive og hyggelege tiltak for barn og unge. Vi har gått på kino, teater, hatt juleverkstad, badeturar, hyggelege bursdags- og julefeiringar, bingo, formingsaktivitet og turar i nærområdet. Årskort i symjehallen og på treningssenter kan alle bebuarar nytte gratis. I tillegg har senteret motteke midlar frå Sparebankstiftinga DNB til å utbetre fasilitetane for barn.

Rettshjelpstilbod


I 2025 fekk ikkje krisesenteret tilskot gjennom Statens Sivilrettsforvaltning til rettshjelpstiltak. Ordninga med juridisk rådgiving er viktig for brukarane. Derfor har Krisesenteret noko tilbod for offer for vald i nære relasjonar, med advokathjelp til rådgiving i saker, som i hovudsak omhandla barnefordeling, bu-oppgjer, opphald i Norge, valdsoffererstatning og strafferett.



2. Overgangsbustader

Krisesenteret har sidan hausten 2019 hatt 9 overgangsbustader som kan nyttast av menneske i ei reetableringsfase etter opphald på krisesenter. Etter ny krisesenterlov, som vart gjort gyldig i starten av 2026, er det ei kommunal plikt å ha tverrfagleg innsats i reetableringsfasen.

Satsinga på overgangsbustadar er i samsvar med nasjonale føringar for bustadsosialt arbeid 'Alle trenger et trygt hjem, Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2022-2024)'. Føremålet med overgangsbustadane er å gje brukarar ein trygg heim i ein overgangsperiode når dei skal etablere livet sitt på nytt.



3. Lokaltetar og tryggingstiltak

Krisesenteret har universell utforming og er eit funksjonelt bygg både for bebuarar og personalet. Huset har 7 rom med totalt 18 sengeplassar. Krisesenteret sitt tilbod til menn er lokalisert i leilegheit med eigen inngang.

Krisesenteret har god fysisk sikring med tryggleikstiltak som:

- Videoovervaking.
- Tilkomstkontroll.
- Skalsikring.
- Inngjerding som skjermar mot innsyn.
- Oversiktleg, men skjerma uteområde for barn.
- Rørslesensorar.
- Tryggleiksalarm.
- Brannvarslingssystem.

Det er utarbeidd interne rutinar og prosedyrar i høve tryggleik, med sjekklistar for jamleg kontroll. Alle tilsette får opplæring i tryggleiksrutinar.




4. Nøkkeltal for 2025

Bebuarar

I perioden 2011 t.o.m. 2025 har det budd 1 374 personar på Kriesenteret i til saman 45 471 døgn, fordelt på 676 kvinner, 40 menn og 658 barn.

- 82 personar hadde opphald på Kriesenteret i Sogn og Fjordane i 2025.
- Av dei 39 kvinner, 39 barn og 4 menn i alderen 0 til 86 år.
- Dei budde på senteret i til saman 2 182 døgn.
- 74 % av dei vaksne bebruarane hadde sitt første opphald på eit kriesenter. 92 % av barna hadde sitt første opphald på kriesenter.
- 67,5 % av bebruarane og 50 % av valdsutøvarane i 2025 hadde foreldre som var født i andre land enn Norge.
- 5 % av bebruarane var ikkje knytt til ein av samarbeidskommunane.
- Om lag 39 % av brukarane i 2025 kom til kriesenteret gjennom det offentlege hjelpeapparatet.
- 98 % av valdsutøvarane var menn.
- 83 % fortel at dei kjem til kriesenteret grunna vald frå ektefelle/ sambuar/kjærast eller eks.
- 93 % rapporterer om psykisk vald, 65 % fysisk vald, 22 % seksuell vald, 22 % truslar om drap eller skade, 24 % negativ sosial kontroll og 10 % æresrelatert vald.
- 64 % melder om at vald har pågått i 5 år eller meir.
- 43 % av forholda vart meldt til politiet.
- 21 % er ilagt kontakt- og besøksforbod.

Utvikling	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Bebuarar kvinner	44	48	30	33	35	39	39
Bebuarar menn	3	2	3	1	2	2	4
Bebuarar barn	41	43	42	50	33	57	39
Bebuarar totalt	88	93	75	84	70	98	82
Tal døgn	3 812	1 991	1 568	3 966	2 555	1 698	2 182
Dagsbesøk/ einesamtale på telefon	471	918	697	519	526	415	406



Gjennomsnitt overnattingsdøgn i 2025

Kvinner: 22 døgn

Menn: 9 døgn

Barn: 33 døgn


Dagsbesøk fra 2011 til og med 2025

Kvinner: 6 245

Menn: 256


menn kvinner barn

TAL DØGN



menn Kvinner

DAGSBESØK



5. Organisasjon

Styret for Stiftinga har eit sterkt engasjement for organisasjonen og krisesenteret sitt arbeid, og har representantar med brei og solid kompetanse. Styremedlemmar vert vald for 2 år om gongen. Leiar og nestleiar vert vald av styret for 1 år om gongen. Styret hadde sju møter i 2025.

Styreleiar	Siv Førde Refsnes	Florø	Pensjonert førstelektor i helsefag ved HVL
Nestleiar	Ninja Tolo Ness	Florø	HR-leiar
Styremedlem	Doris Christensen	Florø	Klinisk pedagog
Styremedlem	Inger Beth Fosse	Førde	Advokat
Styremedlem, Tilsettrepresentant	Kristin Orre	Florø	Førskulelærer
Første varamedlem	Emma Bjørnsen	Førde	Sosiolog
Andre varamedlem	Solveig Willis	Florø	Tilsett på Svanøy Havbruk
Vara for tilsettrepresentant	Anneke Alberts	Florø	Miljøterapeut

Krisesentersekretariatet

I 2025 hadde Krisesentersekretariatet 17 krisesenter som medlem. Sekretariatet arbeider samfunnspolitisk og fagleg i høve menneske som er utsett for vald i nære relasjonar. Som medlem i Krisesentersekretariatet har vi eit bindeledd mellom vårt og andre krisesenter, offentleg mynde, politiske organ, kvinneorganisasjonar, forskingsmiljø, studentar og samfunnet elles. Krisesentersekretariatet har eit aktivt fagetisk råd som bidreg til å sikre høg etisk bevisstheit blant medlemmane i organisasjonen. Dagleg leiar for Krisesenteret i Sogn og Fjordane har funksjon som varamedlem i sekretariatet sitt styre.

Samarbeidsutvalet

For at kommunane skal ha fortløpande kunnskap om korleis senteret oppfyller krava til krisesenterlova, oppretta KS avdeling Sogn og Fjordane i 2012 eit samarbeidsutval og valde representantar frå det interkommunale samarbeidet i høve krisesentertenester i regionen. Utvalet har to møter årleg. Dagleg leiar på krisesenteret har møte og uttalerett i samarbeidsutvalet, og har rapportert og informert om drifta på senteret etter avtale med vertskommunen.

Samarbeidsutvalet hadde fylgjande medlemmar i 2025:	
Norunn Stavø, Kinn kommune	Randi Ytrehus, Bremanger kommune
Kurt Even Andersen, Sunnfjord kommune	Kjersti Valvik, HAFS
Marianne Valdum, Lærdal kommune	

Tilsette

I 2025 hadde Kriesesenteret i Sogn og Fjordane 9,7 årsverk fordelt på 12 tilsette. Alle tilsette med unntak av dagleg leiar, fagansvarleg og barnefagleg ansvarleg har 3-delt turnus. Kriesesenteret har overeinskomst med Fagforbundet og Utdanningsforbundet.

Dei tilsette har særleg kompetanse om vald i nære relasjonar og traume, og er i stand til å ta vare på dei særskilte behova til brukarane, jamfør krav til kriesesentertilbodet nedfelt i Kriesesenterlova. Dei tilsette på senteret har formell kompetanse, lang erfaring og brei relevant real- og formalkompetanse.

Personalgruppa er tverrfagleg samansett av:

- Barnevernspedagog
- Sjukepleiarar
- Sosionomar
- Førskulelærarar
- Barne- og ungdomsarbeidar
- Helsefag
- Lang realkompetanse frå feltet

Fleire tilsette har óg relevant vidareutdanning i mellom anna psykisk helsearbeid, rus og psykiatri, psykososialt arbeid med barn og unge, sosiologi, utviklingspsykologi hos barn og unge og sosial kompetansetrening, administrasjon og leing. I tillegg har fleire etterutdanningar, mellom anna i ICDP, kriesesenterutdanning i regi av RVTS, COS-p, stabiliseringsgruppe for pasientar med komplekse traumelidingar, risikovurdering SARA og Patriark.

Tieiplikt, plikt til å avverje og opplysningsplikt

Tilsette på Kriesesenteret har tieiplikt og avverjeplikt. Alle som tek kontakt på telefon har rett til å vere anonyme om dei ynskjer det. Personvernet for brukarane på kriesesenteret er avgjerande med tanke på behovet for vern. Kriesesenteret sine tilsette har likevel meldeplikt etter lov om barnevern §6-4, 4. ledd. Som tenesteytar og offentleg tilsett har ein plikt til å hindre at vald og overgrep skjer. Alle har i fylgje straffelova plikt til å avverje, det vil sei hindre at alvorlege straffbare handlingar skjer.

Fagutvikling

Kriesesenteret har som mål å sikre profesjonalitet og optimal utnytting av disponible ressursar, og legge til rette for fagleg utvikling. Dei tilsette skal ha jamleg rettleiing for å kunne handtere dei spesielle utfordringane som arbeidet på kriesesenteret gir. God kvalitet på tenestene krev god kunnskap om dei ulike målgruppene og kva som trengs for å ivareta deira spesielle behov. Med aukande kompetansekrav og skiftande samfunnstilhøve skal senteret sine tilsette halde seg oppdaterte.

Kurs/utdanning i 2025

Tilsette på kriesesenteret har delteke på ulike konferansar og arenaer, det er viktig at kriesesenteret som kompetansesenter på feltet er oppdatert.

- Den årlege nasjonale Kriesesenterkonferansen i regi av RVTS midt.
- Vertskommune Kinn sin temadag om vald i nære relasjonar.
- Kriesesentersekretariatet sin fagdag.
- Rettleiing for personalgruppa ein gong i månaden.
- todagars personalseminar der vi i år deltok digitalt på septemberkonferansen som er RVTS vest sin årlege konferanse. I 2025 hadde konferansen tema "korleis forstå samanhengen mellom traume og identitet".
- ROSA-konferansen som omhandlar bistand til menneske utsett for menneskehandel.
- Tilsett held fram med vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge.
- Tilsett har starta vidareutdanning i psykisk helse og rus.
- I tillegg deltek vi på relevante webinar og andre tilgjengelege fagkonferansar på nett.



Helse, Miljø og Tryggleik

Krisesenteret har internkontroll i samsvar med lover og forskrifter. Utøving av internkontroll vert gjort i samarbeid med arbeidstakarane, verneombod og tillitsvald. Internkontrollen vert overvaka og gjennomgått jamleg for å sikre at den fungerer i samsvar med målsettinga. Krisesenteret har etablert internkontroll i samsvar med Personopplysningslova § 14. Internkontroll / HMS-arbeidet ved krisesenteret er i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for verksemda. Verksemda har systematisk HMS-arbeid med HMS-aktivitetar og system for avviksregistrering, samt arbeid rundt psykososialt arbeidsmiljø.

Krisesenteret tilfredsstiller alle krav når det gjeld bygnings- og utstyrmessige tilhøve, inneklima, lystilhøve, støy og liknande, ut frå arbeidstakarane si helse, miljø, tryggleik og velferd (§4-4 i Arbeidsmiljølova).

I samsvar med ny personvernlovgiving har Krisesenteret utarbeidd personopplysingserklæring. Denne handlar om korleis vi handsamar personopplysingar på senteret. Erklæringa er publisert på heimesida vår:

krisesenteret.sf.no

6. Økonomi, drift, rekneskap og revisjon 2025

Rekneskap og revisjon

Rekneskapsfirmaet Solvens AS fører rekneskapen for Stiftinga og Vestland Revisjon KO har revisjonen.

Finansiering

Samarbeidskommunane i Sogn og Fjordane finansierer drifta av krisesenteret. Statstilskotet til krisesenterdrift går inn i rammetilskotet til kommunane. Kommunetilskotet for 2025 var på kr 11 348 585 mot kr 10 964 817 for året 2024. Grunnlaget for budsjettauken frå år 2024 til 2025 er kommunal deflator. Summen vart delt på alle samarbeidskommunane etter ein finansieringsmodell basert på demografi og folketal.

Krisesenteret fekk i 2025 fylgjande prosjekttilskot:

- Kr 113.575 frå Gjensidigestiftinga sin sommar og jule/vinter aksjon med aktivitetar for barn og unge.
- Kr 100.000 i tilskot frå Sparebank 1 Sogn og Fjordane og kr 25.000 frå Sparebanken Norge til å arrangere konferansen, «Krisesenteret i Sogn og Fjordane 40 år saman i kampen mot vold i nære relasjonar», i samband med krisesenteret sitt 40-års jubileum i 2025 (tildelt 2024, nytta 2025)
- Kr 78.000 i tilskot frå Virke sitt OU fond til kompetanseutvikling til deltaking for heile personalgruppa på NOK sin årskonferanse i Bergen
- Kr 390.000 frå Sparebankstiftinga DNB til Gøy og Godt - holistisk hverdag. Tilskotet skal fordelast mellom oppgradering av leikeapparat og arbeid ute og inne, utstyr og kurs knytt til sunn og god mat.

Krisesenteret i Sogn og Fjordane fekk i 2025 pengegåver på til saman kr 82.985 frå lag og organisasjonar, bedrifter og privatpersonar. Pengane vert brukte til innkjøp av gåver, leikar, utstyr og aktivitetar. I tillegg har vi motteke gåver i form av leikar, kle, utstyr, møblar, julegodt, julegåver og toalettmapper. Vi vil rette ei stor takk til alle som har gitt gåver til senteret. Det har vore til stor

glede og nytte for både barn og vaksne. Folk i Sogn og Fjordane har i alle år vist eit fantastisk engasjement og givarglede for krisesenteret og brukarane. Omtanke, støtte og solidaritet frå medmenneske betyr mykje når ein er i ein vanskeleg livssituasjon.

Vidare drift

Styret meiner at den framlagde rekneskapen gir eit rettvisebilde av stiftinga si verksemd og at det er riktig å legge føresetnader for vidare drift av krisesenteret til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Stiftinga har ei kontrakt med vertskommunen som gjeld så lenge ingen av partane seier den opp. Det er ei gjensidig oppseiingsfrist på 1 år. Drifta frå år til år har vore på same nivå, med deflatorauke.

Arbeidsmiljø

Verksemda er oppteken av at vi skal ha eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, og får bistand frå Bedriftshelse 1 til å kartlegge dette. Tilsette i verksemda har ikkje vore utsette for skader eller ulykker i samband med arbeidet. Sjukefråveret har vore 9,5 % i 2025.

Likestilling

Verksemda hadde i 2025 12 tilsette, 12 kvinner fordelt på 9,8 årsverk. Styret er samansett av 5 personar, der alle 5 er kvinner. Styret er ikkje kjend med at verksemda driv i strid med vilkåra i likestillingslova.

Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Andre tilhøve

Styret kjenner ikkje til forhold som er viktige for å vurdere Stiftinga si stilling og resultat som ikkje kjem fram av rekneskapen og balansen med notar. Det er heller ikkje på slutten av rekneskapsåret skjedd forhold som etter styret sitt syn er viktig for vurdering av rekneskapen.



Resultat driftsåret 2025:

Driftstilskudd	Kr 11 347 538
Anna driftsinntekt	Kr 1 486 898
Sum driftsinntekt	Kr 12 834 436
Driftskostnader	Kr 11 459 763
Driftsresultat	Kr 1 374 673
Anna renteinntekt	Kr 22 352
Anna rentekostnad	Kr 1 135 863
Resultat av finanspostar	Kr -1 113 511
ÅRSRESULTAT	Kr 261 162

Siv Førde
Styreleiar

Ninja Tolo Ness
Nestleiar

Anja Korneliussen
Dagleg leiar

Inger Beth Fosse
Styremedlem

Doris Christensen
Styremedlem

Kristin Orre
Styremedlem (tilsettere representant)

7 Dagleg leiar sine betraktningar for 2025 og vegen vidare

2025 var for Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane eit jubileumsår. Krisesenteret feira 40 år som ein stad der menneske som har vorte utsett for vald i nære relasjonar kan vende seg for bistand. Vi markerte dette med ein flott konferanse med fagleg dyktige innleiarar. Når vi skulle belyse temaet vald i nære relasjonar var det viktig for krisesenteret å sjå omgrepet i lys av ny forskning og tidsaktuelle tema.

Ei av innleiarane vi opplevde som viktig å invitere til å halde innlegg var Margunn Bjørnholt. Ho haldt foredrag om forskinga si som omhandlar fortsettelsesvald. Dette er eit omgrep som beskriv vald som held fram etter samlivsbrot. I artikkelen *"Forsettelsesvald etter samlivsbrudd – konsekvenser for mødres helse og livskvalitet"* i Tidsskrift for velferdsforskning 27(1): 1-15. (<https://doi.org/10.18261/tfv.27.1.1>) vert det skildra korleis forsettelsesvald, altså vald etter samlivsbrot, påverkar helsa og livskvalitet.

Vald som held fram etter samlivsbrot er eit område som tidlegare har fått meir merksemd i andre land enn i Norge. Studiar viser at mødre som har vorte utsett for vald i parforholdet opplever store byrder i samarbeidet som foreldre etter brot. Samarbeidet kring barna kan i seg sjølv vere belastande, og kontakten gir valdsutøveren moglegheiter for fortsatt vald og kontroll. Samtidig må mødrene ivareta barna under vanskelege tilhøve (Bjørnholt, 2021).

I tillegg til at kontroll og vald held fram, noko som kan ha konsekvensar for både arbeidsliv og helse, er den meir systemfasiliterte fortsettelsesvalden særskild belastande. Møter med hjelpeapparatet som gjer det mødrene har vore utsett for ugyldig blir ei vidareføring av valden. Mange beskriver å bli møtt med mistru, eller at valden ikkje blei gjort relevant i forhold til samværsproblematikk. Fleire opplevde òg at bekymringar knytt til samvær, og den andre parten si omsorgsevne, ikkje vart tatt alvorleg, og at situasjonen kunne bli tolka i hjelpeapparatet og rettsvesenet som ei likeverdig foreldrekonflikt. Nokre opplevde at dei vart tolka som fiendtlege mot eks-partneren og lite samarbeidsvillige. Med omgrepet institusjonelt svik kan ein

belyse korleis foreldre som er utsett for vald i nære relasjonar før samlivsbrot har blitt utsett for negative erfaringar i møte med samfunnets institusjonar. Dette kan følgje eit likt mønster og logikk som valdsutøveren ved å nekte for vald, bidra til motangrep og snu om kven som er offer og kven som har utøvd vald (<https://www.scup.com/doi/10.18261/tfv.27.1.1>).

At menneske som har kjempa seg ut av valdelege relasjonar skal bli utsett for eit slikt institusjonelt svik frå tenestene som i utgangspunktet er der for å bistå foreldre og barn, er særskild viktig å jobbe mot framover, både for å hindre at systemet ikkje legg til rette for at vald kan halde fram, og for å syte for at valdsutsette vaksne og born vert ivareteke slik dei har behov for frå det offentlege.

Anja Korneliussen

Anja Korneliussen
Dagleg leiar



8. Kriesesentertilbodet sitt formål

Formålet til Stiftinga Kriesesenteret i Sogn og Fjordane er å hjelpe menneske som er utsett for psykisk og fysisk vald samt drive haldningsskapande arbeid og informere om vald i nære relasjonar. Stiftinga har eit humanitært føremål der eit eventuelt driftsoverskot skal gå til føremålet. Kriesesenteret i Sogn og Fjordane er medlem av Kriesesentersekretariatet, og arbeider ut i frå felles verdigrunnlag og plattform.

Etter «Lov om kommunale kriesesentertilbod» skal kommunane sikre eit godt og heilskapleg kriesesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Tilbodet skal vere gratis og døgnope og innehalde både telefoneneste, bu- og dagtilbod. Kriesesentera skal samarbeide med andre instansar for at valdsutsette skal få naudsynt hjelp til eit liv utan vald, mellom anna med oppfølging i reetableringsfasa ved behov. Kriesesenteret er eit lågterskeltilbod utan krav om timebestilling eller tilvising. Dei som kjem til senteret skal møtast med respekt, likeverd og forståing. Dei tilsette skal gi råd, rettleiing og hjelp til sjølvhjelp på den valdsutsette sine premisser.

Ideologien og verdigrunnlaget er i tråd med internasjonale konvensjonar og handlingsplanar for menneskerettar. Kommunane er pliktige til å syte for at særskilt sårbare grupper også får eit tilrettelagd kriesesentertilbod.

Kriesesenteret frå oppstart til dagens organisering

Kriesesenteret i Sogn og Fjordane vart opna av Kriesesenterrørsla i 1985. I 2002 vart kriesesenteret organisert som ei stifting. Kriesesentertilbodet vart lovfesta i 2010 gjennom «Lov om kommunale kriesesentertilbod». Kommunane vart ansvarleg for tilbodet, og statstilskotet vart frå 2011 gitt som rammetilskot til kommunane, som vart pålagd å fullfinansiere kriesesentertilbodet. Intensjonen med å lovfeste kriesesentertilbodet var å sikre eit likeverdig og godt fungerande tilbod til alle valdsutsette i heile landet. Kriesesentera er i dag profesjonelle hjelpeinstansar der vern av valdsutsette er ein viktig del av tilbodet.

Tilbodet Kriesesenteret i Sogn og Fjordane gir er i dag organisert som eit interkommunalt samarbeid etter ein administrativ vertskommunemodell (Kommunelova §28). Kinn kommune er vertskommune, og kjøper kriesesentertenestene frå Stiftinga. Samarbeidskommunane kjøper tenestene frå Kinn kommune. Driftstilskotet til Kriesesenteret vert fordelt på kommunane etter folketal og demografi.

Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar handlar om å bli utsett for krenkingar, truslar, kontroll og fysisk vald frå nokon ein har ein nær relasjon til. Dette kan vere ektefelle, sambuar, kjærast, søsken, foreldre, vaksne barn eller andre ein har tillit til eller er glad i.

- **Fysisk vald** er handlingar som skadar deg eller kontrollerer deg, som spark, slag, lugging, biting, kloring, fasthalding, risting, skubbing og kvelartak. Innesperring og isolasjon er også former for fysisk vald.
- **Psykisk vald** er bruk av ord og stemme som truar, skadar, krenker eller kontrollerer deg. Å nedvurdere, vere likegyldig og å audmjuke andre er og eksempel på psykisk vald.
- **Materiell vald** kan vere knusing, øydelegging og kasting av gjenstandar, slag i veggjar og dører og liknande. Dersom dette utøvast av ein person som tidlegare har utøvd fysisk vald er dette svært kontrollerande og skremmande handlingar.
- **Seksuell vald** er alle former for seksuelle krenkingar som kjennast audmjuke og kontrollerande og tvinger deg til å gjere seksuelle handlingar du ikkje ynskjer sjølv. Handlingar som berøring, beføling, slikking, suging, masturbasjon, samleieliknande handlingar, samleie og valdtekt, seksualisert tilsnakk, blotting, fotografering, filming, framvisning av pornografi.

- **Økonomisk vald** er når den eine parten vert nekta å ha kontroll over eigen eller felles økonomi, valdsutøvar kan nekte deg å ha eige minibankkort, ta opp lån i ditt namn og liknande.
- **Latent vald** «ligg i lufta», ei spesiell stemning før eller etter ein valdsepisode. Det kan vere redsel og beredskap ein har for nye valdsepisodar.
- **Oppdragarvald** er fysisk og psykisk straff som ein del av oppdragelsen for å endre åtferda til barn og unge.
- **Digital vald** er truslar og trakassering via meldingar, overvaking og kontroll gjennom sosiale media eller mobiltelefon, stygge meldingar posta på nett, truslar, trakassering og seksuelle overgrep som følgje av kontakt etablert på nett.
- **Strukturell vald** er ein form for vald der sosiale strukturar eller sosiale institusjonar skadar menneske gjennom å forhindre at deira grunnleggande behov vert møtt.
- **Negativ sosial kontroll eller æresrelatert vald** fråtek eller avgrensar ein person sin grunnleggande rett til å bestemme over eige liv og framtid i samsvar med alder og modning.

Målet må vere at alle menneske skal ha eit liv utan vald, og rett til å leve eit fritt og godt liv.



Vedlegg

VEDTEKTER FOR STIFTINGA KRISESENTERET I SOGN OG FJORDANE

§1. Namn

Stiftinga sitt namn er Stiftinga Kriesenteret i Sogn og Fjordane.

§2. Grunnleggar

Grunnleggar av stiftinga er Kriesenterrørsla i Sogn og Fjordane.

§3. Føremål

Stiftinga Kriesenteret i Sogn og Fjordane har som føremål:

- a) Hjelp menneske som har vore utsette for psykisk og fysisk mishandling.
- b) Drive haldningsskapande arbeid ved å synleggjere og skape debatt om den private valden.

Kriesenteret er ein politisk og religiøs nøytral organisasjon. Tilbodet skal vere eit lågterskeltilbod som er ope heile døgnet, og dei som tek kontakt skal vere sikra anonymitet. Tilsette på senteret er medmenneske som gir valdsutsette omsorg og tryggleik. Kriesenteret er ikkje eit behandlingstilbod.

Stiftinga Kriesenteret i Sogn og Fjordane har slutta seg til Kriesenterrørsla og plattformen for denne, vedteken på Landskonferansen i Tromsø i 1982.

Kriesenteret representerer eit tilbod der den valdsutsette sjølv deltek aktivt i arbeidet saman med tilsette.

Kriesenteret sitt tilbod:

- Tryggleik, vern og hjelp av medmenneske som har tid til å lytte.
- Ein stad der ein får tid til å tenke over problema og få ting på avstand.
- Samtalar og informasjon om tilbod innanfor det offentlege og private hjelpeapparatet, og hjelp til å ta kontakt med desse.
- Mellombels butilbod i ein kriesesituasjon.

- Ivareta barna som kjem til senteret.
- Oppfølging av dagbrukarar.
- Oppfølging i reetableringsfasa.
- Telefonvakt /råd/retteleiing på telefon.

§4. Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er verdi av eigedom, kr. 1 800 000.- og innbetalt kapital på konto til stiftinga kr. 200 000.- til saman kr. 2 000 000.-

§5. Drift

Stiftinga sitt overskot skal brukast i samsvar med føremålet for stiftinga jf. §3. Styret skal kontrollere den økonomiske drifta, for å unngå underskot.

Stiftinga svarar for sitt økonomiske ansvar og formue.

§6. Styre

Stiftinga skal leiast av eit styre på minimum 5, maksimum 7 medlemmar. Styret skal bestå av representantar frå ulike sektorar i samfunnet. Kriesenterrørsla i Sogn og Fjordane har rett til å vere representerte med 1 styremedlem når styret har 5 medlemmar, og 2 medlemmar når styret har 7 medlemmar. Det skal veljast 2 varamedlemmer der den eine er frå Kriesenterrørsla.

Medlemmene i styret vert valde for 2 år av gongen. Styret vel sjølv leiar, nestleiar og eventuelt medlemmar til andre verv. Leiar og nestleiar vert valde for 1 år om gongen og kan attveljast.

Styret oppnemner ei valnemnd, ref. §7, 2, som fremjar forslag til nye styremedlemmar.

Styret sender skriftleg melding til valnemnda seinast 2 månader før det endelege valet.

Styret gjer det endelege valet innan mars etter framlegg frå valnemnda

For å sikre kontinuitet vel ein på ein slik måte at ikkje meir enn halve styret vert skifta ut om gongen.

§7. Valnemnd

Valnemnda som styret oppnemner skal bestå av 3 personar. Krisesenterrørsla har rett til å vere representert med eit medlem. Valnemnda vert vald for 1 år om gongen.

§8. Styremøte

Leiar for styret kallar inn til styremøte og leier møta. Det vert innkalla til styremøte når dagleg drift tilseier det, eller når minst ein tredjedel av medlemmane ber om det. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmane er til stades.

Det vert ført protokoll frå styremøta og medlemmane skriv under protokollen. Vedtak i styret vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved lik røyst har leiar i styret dobbelrøyst.

Innkalling og referat skal sendast styret og vararepresentantar.

§9. Dagleg leiar

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane skal ha ein dagleg leiar som er tilsett av styret. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av stiftinga si verksemd, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som vert gitt av styret. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som er av uvanleg art eller er viktige for stiftinga.

Dagleg leiar skal syte for at stiftinga sine rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein forsvarleg måte.

§10. Omdanningskompetanse

Styret har kompetanse til å endre vedtekter og til å vedta oppheving. Vedtak om endring av vedtekter, oppløysing og andre vesentlege endringar krev 2/3 fleirtal. Slike vedtak kan berre fattast dersom 2/3 av styremedlemmane er til stades. Oppløysing av stiftinga krev 2/3 fleirtal i to påfølgjande styremøte.

Vedtak i Styret skal godkjennast av Stiftingstilsynet. Elles vert det vist til gjeldande stiftingslov.



Resultatregnskap

– stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2025	2024
Driftstilskudd		11 347 538	10 964 820
Annen driftsinntekt	1	1 486 898	1 941 981
Sum driftsinntekter		12 834 436	12 906 801

Lønnskostnad	2	8 575 711	8 568 469
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	563 400	574 300
Annen driftskostnad	2, 3	2 320 653	2 525 978
Sum driftskostnader		11 459 763	11 668 747

DRIFTSRESULTAT		1 374 673	1 238 054
-----------------------	--	------------------	------------------

Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		22 352	28 321
Annen rentekostnad		1 135 863	1 005 256
Annen finanskostnad		0	0
Resultat av finansposter		-1 113 511	-976 935

Resultat		261 162	261 119
ÅRSRESULTAT		261 162	261 119

Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		261 162	261 119
Sum overføringer		261 162	261 119

Balanse

– stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Eiendeler • Anleggsmidler • Varige driftsmidler	Note	2025	2024
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	3, 4	33 782 991	34 243 991
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3, 4	0	102 400
Sum varige driftsmidler		33 782 991	34 346 391

Sum anleggsmidler		33 782 991	34 346 391
-------------------	--	------------	------------

Omløpsmidler			
--------------	--	--	--

Fordringer			
Kundefordringer		3 240	198 030
Andre kortsiktige fordringer		505 422	39 479
Sum fordringer		508 662	237 509
Bankinskudd, kontanter o.l.		2 406 406	2 455 604
Sum omløpsmidler		2 915 068	2 693 113

Sum eiendeler		36 698 059	37 039 504
---------------	--	------------	------------

Florø, 13 mai 2026

Styret i stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Siv Førde
Styreleiar

Ninja Tolo Ness
Nestleiar

Anja Korneliussen
Dagleg leiar

Inger Beth Fosse
Styremedlem

Doris Christensen
Styremedlem

Kristin Orre
Styremedlem (tilsettere representant)

Egenkapital og gjeld • Innskutt egenkapital	Note	2025	2024
Grunnkapital		1 800 000	1 800 000
Sum innskutt egenkapital		1 800 000	1 800 000

Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	3	4 966 866	4 705 705
Sum opptjent egenkapital		4 966 866	4 705 705
Sum egenkapital		6 766 866	6 505 705

Gjeld • Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	3, 4, 5	27 546 189	28 273 307
Sum annen langsiktig gjeld		27 546 189	28 273 307

Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		369 286	117 323
Skattetrekk og andre trekk		551 219	567 539
Annen kortsiktig gjeld		1 464 498	1 575 631
Sum kortsiktig gjeld		2 385 004	2 260 492

Sum gjeld		29 931 193	30 533 799
-----------	--	------------	------------

Sum egenkapital og gjeld		36 698 059	37 039 504
--------------------------	--	------------	------------

Noter til årsregnskapet 2025

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. Stiftinga sitt formål er drift av krisesenter og utleieboliger i Kinn kommune.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Det blir foretatt kontinuerlig vedlikehold av eiendommene.

Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Skatt

Stiftelsen er ikke skattepliktig.

Fortsatt drift

I samsvar med regnskapslovens §3 bekreftes det at forutsetningen om fortsatt drift er til stede og denne forutsetningen er lagt til grunn ved utarbeidelsen av regnskapet.

Note 1 – Offentlig tilskudd og andre ytelser

Stiftelsen har mottatt kr. 78 000,- i tilskudd for spesifikke tiltak/grupper ved senteret.

Tilskuddene er periodisert og resultatført mot prosjektenes kostnader.

Stiftelsen har også i 2025 mottatt gaver fra privatpersoner og organisasjoner for tilsammen kr. 552 824,-. Av disse har Gjensidigestiftelsen gitt gave på kr 113.575,- til sommer- og vinteraksjon. Sparebankstiftelsen DNB har gitt gave på kr 258.699,- til prosjekt Gøy og Godt - holistisk hverdag. Gavene er periodisert og resultatført mot kostnader for tiltak rettet mot brukere og til ofte bestemte formål satt av givere. Kr. 469 983,- av midlene er benyttet i driftsåret 2025.

Note 2 – Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Lønnskostnader	2025	2024
Lønninger	6 526 288	6 619 515
Arbeidsgiveravgift	787 148	798 947
Pensjonskostnader	838 065	852 522
Andre ytelser	424 209	297 485
Sum	8 575 711	8 568 469

Gjennomsnittlig antall årsverk: 11

Betalt pensjonspremie i KLP i år 2025 er kr. 805 316,-. Stiftelsen har ikke pensjonsforpliktelser ut over kostnadsførte pensjonskostnader i regnskapet.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2025 utgjør kr. 43 750,-

Note 3 – Anleggsmidler

	Bygninger	Driftsløsøre, inventar o.l.	Tomter
Anskaffelseskost pr. 01.01.25	12 972 764	1 018 040	2 141 991
= Anskaffelseskost 31.12.25	12 972 764	1 018 040	2 141 991
Akkumulerte avskrivninger 31.12.25	2 530 764	1 018 040	180 000
= Bokført verdi 31.12.25	10 442 000	0	1 961 991
Årets ordinære avskrivninger	250 000	102 400	
Økonomisk levetid	40 år	5-6 år	

		Leilighetsbygg	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.25		22 554 457	38 687 251
= Anskaffelseskost 31.12.25		22 554 457	38 687 251
Akkumulerte avskrivninger 31.12.25		1 175 457	4 904 260
= Bokført verdi 31.12.25		21 379 000	33 782 991
Årets ordinære avskrivninger		211 000	563 400
Økonomisk levetid		50 år	

Leilighetsbygget er anskaffelseskosten pr. 31.12.2019 for overgangsboliger for vanskeligstilte som er i målgruppa til stiftelsen. Prosjekteringsarbeidet startet i 2017 og bygging ble ferdigstilt i år 2019. Bygget er lånefinansiert gjennom Husbanken og Sparebanken Sogn og Fjordane. Driftskostnadene for ferdigstilt bygg skal dekkes gjennom husleieinntekter. Overgangsboligene er stiftelsen sitt prosjekt. Driften av utleiebygget er utenfor stiftelsen Krisesenteret sin leveranse til kommunane.

Det føres eget avdelingsregnskap for krisesenter leveransen til kommunen og ett for drift av utleiebygget. Eventuelle overskudd av utleiebygget skal gå til stiftelsen sitt formål.

Note 4 – Pantstillelser og garantier m.v.

Gjeld som er sikret ved pant o.l.	
Gjeld til kredittinstitusjoner	27 546 189
Sum	27 546 189
Balanseført verdi av eiendeler pantsatt for egen gjeld	33 782 991

Note 5 – Langsiktig gjeld

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt	2025	2024
Gjeld til kredittinstitusjoner	21 980 000	22 715 000
Sum	21 980 000	22 715 000





VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til

Stiftinga Kriesenteret i Sogn og Fjordane

Dykkar ref.:

Vår ref.:
AT/KRS

Arkivkode:

Journalnr.:
047/2026

Dokumentdato:
11.03.2026

MELDING FRÅ REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for stiftinga som syner eit overskot på kr 261 162,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar den international Standarden for revisjon av rekneskap til mindre komplekse einingar (ISA for MKE). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til halde fram drifta og opplyse om forhold av betydning for å halde fram drifta. Føresetnaden om å halde fram drifta skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit,

men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA for MKE, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon og forvalting

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene elles.

Førde, 11.03.2026

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

 Revisjonsmelding Stiftinga Kriesenteret i Sogn og Fjordane 2025.pdf

Name	Signed with	Signed at
Tveit, Asgeir	BANKID	2026-03-11 18:16:25



DØGNVAKT

Tlf. 57 74 36 00



Kriesesenteret
i Sogn og Fjordane

www.kriesesenteret.sf.no



Solund kontrollutval

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Møtebok

Møtestad:	Solund kommune - møterom i bankbygget		
Dato:	15.09.2026	Tid:	Kl. 11:00 til kl. 13:00
Møteleiar:	Bjarne Leiv Ravnøy	Sekretær:	Audhild Ragni Vie Alme

Faste representantar som møte:

Hans Gåsvær

Anita Einen

Bjarne Leiv Ravnøy

Ingvill Storøy

Parti

A

H

H

SV

Forfall faste representantar:

Manuela Gjata

Parti

SP

Vara som møte:

Per Daniel Losnegård

Parti

SP

Sakliste

Sak nr.

Sakstittel

26/26

Godkjenning av innkalling og sakliste

27/26

Referatsaker

28/26

Kommunedirektøren informerer om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Arbeidsmiljø

29/26

Økonomistyring informasjon 2026

30/26

Rekneskapsrevisjon - orientering 2026

31/26

Budsjett for Solund kontrollutval 2027

32/26

Oppfølgingsliste 4-2026

33/26

Godkjenning av møtebok

Andre som møte:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen i sakene 28-29/26

Vestland Revisjon ved Torill Monsen i sak 30/26

Per Daniel Losnegård deltok frå kl. 11:40 i sak 29/26

Underskrifter:

Bjarne Ravnøy

Anita Lien

Ingvill Storøy

Per Daniel Losnegård

Hans Gåsvær

26/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 26/26 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

27/26: Referatsaker

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Referatsakene vert tekne til vitande

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 27/26 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande

28/26: Kommunedirektøren informerer om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Arbeidsmiljø

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport - Arbeidsmiljø, til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte og informerte om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Arbeidsmiljø.

Presentasjonen vert sendt til SEKOM sekretariat og arkivert på saka.

Nytt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ynskjer ny informasjon i møte 24. november, og presentasjon frå kommunedirektøren om korleis funna i rapporten er følgt opp, jamfør kommunestyret sitt vedtak i sak KOM-073/25.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke

SOL- 28/26 VEDTAK:

Kontrollutvalet ynskjer ny informasjon i møte 24. november, og presentasjon frå kommunedirektøren om korleis funna i rapporten er følgt opp, jamfør kommunestyret sitt vedtak i sak KOM-073/25.

29/26: Økonomistyring informasjon 2026

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om økonomistyring til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte og informerte om økonomistyring i Solund kommune.

Presentasjonen vert sendt til SEKOM sekretariat og arkivert på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke**SOL- 29/26 VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om økonomistyring til vitande.

30/26: Rekneskapsrevisjon - orientering 2026

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rekneskapsrevisor til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Vestland Revisjon ved Torill Monsen møtte og informerte om rekneskapsrevisjon.

Presentasjonen vert sendt til SEKOM sekretariat og arkivert på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke**SOL- 30/26 VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rekneskapsrevisor til vitande.

31/26: Budsjett for Solund kontrollutal 2027

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Budsjett 2026	Framlegg	Faste 2027-prisar		
			Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	10 000	11 000	11 000	11 000	11 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	55 000	59 000	59 000	59 000	59 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	7 000	7 400	7 400	7 400	7 400
11007	Faglitteratur	4 000	3 000	3 000	3 000	3 000
11150	Matvarer	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
11500	Opplæring / kurs	30 000	30 000	40 000	30 000	30 000
11600	Reiseutgifter	20 000	20 000	30 000	20 000	20 000
11959	Kontingentar (FKT)	4 000	4 500	4 500	4 500	4 500
	Sum	136 000	140 900	160 900	140 900	140 900

Solund kommune er medeigar i SEKOM sekretariat KO og Vestland Revisjon KO, der det etter samarbeidsavtalene er representantskapa som vedtek budsjettet for sekretariats- og revisjonstenestene og sender dette til eigarane.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 31/26 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Budsjett 2026	Framlegg	Faste 2027-prisar		
			Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	10 000	11 000	11 000	11 000	11 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	55 000	59 000	59 000	59 000	59 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	7 000	7 400	7 400	7 400	7 400
11007	Faglitteratur	4 000	3 000	3 000	3 000	3 000
11150	Matvarer	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
11500	Opplæring / kurs	30 000	30 000	40 000	30 000	30 000
11600	Reiseutgifter	20 000	20 000	30 000	20 000	20 000
11959	Kontingentar (FKT)	4 000	4 500	4 500	4 500	4 500
	Sum	136 000	140 900	160 900	140 900	140 900

Solund kommune er medeigar i SEKOM sekretariat KO og Vestland Revisjon KO, der det etter samarbeidsavtalene er representantskapa som vedtek budsjettet for sekretariats- og revisjonstenestene og sender dette til eigarane.

32/26: Oppfølgingsliste 4-2026

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme gjekk gjennom oppfølgingslista

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 32/26 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

33/26: Godkjenning av møtebok

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Møteboka vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 15.09.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 33/26 VEDTAK:

Møteboka vert godkjent.



Saksframlegg

Arkiv: K3-&13, K2-X31
ArkivsakID: 26/557
JournalpostID: 26/2415
Sakshandsamar: Gunn Åmdal Mongstad
Dato: 09.09.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
040/26	Formannskap	17.09.2026
033/26	Kommunestyre	24.09.2026

Fråsegn til endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre ser at eit endra samfunn og kriminalitetsbilete kan krevje endra arbeidsmåtar og organisering, men er likevel uroa for kva konsekvensar den føreslegne strukturen vil få for merksemd rundt dei særskilde utfordringane Solund som øykommune har. Frå delar av Solund er det like lang reisetid til Knarvik som det er frå Haugesund til Knarvik. Dette må ikkje underkommunerast.
2. Ved ei ny organisering må det tydeleggjerast kva innbyggjarane kan forvente med omsyn til responstid, uttrykking og kvalitet på tenester.
3. Politiet må framleis ha ei rolle i førebyggjande arbeid og kan vere ei god støtte for andre aktørar. At politiet er synleg, gjer også terskelen for å ta opp saker lågare. Dette kan i seg sjølv vere førebyggjande.
4. Solund har allereie i dag fleire timar til næraste patrulje på vakt, og det må difor vere eit krav at det er oppmøtestad for vakt og beredskap i Nordhordland
5. Ein open og tett dialog mellom politi og kommune er vesentleg for samhandling og tillit. Politikontaktordninga og politirådsmøta er viktige møtepunkt og må framleis vere ein vesentleg del av denne dialogen. God lokalkunnskap er viktig for at oppgåver blir løyst effektivt og kan også vere ressursparande.
6. Som rein øykommune med spreidd busetnad kan utrykning frå fastlandet til Solund vere utfordrande. Når responstida blir lang, blir samhandling med m a lokalt brannvern og helsetenester viktig. Effektiv handtering av hendingar føreset godt etablerte samarbeidsrelasjonar og god kjennskap til dei ressursar som finst lokalt. Dei ulike aktørane må kjenne kvarandre og ha jamlege øvingar for situasjonar som er relevante for vårt område. Ei lokal gjennomføring av slike øvingar, t d PLIVO, kan også bidra til større lokalkunnskap inn i politiet, og byggjer viktige lokale

nettverk. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med tett kontakt med kommune/lokale aktørar undervegs i eit oppdrag før politi er på plass. Dette må også vere tydeleg kommunisert internt i politiet.

7. Politistasjonen i Masfjorden er viktig for at politiet kan vere til stades nord for Fensfjorden. Denne stasjonen bør få tildelt ressursar og oppgåver som gjer at ein i større grad kan vere til stades i dei minste og nordlegaste kommunane i Nordhordland.
8. Namnet Stor-Bergen nord kling ikkje godt i vårt område og kommuniserer dårleg at politiet skal vere til stades i heile distriktet. Ein bør difor sjå på andre alternativ.
9. Solund kommunestyre vil også peike på at kommunen geografisk har fleire skipsleier gjennom kommunen og omfattande sjøtrafikk. Det bør kome tydelegare fram korleis politiet kan løyse sjørelaterte hendingar og samhandling rundt slike.
10. Ved ei hending i Solund må ein sjå på den samla kapasiteten ein har til rådvelde. Helse Førde har ambulansestasjon med båt stasjonert i Solund. Kommunen forventar at det er tett dialog med både denne ressursen og ev andre.

17.09.2026 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg om tillegg:

Nytt tillegg i første setning under punkt 10:

“også på tvers av geografiske distriktseiningar.”

Votering:

Det vart røysta samla over ordførar sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Ordførar sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR-040/26 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre ser at eit endra samfunn og kriminalitetsbilete kan krevje endra arbeidsmåtar og organisering, men er likevel uroa for kva konsekvensar den føreslegne strukturen vil få for merksemd rundt dei særskilde utfordringane Solund som øykommune har. Frå delar av Solund er det like lang reisetid til Knarvik som det er frå Haugesund til Knarvik. Dette må ikkje underkommunerast.
2. Ved ei ny organisering må det tydeleggjerast kva innbyggjarane kan forvente med omsyn til responstid, uttrykking og kvalitet på tenester.
3. Politiet må framleis ha ei rolle i førebyggjande arbeid og kan vere ei god støtte for andre aktørar. At politiet er synleg, gjer også terskelen for å ta opp saker lågare. Dette kan i seg sjølv vere førebyggjande.
4. Solund har allereie i dag fleire timar til næraste patrulje på vakt, og det må difor vere eit krav at det er oppmøtestad for vakt og beredskap i Nordhordland.
5. Ein open og tett dialog mellom politi og kommune er vesentleg for samhandling og tillit. Politikontaktordninga og politirådsmøta er viktige møtepunkt og må framleis vere ein vesentleg del av denne dialogen. God lokalkunnskap er viktig for at oppgåver blir løyst effektivt og kan også vere ressursparande.

6. Som rein øykommune med spreidd busetnad kan utrykning frå fastlandet til Solund vere utfordrande. Når responstida blir lang, blir samhandling med m a lokalt brannvern og helsetenester viktig. Effektiv handtering av hendingar føreset godt etablerte samarbeidsrelasjonar og god kjennskap til dei ressursar som finst lokalt. Dei ulike aktørane må kjenne kvarandre og ha jamlege øvingar for situasjonar som er relevante for vårt område. Ei lokal gjennomføring av slike øvingar, t d PLIVO, kan også bidra til større lokalkunnskap inn i politiet, og byggjer viktige lokale nettverk. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med tett kontakt med kommune/lokale aktørar undervegs i eit oppdrag før politi er på plass. Dette må også vere tydeleg kommunisert internt i politiet.
7. Politistasjonen i Masfjorden er viktig for at politiet kan vere til stades nord for Fensfjorden. Denne stasjonen bør få tildelt ressursar og oppgåver som gjer at ein i større grad kan vere til stades i dei minste og nordlegaste kommunane i Nordhordland.
8. Namnet Stor-Bergen nord kling ikkje godt i vårt område og kommuniserer dårleg at politiet skal vere til stades i heile distriktet. Ein bør difor sjå på andre alternativ.
9. Solund kommunestyre vil også peike på at kommunen geografisk har fleire skipsleier gjennom kommunen og omfattande sjøtrafikk. Det bør kome tydelegare fram korleis politiet kan løyse sjørelaterte hendingar og samhandling rundt slike.
10. Ved ei hending i Solund må ein sjå på den samla kapasiteten ein har til rådvelde, også på tvers av geografiske distriktseiningar. Helse Førde har ambulansestasjon med båt stasjonert i Solund. Kommunen forventar at det er tett dialog med både denne ressursen og ev andre.

Vedlegg i saka:

	Epost
10.09.2026	Høyring om endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt
10.09.2026	Innstilling til strukturendringar i Vest politidistrikt

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Høyring - endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

Saksutgreiing:

Vest politidistrikt har sendt på høyring framlegg til endringar i organisasjonsstrukturen i Vest politidistrikt. Dette er m a grunngjeve med ein ny tryggleikspolitisk situasjon og eit endra og komplekst kriminalitetsbilette. Politiet har også eit pålegg om å nytte ressursane meir effektivt, og ein ventar trongare økonomiske rammer i åra som kjem.

Vest politidistrikt har gjennomført eit prosjekt for å vurdere og vidareutvikle:

- Arbeids-og samarbeidsprosessar internt og eksternt
- organiseringa av dei geografiske driftseiningane (GDE)
- eigedoms-og utstyrsporfølgingen
- vakt-og beredskapsordningar
- samhandlinga mellom geografiske og funksjonelle driftseiningar

- fortløpande utviklingsmetodikk

Målet er å sikre best mogleg polititenester til befolkninga - både i dag og i åra som kjem innfor gjeldande rammer.

I høringsbrevet vert det understreka at sjølv om ein vesentleg del av politioppdraga er konsentrert rundt regionale trafikknutepunkt og større befolkningsentra, er det avgjerande å halde oppe lokalt tilgjenge, førebygging og beredskap også i område med lågare oppdragsvolum og store avstandar.

Politimeisteren sine tilrådingar til endringar skal:

- sikre målretta og tilpassa nærver der behovet for polititenester er størst
- utvikle større fagmiljø som kjem heile distriktet til gode
- leggje til rette for tydelege prioriteringar, meir effektiv ressursbruk og avgrense underliggjande kostnadsvekst
- leggje til rette for større fagmiljø for å halde på, utvikle og rekruttere medarbeidarar i heile distriktet
- vidareutvikle samhandling internt i politiet og med kommunane
- sikre lokal nærleik, tilgjenge, førebygging og tryggleik

Dei føreslegne endringane er:

- reduksjon i tal på politistasjonsdistrikt frå 14 til 9
- endringa va sju politistasjonar til såkalla tilpassa politistasjonar
- fase ut fire politistasjonar der det over tid ikkje har vore eit reelt polititilbod
- oppretthalde tre geografiske driftseiningar inntil vidare.

Innbyggjarane skal kunne oppleve nærvær på ein ny måte, og ved mobilt nærver også kortare responstid.

I høyringa er kommunane bedne om å særlege vurdere følgjande tre område:

1. Generelle vurderingar av den samla tilrådinga
2. spesifikke synspunkt på endringar og avbøtande tiltak knytt til sårbarheiter som vedrører den einskilde kommunen.
3. Innspel til vidare samarbeid mellom kommune og politi for å sikre gode og tilgjengelege polititenester for alle innbyggjarar innfor gjeldande rammer.

Endringar som vedrører Solund:

I dag er Solund ein del av Nordhordland politistasjonsdistrikt med politistasjon i Knarvik og på Hosteland i Masfjorden.

I framlegg til ny organisering er dette politistasjonsdistriktet føreslege slått saman med Bergen nord politistasjonsdistrikt og nytt namn er føreslege Stor-Bergen nord politistasjonsdistrikt. Dette distriktet vil omfatte kommunane Solund, Gulen, Masfjorden, Modalen, Austrheim, Fedje, Alver, Osterøy og nordlege delar av Bergen (Åsane og Arna).

Det er framlegg om oppmøtestad for vakt og beredskap i Nordhordland, i tilknytning til Nordhordlandsbrua. Politistasjonen i Masfjorden er føreslege oppretthalden. Den har noko avgrensa opningstid, men ved at den ligg nord for Fensfjorden gir den noko betre tilgjenge for innbyggjarane i særleg Gulen og Masfjorden, men også ved utrykning til Solund når det er tilgjengeleg patrulje ved stasjonen.

I dag tilhøyrrer Nordhordland Hordaland GDE, (geografisk driftseining) men i det nye framlegget er det føreslege ei innlemming i Stor-Bergen.

Vurdering:

Solund har gjennom dei siste tiåra vore gjennom fleire politireformer og omorganiseringar i politiet. Frå å ha eigen lensmann og eige kontor på byrjinga av 2000-talet til og til i dag der næraste patrulje på vakt for det meste er i Knarvikområdet, omlag 3 timar unna, har det skjedd ei endring, også i innbyggjarane si oppfatning av politiet.

Fleire hendingar der politiet har kome på staden etter fleire timar, eller ikkje har prioritert å kome, skaper utryggheit, og det er grunn til å tru at terskelen for å ta kontakt er høgare enn den burde vore. Samstundes ser vi at eit meir komplekst kriminalitetsbilete har gjort det naudsynt med ein breiare kompetanse i politiet og at dette har vorte styrka i eit større politistasjonsdistrikt, noko Solund også har hatt nytte av.

Sjølv om det er få oppdrag i Solund, vil det vere avgjerande for tilliten til politiet at ein får den forventa operative responsen på lik linje med resten av Vest politidistrikt.

Ambisjonen til Politimeisteren er god, og vi merkar oss presiseringa om auka nærvær og oppretthalding av lokalt tilgjenge, førebygging og beredskap. Dette er avgjerande og må ligge som ein klår premiss. Erfaring tilseier likevel at dei områda som har størst oppdragsmengde, naturleg vil få størst fokus. Dei lange avstandane internt i politidistriktet må ikkje underkommuniseras. Til samanlikning kan nemnast at reisetida frå delar av Solund til Knarvik er omlag det same som frå Haugesund til Knarvik. Dette må bety noko for den merksemda beredskap får for området vårt. Det er difor ikkje utan uro vi registerer framlegget om eit større politistasjonsdistrikt. For å trygge innbyggjarane vil det difor vere ekstra viktig at det for dei minst sentrale områda/kommunane blir utforma forpliktane avtalar eller instruksar for kva som skal vere eit minimum av tenester.

For innbyggjarane i Solund er det aller viktigaste at ein kjenner seg trygg på at politiet er der når det trengs. Dette handlar om kortare responstid, rett hjelp i aktuelle saker og å oppleve å bli tatt på alvor. For å lukkast med dette er det avgjerande med god lokalkunnskap, ein tillitsfull og tett dialog mellom politi og dei einskilte kommunane, og ikkje minst tett dialog og samarbeid mellom ulike redningsetatar og andre samarbeidsaktørar som t.d. barnevern. I så måte er politikontaktordninga og dei jamnlege møta i politirådet svært viktig. I denne dialogen vert det bygd tillit, og politiet har høve til å bli godt kjend med lokalsamfunnet og dei samarbeidsaktørane som finst der. Det kan også gjere det lettare for både innbyggjarar og tilsette å ta kontakt.

Ved hendingar i Solund vil det oftast vere bruk for båttransport. Politibåten er stasjonert i Bergen, og det er, etter det vi er kjende med, ingen avtale om beredskap på ferjesambanda. Ein må difor nytte lokale transportørar og finne lokale løysingar ut frå situasjonen. Det fordrar lokalkunnskap på operasjonssentralen. Når vi veit at minimum responstid allereie kan ver eit par timar, må ein ikkje forlenge denne ytterlegare fordi ein ikkje kjenner lokalsamfunnet godt nok.

Solund er elles også omtala i høyringsfråsegn frå Fjordane Interkommunale politiske råd.



Kommunar i geografisk driftseining Stor-Bergen

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Stad, dato:

24/239816

Bergen, 22.05.2026

Høyringsbrev – endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

1. Bakgrunn

Verda, samfunnet og norsk politi står overfor store utfordringar i tida som kjem. Ei ny tryggleikspolitisk situasjon, eit stadig meir dynamisk og komplekst kriminalitetsbilde, klimaendringar og aukande førekomst av ekstremvêr, rask teknologisk utvikling og demografiske endringar er noko av det som påverkar korleis politiet må løyse samfunnsoppdraget sitt i samspel med innbyggjarar og samarbeidspartnarar.

Offentleg sektor og politiet har fått ulike pålegg om å utnytte ressursane meir effektivt og avgrense underliggjande kostnadsvekst, og ein ventar trongare økonomiske rammer i åra som kjem. Ressursrammene for politidistriktet blir opplevde som knappe slik dei er i dag. I tillegg har politidistriktet utfordringar med å halde på, utvikle og rekruttere nye medarbeidarar i store delar av politidistriktet innanfor den spreidde organiseringa vi har i dag.

Vest politidistrikt har difor gjennomført eit prosjekt for å vurdere og vidareutvikle:

- arbeids- og samarbeidsprosessar internt og eksternt
- organiseringa av dei geografiske driftseiningane
- eigeoms- og utstyrsporteføljen
- vakt- og beredskapsordningar
- samhandlinga mellom geografiske og funksjonelle driftseiningar
- fortløpande utviklingsmetodikk

Målet er å sikre best mogleg polititenester til befolkninga – både i dag og i åra som kjem innanfor dei rammene vi har til rådvelde.

Politidistriktet er stort og samansett med 38 kommunar, høg aktivitet, lange avstandar, krevjande vegnett og store variasjonar i befolkning, oppdragsmengd og kriminalitet. Ein vesentleg del av politioppdraga og den registrerte kriminaliteten er konsentrert rundt regionale trafikknutepunkt og større befolkningssentra. Samstundes er det avgjerande å

halde oppe lokal tilgjenge, førebygging og beredskap også i områder med lågare oppdragsvolum og store avstandar.

2. Tema for høyring

Politimeisteren si leiargruppe har på dette grunnlaget tilrådd endringar som skal:

- sikre målretta og tilpassa nærvær der behovet for polititenester er størst
- utvikle større fagmiljø som kjem heile distriktet til gode
- leggje til rette for tydelegare prioriteringar, meir effektiv ressursbruk og avgrense underliggjande kostnadsvekst
- leggje til rette for større fagmiljø for å halde på, utvikle og rekruttere medarbeidarar i heile distriktet
- vidareutvikle samhandling internt i politiet og med kommunane
- sikre lokal nærleik, tilgjenge, førebygging og tryggleik

Politimeisteren si leiargruppe føreslår følgjande endringar:

- reduksjon i tal på politistasjonsdistrikt frå 14 til 9
- endring av sju politistasjonar til såkalla tilpassa politistasjonar
- fase ut fire politistasjonar der det over tid ikkje har vore eit reelt polititilbod
- oppretthalde tre geografiske driftseiningar inntil vidare

Ein sentral del av tilrådinga er å sjå omgrepet nærleik for politiet på ein ny måte, ved å gå frå likt tilhald i faste bygg til å ha nærvær, gjennom mellom anna digitale møtestader, tilpassa politistasjonar og mobile møteplassar. Mobilt nærvær gjev òg kortare responstid og betre moglegheit til å nå innbyggjarane raskare når dei treng politiet.

3. Høyring

Politidistriktet ber om høyringsinnspel frå alle kommunar i politidistriktet. Alle kommunar vil anten bli direkte eller indirekte rørte av endringane som er føreslått.

Vi ber særleg om kommunane sine vurderingar innan tre område:

1. **Generelle vurderingar** av den samla tilrådinga og endringane som er føreslått
2. **Spesifikke synspunkt** på endringar og avbøtande tiltak knytt til sårbarheiter som rører den einskilde kommunen
3. **Innspel til vidare samarbeid** mellom kommune og politi for å sikre gode, tilgjengelege og førebyggjande polititenester for alle innbyggjarar innanfor gjeldande rammer

Fristen for høyringssvar blir sett til **torsdag 1. oktober 2026**, jf. utgreiingsinstruksen § 3-3.

4. Kommunespesifikk utgreiing

Det blir fleire organisatoriske endringar i Bergensregionen. Nordhordland politistasjonsdistrikt blir slått saman med Bergen nord politistasjonsdistrikt til Stor-Bergen nord politistasjonsdistrikt. Stor-Bergen nord politistasjonsdistrikt tek over polititenesta i Osterøy kommune, der politistasjonen blir fasa ut. Bjørnafjorden og Austevoll politistasjonsdistrikt blir slått saman med Bergen sør politistasjonsdistrikt til Stor-Bergen sør politistasjonsdistrikt. Begge dei nye politistasjonsdistrikta blir overførte frå geografisk driftseining Hordaland til den geografiske driftseininga vi førebels har kalla Stor-Bergen. Endringane vil i større eller mindre grad påverke kommunane i:

Stor-Bergen sør:

- Bergen med bydelane Fana og Ytrebygda
- Bjørnafjorden (områda Osøyro, Søfteland, Hagavik og Halhjem)
- Austevoll

Stor-Bergen vest:

- Bergen med bydelane Fyllingsdalen og ytre delar av Laksevåg
- Øygarden
- Askøy

Stor-Bergen nord:

- Bergen med bydelane Åsane og Arna
- Alver
- Osterøy
- Austrheim
- Gulen
- Masfjorden
- Solund
- Fedje
- Modalen

Her gjer vi greie for kva endringar i polititenestene som blir føreslått for dei enkelte kommunane, korleis sårbarheiter er vurdert og kva avbøtande tiltak som blir føreslått.

4.1. Endringar som rører ved dei ulike kommunane

Endringane som er tilrådd er:

- **Bergen sør politistasjonsdistrikt blir slått saman med Bjørnafjorden politistasjonsdistrikt til Stor-Bergen sør politistasjonsdistrikt.** Dei tre politistasjonane Bjørnafjorden, Austevoll og Bergen sør (tilpassa politistasjon), samt Bergen lufthamn, inngår i politistasjonsdistriktet. Det nye politistasjonsdistriktet blir innlemma i den geografiske driftseininga Stor-Bergen. Bergen og Bjørnafjorden kommunar har gitt høyringssvar på denne endringa i brev av høvesvis 25.09.2025 og 04.09.2025, som er tekne omsyn til i det vidare utviklingsarbeidet.

- **Bergen vest politistasjonsdistrikt blir slått saman med Askøy og Øygarden politistasjonsdistrikt til Stor-Bergen vest politistasjonsdistrikt.**
 Dei tre politistasjonane Bergen Vest, Øygarden (tilpassa politistasjon) og Askøy (tilpassa politistasjon) inngår i politistasjonsdistriktet. Det nye politistasjonsdistriktet inngår i den geografiske driftseininga Stor-Bergen.
- **Bergen nord politistasjonsdistrikt blir slått saman med Nordhordland politistasjonsdistrikt til Stor-Bergen nord politistasjonsdistrikt.**
 Politistasjonane Nordhordland, Masfjorden, Bergen nord (tilpassa politistasjon) og Osterøy (blir fasa ut) inngår i politistasjonsdistriktet. Det nye politistasjonsdistriktet blir innlemma i den geografiske driftseininga Stor-Bergen. Det inneber at Nordhordland politistasjonsdistrikt går over frå den geografiske driftseininga Hordaland til den geografiske driftseininga Stor-Bergen.

Bergen sentrum politistasjonsdistrikt består som i dag. Politistasjonen har funksjonelt ansvar for etterforsking av vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep, innsatsleiing og operativ planlegging, koordinering av vakt og beredskap og politiet si uttrykkingseining (UEH) for heile den geografiske driftseininga.

Dei funksjonelle driftseiningane vil framleis sørgje for spesialistkompetanse og rask sakshandsaming i alvorlege og kompetansekreivjande saker i heile distriktet.

4.2. Risiko- og sårbarheitsvurdering

Politidistriktet har vurdert sårbarheiter og risiko knytt til tema identifisert i eigen risiko- og sårbarheitsanalyse, høyringsinnspel og innbyggjardialog:

- responstid og beredskap
- lokal tilgjenge og publikumskontakt
- førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge
- samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar

Risikoreduserande tiltak er skildra i punkt 4.3. Med risikoreduserande tiltak er restrisikoen vurdert som akseptabel for alle politistasjonsdistrikta.

Vurderinga for Stor-Bergen sør politistasjonsdistrikt er at:

- **Responstid og beredskap.** Leiing og oppmøtestad for vakt og beredskap gjennom politipatruljen vil vere i Bjørnafjorden, og for eininga på Austevoll i Austevoll som i dag. Politipatruljen vil mønstre på i Bjørnafjorden, som er nabokommunen til Bergen, og ha ei utrykkingskøyeringstid på åtte/ni minutt lengre enn frå dagens lokasjon i Nesttunbrekka. Ved tunnelstenging på E39 kan utrykkingstida bli meir enn dubla. Det kan då oppstå ei sårbarheit for auka responstid og svekka beredskap i Bergen sør.
- **Lokal tilgjenge og publikumskontakt.** Det kan oppstå ei sårbarheit for manglande lokal tilgjenge og publikumskontakt i Bergen sør.

- **Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge.** Svekka førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge i Bergen sør, kan bli ei sårbarheit. Den tilpassa politistasjonen i Bergen sør vil, i tillegg til å vere eit basepunkt for politipatruljen og eit lågterskeltilbod for innbyggjarane, òg ha eit førebyggjande hovudføremål, særleg overfor barn og unge.
- **Samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar.** Risikoen for svekt samhandling med Bergen kommune og andre beredskapsaktørar kan bli ei sårbarheit.

Vurderinga for Stor-Bergen vest politistasjonsdistrikt er at:

- **Responstid og beredskap.** Politipatruljen vil mønstre på i Bergen vest, der det vil bli vurdert å legge ein lokasjon i tilknyting til det nye Sotrasambandet og det etablerte Askøysambandet. Det kan då oppstå ei sårbarheit for auka responstid og svekka beredskap i Øygarden og Askøy. Etableringa vil ikkje vere aktuell før nytt Sotrasamband er opna.
- **Lokal tilgjenge og publikumskontakt.** Det kan oppstå ei sårbarheit for manglande lokal tilgjenge og innbyggjarkontakt i Øygarden og Askøy.
- **Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge.** Svekka førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge i Øygarden og Askøy, kan bli ei sårbarheit. Dei tilpassa politistasjonane i Øygarden og/eller Askøy vil, i tillegg til å vere basepunkt for politipatruljen og eit lågterskeltilbod for innbyggjarane, òg ha eit førebyggjande hovudføremål, særleg overfor barn og unge.
- **Samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar.** Risikoen for svekka samhandling med Øygarden og Askøy kommunar og andre beredskapsaktørar kan bli ei sårbarheit.

Vurderinga for Stor-Bergen nord er at:

Stor-Bergen nord dekkjer eit langstrekt område med både eit tydeleg bypreg og mindre folkesette fjord-, fjell- og øyområde.

- **Responstid og beredskap.** Leiing og oppmøtestad for vakt og beredskap gjennom politipatruljen vil vere i Nordhordland. Politipatruljen vil mønstre på i Nordhordland, der det blir planlagt ein lokasjon i tilknyting til Nordhordlandsbrua. Det kan då oppstå ei sårbarheit for auka responstid og svekka beredskap i Bergen nord på grunn av sårbar infrastruktur som gir utfordringar med framkome. Det kan òg oppstå ei sårbarheit for at patruljane blir sette inn i dei folkerike områda i Bergen på kostnad av kommunane som dekkjer dei ytre områda av Nordhordland.
- **Lokal tilgjenge og publikumskontakt.** Det kan oppstå ei sårbarheit for manglande lokal tilgjenge og publikumskontakt i Bergen nord, men òg i kommunane som dekkjer dei ytre områda av Nordhordland.

- **Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge.** Svekka førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge i Bergen nord kan bli ei sårbarheit, men òg i kommunane som dekkjer dei ytre områda av Nordhordland. Den tilpassa politistasjonen i Bergen nord vil, i tillegg til å vere eit basepunkt for politipatruljen og eit lågterskeltilbod for innbyggjarane, òg ha eit førebyggjande hovudføremål, særleg overfor barn og unge.
- **Samhandling med kommunane og andre beredskapsaktørar.** Svekka samhandling med det kommunale apparatet, SLT og andre beredskapsaktørar i Bergen nord og i kommunane som dekkjer dei ytre områda av Nordhordland kan bli ei sårbarheit.

4.3. Risikoreduserande tiltak

Dei risikoreduserande tiltaka settast i verk for å redusere risikoen for at ressursane i for stor grad blir retta mot dei sentrale, men også dei mindre sentrale strøka. Sårbarheitene skal balanserast gjennom følgjande tiltak:

4.3.1. Oppretthalding av tilpassa politistasjon

Det vil bli vidareført eit anna type tenestetilbod, kalla tilpassa politistasjon, i Bergen sør, Øygarden og/eller Askøy og Bergen nord. Tenestetilbodet skal:

- sikre lokal tilgjenge, synlegheit og tillit
- støtte førebygging, politikontakt og samhandling med kommune og samarbeidspartnarar
- vere kontaktpunkt for innbyggjarane og arbeidsstad for førebyggjarar
- kunne brukast ved varsla hendingar og planlagd innsats

Ved behov kan stasjonen også fungere som basepunkt for patrulje, med arbeidsplassar for rapportskriving, pausar og enkelt utstyr.

Ein tilpassa politistasjon skal som minimum ha følgjande innhald:

- behovstilpassa opningstider
- moglegheit for å ta imot meldingar, tips og bekymringar frå innbyggjarane
- rettleiing om politiet sine tenester og vidare oppfølging

Avklaringar om tenesteinnhald og opningstid må gjerast i samarbeid med kommunane. Lokala blir tydeleg skilta.

Forvaltningstenester og sivil rettspleie inngår ikkje som minstekrav.

Tilpassa politistasjonar har ikkje fast oppmøte for patrulje, og lagrar ikkje verdier som krev omfattande sikring, som til dømes beslagsrom og våpenlagring. Det blir ikkje stilt faste krav til bemanning. Løysingane er baserte på lokale risikovurderingar og følgjer Politiets Fellestenester sitt konsept for mindre politistasjonar med lågare kostnader til sikring.

Ein tilpassa politistasjon gir lokalt nærvær og operativ støtte, men er ikkje ein fullinnretta politistasjon med kontinuerleg bemanning eller breitt tenestespekter.

Tenesteinnhaldet skal fastsetjast i instruks på politidistriktsnivå og følgjast opp for å sikre at den tilpassa politistasjonen fungerer som ein reell lokal politiressurs innanfor dei økonomiske rammene og dei samla prioriteringane.

4.3.2. Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge

Dei tilpassa politistasjonane vil, i tillegg til å vere eit basepunkt for politipatruljen og eit lågterskeltilbod for innbyggjarane, òg ha eit førebyggjande hovudføremål.

4.3.3. Etablering av mobile møteplassar

Planlagd og føreseieleg nærvær knytt til fastsette dagar, tider eller behov blir vesentleg i kommunane som dekkjer distrikta sine ytre område. Mobile møteplassar består av politipatruljen og/eller politikontakt og skal sikre innbyggjardialog, informere og trygge befolkninga om relevante tema. Mobile møteplassar skal ivareta tilgjenge utan faste bygg. Ein mobil møteplass kan være på plassar kor folk ferdast eller samlast. Det kan òg leggjast til områder kor det er naudsynt at politiet er til stades for å førebyggja kriminalitet.

Heile den geografiske driftseininga er éin og same vakt- og beredskapsregion, og det inneber at patruljar frå heile driftseininga på ein saumlaus måte dekkjer akutte oppdrag etter flåtestyring frå operasjonssentralen. Den førebyggjande og synlege patruljetenesta vil vere målretta mot definerte utsette område, kombinert med målretta mobile møteplassar i dei ytre områda

4.3.4. Oppretthalde samarbeid om førebyggjande arbeid og lokal beredskap

Samarbeidet om det førebyggjande arbeidet og den lokale beredskapen blir ivareteke gjennom dei tilpassa politistasjonane, patruljemannskap, målretta lokale møteplassar og innsatsleiarane i driftseininga.

Tiltaka skal samla bidra til at innbyggjarane i Bergen, Nordhordland, Bjørnafjorden, Austevoll, Øygarden og Askøy framleis får tilgjengelege og relevante polititenester.

4.4. Vidare samarbeid mellom kommune og politi

Politidistriktet ser eit stort potensial i det vidare samarbeidet, mellom anna innan:

- meir målretta og konkret førebygging og tidleg innsats
- samlokalisering eller bruk av kommunale lokale
- felles planverk, øvingar og beredskapsarbeid
- bruk av mobile løysingar og alternative møteplassar

Vi ber kommunen særleg vurdere og gi innspel til korleis slikt samarbeid kan vidareutviklast, korleis lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), politikontakt og politiråd kan samordnast og vidareutviklast, gjerne i regionråd eller i

interkommunalt samarbeid for mindre kommunar, og kva tilleggstenester som bør leggjast til dei tilpassa politistasjonane og dei mobile møteplassane.

Det er viktig å presisere at dette er starten på ein prosess; ikkje slutten. Kommunane sine høyringssvar vil bli samanstilte og vurderte, slik at dei kan inngå i den vidare handsaminga av innstillinga. Etter det vil innstillinga leggjast fram for partane etter Hovudavtalen, og etter det for direktoratet og departementet. Det betyr at politimeisteren si leiargruppe no har sett ei strategisk retning som det vil ta noko tid å handsame og om mogeleg gjennomføre.

Dersom kommunane ønskjer meir informasjon om høyringa, ber vi om at de tek kontakt. Kontaktperson i Vest politidistrikt er prosjektleiar politiinspektør Morten Espen Ørn (morten.espen.orn@politiet.no).

Med helsing

Ane Kvaal
politimeister

Torgeir Haugen
politiinspektør

Vedlegg:

Strategisk retning – innstilling på politistasjonsdistrikt og tenestestader i dei geografiske driftseiningane (GDE) i Vest politidistrikt

Sakshandsamar:

Morten Ørn
Politiinspektør

Kommunar:

Alver	Øygarden
Askøy	
Austevoll	
Austrheim	
Bergen	
Bjørnafjorden	
Fedje	
Gulen	
Masfjorden	
Modalen	
Osterøy	
Solund	



STRATEGISK RETNING - Innstilling på politistasjonsdistrikt og tenestestader i dei geografiske driftseiningane (GDE) i Vest politidistrikt

Vest politidistrikt står framfor val knytt til korleis vi organiserer og utviklar GDE'ane i åra som kjem. Målet er å sikre ei berekraftig, moderne og operativ struktur som gir innbyggjarane best mogleg tenester – både der dei bur, og når dei treng oss som mest. Politimeisteren si leiargruppe har no valt ei strategisk retning. Retninga gir føringar for talet på GDE'ar, talet på politistasjonsdistrikt, kva politistasjonar som blir vidareførte, kva som blir føreslått tilpassa for noverande og framtidige behov for lokalt nærvære.

Retninga vi presenterer er gjennomtenkt og byggjer på faglege vurderingar, behovsanalysar og økonomiske rammer. Samstundes er dette byrjinga på ein prosess. Den strategiske retninga skal sendast på høyring i kommunane før ho blir fremja for IDF. Deretter kan det bli aktuelt å leggje saka fram for Politidirektoratet og departementet. Vi ønskjer difor å vere opne om premissa for arbeidet og tydelege på det som ligg til grunn for den strategiske retninga det er stilt inn på. Implementering av den nye strukturen vil skje stegvis, avhengig av rammeføresetnadene for den enkelte politistasjonen og tilhøva elles.

Den strategiske retninga gir likevel berre eit augneblinksbilete som kan endre seg. Politidistriktet må vere innstilt på at endra rammevilkår vil vere styrande for organisasjonsutviklinga både på kort og lang sikt. Ein må difor vera førebudd på at organisasjon og struktur framover må endra seg i takt med utviklinga i samfunnet elles, og i politiet.

Det er viktig å understreke at for dei aller fleste medarbeidarane i grunnstillingar og fagleiande stillingar vil den strategiske retninga og endringane ikkje innebere endringar som krev eit eige personalløp. Vest politidistrikt skal ikkje redusere det samla talet på stillingar som følgje av desse prosessane. I nokre tilfelle kan det blir endring i arbeidsoppgåver, organisering, leiartilknytning eller arbeidsstad. For nokre linjeleiarar kan det vere nødvendig å gjennomføre eit personalløp med individuell kartlegging, vurdering av rettar og plikter, og mellombels og endeleg innplassering. Omstillingsavtalen for politiet vil sjølv sagt gjelde i desse tilfella.

Politimeisteren i Vest politidistrikt gir, etter einstemmig råd frå politimeisteren si leiargruppe, følgjande strategiske retning:

- A) Oppretthalde tre geografiske driftseiningar (GDE). Talet på GDE skal vurderast etter at utviklinga av politistasjonsdistrikta er gjennomført.

B) Det blir lagt opp til ein reduksjon i talet på politistasjonsdistrikt og ein tek sikte på ni politistasjonsdistrikt totalt.

	Politistasjonsdistrikt:	Samanslåtte einingar:	Hovudsete:
1	Nordfjord	<i>Ingen endring</i>	Stad politistasjon
2	Sunnfjord	<i>Ingen endring</i>	Førde politistasjon
3	Sogn	<i>Ingen endring</i>	Sogndal politistasjon
4	Stor-Bergen sør*	• Bjørnafjorden og Austevoll • Bergen sør	Bjørnafjorden politistasjon
5	Stor-Bergen vest*	• Bergen vest • Askøy og Øygarden	<i>Må avklarast**</i>
6	Stor-Bergen nord*	• Bergen nord • Nordhordland	Nordhordland politistasjon
7	Bergen sentrum	<i>Ingen endring</i>	Bergen sentrum politistasjon
8	Voss	• Voss • Kvam, Samnanger og Tysnes	Voss politistasjon
9	Hardanger	• Hardanger • Kvinnherad	Hardanger politistasjon

* *Førebels namn*

** *Helst i knutepunkt mot Sotra/Øygarden, då med atterhald om mogelegheiter knytt til tilgjengeleg bygg/tomt i området, pris og liknande forutsetningar.*

C) Totalt 22 politistasjonar oppretthaldt:

- | | |
|---------------------|---|
| 1) Stad | 13) Masfjorden |
| 2) Førde | 14) Kvinnherad |
| 3) Sogndal | 15) Vik (overførast frå Sogn til Voss politistasjonsdistrikt) |
| 4) Bjørnafjorden | 16) Florø |
| 5) Stor-Bergen vest | 17) Høyanger |
| 6) Bergen sentrum | 18) Lærdal |
| 7) Bergen lufthamn | 19) Måløy |
| 8) Nordhordland | 20) Stryn |
| 9) Hardanger | 21) Fjaler |
| 10) Voss | 22) Gloppen (overførast frå Sunnfjord til Nordfjord politistasjonsdistrikt) |
| 11) Kvam | |
| 12) Austevoll | |

D) Politistasjonar føreslått som tilpassa*:

- 1) Bergen sør
- 2) Bremanger
- 3) Bergen nord
- 4) Askøy
- 5) Øygarden
- 6) Tysnes
- 7) Fusa

**Ein tilpassa politistasjon er innretta etter lokale behov, og kan vere lokalisert i eigne lokale eller i leigd areal hjå samarbeidspartnar, kommune eller privat utleigar.*

E) Politistasjonar føreslått å fasast ut:

- 1) Aurland
- 2) Årdal
- 3) Vaksdal
- 4) Osterøy



POLITIET


INNSTILLING - Geografisk struktur

- GDE – organisatorisk eining
- Politistasjonsdistrikt – organisatorisk eining
- Politistasjon
- Politistasjon føreslått tilpassa/under endring
- Politistasjon utfasast

Geografisk driftseining

Politistasjonsdistrikt

Politolokasjoner



VEST POLITIDISTRIKT

Post: Postboks 85, 6901 FLORØ / (+47) 55 55 63 00 / 02800 / post.vest@politiet.no / www.politiet.no



Saksframlegg

Arkiv: K2-K12
ArkivsakID: 22/169
JournalpostID: 26/1983
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 13.07.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
041/26	Formannskap	17.09.2026
034/26	Kommunestyre	24.09.2026

Høyringsuttale Sognefjorden marine verneområde - Solund kommune


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek følgjande uttale til vern av Sognefjorden marine verneområde:

Solund kommune er positiv til vern av Sognefjorden under vilkåra som følgjer. I vernet av fjorden er det viktig at eksisterande aktivitet kan halde fram slik det er lagt opp til i framlegget. Solund kommune støttar at det er ope for å drive fiskeri og å utvikle akvakultur som er samsvar med verneformålet. Det er viktig at vernet må utformast slik at det ikkje svekkar grunnlaget for levande kystsamfunn, lokal verdiskaping, sjøtransport, fiskeri, havbruk, beredskap og nødvendig infrastruktur. Eksisterende aktivitet, naudsynt drift, vedlikehald, trygging og teknologisk oppgradering må kunne halde fram utan unødvendig byråkrati. Der det er behov for søknad om dispensasjon eller unntak må det vere enkle og effektive prosessar for dette.

Med bakgrunn i nærings-, transport- og tryggleikssyn ber Solund kommune om at følgjande område vert teke ut av verneframlegget. Vi ber om Statsforvaltaren har nærare dialog om detaljane i dette med Solund kommune, men dette er:

- Område ved Losna ferjekai i samsvar med planlagt oppgradering og utviding
- Område i Ølvevika ved Kvitøya med bakgrunn i planlagt ny ferjekai på lenger sikt
- Heile arealet sett av til akvakultur (A1) i Solund kommune sin kommuneplan, på austsida av Losna



Av omsyn til tryggleik, verdiskaping og levande lokalsamfunn er det viktig for ein rein øykommune som Solund, at det finst tydelege unntak eller dispensasjonsheimlar for drift, vedlikehald, sikring, utbetring og naudsynt modernisering av hamner, kaiar, navigasjonsinstallasjonar, sjøleidningar, kablar og annan samfunnskritisk infrastruktur. I samband med slike tiltak vil det òg kunne vere nødvendig å deponere reine massar i sjø, og forskrifta må difor sikre eit tilstrekkeleg og føreseieleg handlingsrom for dette.

Over lenger tid har samferdsleprosjektet Sognefast vore drøfta. Det må vere opning i verneforlaget for å kunne etablere samferdsleprosjekt som er grunnleggande for regional og nasjonal verdiskaping og utvikling.

Det er viktig at det framleis er mogeleg å ha gode vilkår for å bu og leve langs fjorden, og å kunne nytte ressursane i og ved fjorden på ein berekraftig måte - som ein del av det å bu i distriktet. Solund kommune oppmodar om at det vert opna for ikkje-kommersiell hausting til privat bruk av tang, tare, kråkebollar og andre ressursar langt nede på næringskjeden (lågτροφiske marine ressursar), når haustinga skjer i samsvar med anna gjeldande regelverk og ikkje er i strid med verneføremålet.

Solund kommune ber om statusen for produksjonsområde 4 vert oppdatert i samsvar med ny status i høyringsframlegget.

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.


FOR-041/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek følgjande uttale til vern av Sognefjorden marine verneområde:

Solund kommune er positiv til vern av Sognefjorden under vilkåra som følgjer. I vernet av fjorden er det viktig at eksisterande aktivitet kan halde fram slik det er lagt opp til i framlegget. Solund kommune støttar at det er ope for å drive fiskeri og å utvikle akvakultur som er samsvar med verneformålet. Det er viktig at vernet må utformast slik at det ikkje svekkar grunnlaget for levande kystsamfunn, lokal verdiskaping, sjøtransport, fiskeri, havbruk, beredskap og nødvendig infrastruktur. Eksisterende aktivitet, naudsynt drift, vedlikehald, trygging og teknologisk oppgradering må kunne halde fram utan unødvendig byråkrati. Der det er behov for søknad om dispensasjon eller unntak må det vere enkle og effektive prosessar for dette.

Med bakgrunn i nærings-, transport- og tryggleikssyn ber Solund kommune om at følgjande område vert teke ut av verneframlegget. Vi ber om Statsforvaltaren har nærare dialog om detaljane i dette med Solund kommune, men dette er:

- Område ved Losna ferjekai i samsvar med planlagt oppgradering og utviding
- Område i Ølvevika ved Kvitøya med bakgrunn i planlagt ny ferjekai på lenger sikt
- Heile arealet sett av til akvakultur (A1) i Solund kommune sin kommuneplan, på austsida av Losna



Av omsyn til tryggleik, verdiskaping og levande lokalsamfunn er det viktig for ein rein øykommune som Solund, at det finst tydelege unntak eller dispensasjonsheimlar for drift, vedlikehald, sikring, utbetring og naudsynt modernisering av hamner, kaiar, navigasjonsinstallasjonar, sjøleidningar, kablar og annan samfunnskritisk infrastruktur. I samband med slike tiltak vil det òg kunne vere nødvendig å deponere reine massar i sjø, og forskrifta må difor sikre eit tilstrekkeleg og føreseieleg handlingsrom for dette.

Over lenger tid har samferdsleprosjektet Sognefast vore drøfta. Det må vere opning i verneforlaget for å kunne etablere samferdsleprosjekt som er grunnleggande for regional og nasjonal verdiskaping og utvikling.

Det er viktig at det framleis er mogeleg å ha gode vilkår for å bu og leve langs fjorden, og å kunne nytte ressursane i og ved fjorden på ein berekraftig måte - som ein del av det å bu i distriktet. Solund kommune oppmodar om at det vert opna for ikkje-kommersiell hausting til privat bruk av tang, tare, kråkebollar og andre ressursar langt nede på næringskjeden (lågτροφiske marine ressursar), når haustinga skjer i samsvar med anna gjeldande regelverk og ikkje er i strid med verneføremålet.

Solund kommune ber om statusen for produksjonsområde 4 vert oppdatert i samsvar med ny status i høyringsframlegget.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Statsforvaltaren i Vestland har lagt fram forslag om Sognefjorden marine verneområde til offentleg høyring, med frist 1. november 2026. Verneforslaget omfattar 1003 km² sjøareal i dei ti kommunane Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster, og er ein del av det nasjonale arbeidet for å bevare eit representativt utval av norsk marin natur for kommande generasjonar. Solund kommune formulerer i denne saka høyringsuttale til verneframlegget.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Tilbake i 2022 mottak Statsforvaltaren i Vestland oppdraget om å starte verneplanprosess for Sognefjorden. Dette var eit utkomme av at Sognefjorden var eit av 36 område i landet som vart føreselege til marint vern i ei tilråding utarbeida av rådgjevande utval for marin verneplan tilbake i 2004. Sognefjorden er saman med Dalsfjorden og Korsfjorden representativ for fjordane i Norge. Dei 36 utvalte kandidat områda utgjer representativ undersjøisk natur frå kyst til skjærgarden og er valt ut som resultat av ein lang prosess. Der vart både dei særegne kvalitetane og representativiteten vektlagt, også på eit regionalt nivå. Sognefjorden er ein kandidat som kan representere dei finaste og mest særegne undersjøiske naturområda vi har i landet.

Fram til no har prosessen gått gjennom ein informasjonfase, oppstartmelding, avklaring av og gjennomføring av utgreiingar, og er no kome til høyring av verneforslaget. Det var oppstartsmøte mars 2022, Statsforvaltaren deltok i kommunestyremøte i Solund desember 2024 og juni 2026. Det har i tillegg vore to ordførarmøte i løpet av 2025. Vidare prosess omfattar å gå gjennom uttalane til verneforslaget, og legge fram revidert forslag til vern, og til slutt vedtak i statsråd.

Etter eit eventuelt vernevedtak vil det bli opretta ein vernområdestyre, det vil bli tilsett verneområdeforvaltarar og det vil bli utarbeida ein forvaltningsplan. Med vernet vil det følgje tiltaksmidlar, ytterlegare kartleggingar og overvakingar, formidling, opprydding, tilrettelegging, med meir.

Føremål med vernet:

Føremålet med Sognefjorden marine verneområde er å verne verdas djupaste og norges lengste fjord, med særegne geologiske kvalitetar og biologisk mangfald som følgje av stor variasjon i det undersjøiske landskapet. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

Sognefjorden oppfyller kriteria i naturmangfaldlova med både særpreg og representativitet, og skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Den føreslegne vernegrensa går primært til to meter under sjøkartnull. Statsforvaltaren foreslår likevel å

inkludere grunne område på privat eigedom opp til flo-mål der det er spesielle verneverdiar, samt der det marine vernet grensar til verneområde på land.

Høyringa:

Statsforvaltaren ynskjer å få belyst kva positive og negative verknader av eit marint vern vil kunne medføre. Og nemner elles spesielle ting dei ynskjer tilbakemelding på:

- Vernegrenser generelt, på privat eigedom og rundt småbåthamner, og i tillegg alternative vernegrenser i Fuglsetfjorden, Årdalsfjorden, Høyangsfjorden og utanfor Lærdalsøyri.
- Kommunale planar og eksisterande arealplanar i sjø som ikkje er fanga opp så langt i prosessen.
- Bruk av sjøområde og aktivitet i dag, som friluft- og reiselivsaktivitet knytt til fiske spesielt i ytre del av Sognefjorden og aktivitet i område som er skravert på kart.
- Utslepp og skipstrafikk, med dagens praksis for avløp frå skipstrafikk og eventuelle konsekvensar av føreslegne restriksjonar for utslepp frå skip.
- Forvaltningar til forvaltningsregime, som korleis ein ser for seg framtidig forvaltning av Sognefjorden marine verneområde.
- Andre lokale avklaringar.


Vernekartet er tilgjengeleg på Fylkesatlas under temalag Natur, Naturvernområder (DOK) og Sognefjorden marine verneområde eller ved å trykke [på denne lenkja på fylkesatlas](#). Der kan ein slå av og på ulike relevante kartlag som til dømes foreslått vernegrense, gruntvassområde (privat eigedom), ankringsområde for sjøtransport, referanseområde for akvakultur, korallområde med botnfiskeforbod og alternative vernegrenser ved industri/tettstad. Om ein vil få fram matrikkelen som kartlag ligg den under temalaget øvst som heiter Basis Kartdata. I fylkesatlas kan ein trykke på knappen nede til venstre for å veksle mellom basiskart, Norge i bilder eller t.d. sjøkart.

Forlenging av verknadane av naturmangfoldloven § 44:

Som ein del av denne høyringa legg vi også fram forslag om å forlenge verknadene av naturmangfoldloven § 44 med to år for det føreslåtte verneområdet i Sognefjorden. Føremålet med paragrafen er å hindre at viktige naturverdiar vert skada eller øydelagde mens verneprosessen pågår. Sidan dei noverande verknadene av kunngjeringa går ut i desember, er ei forlenging naudsynt for at styresmaktene framleis skal kunne sikre naturverdiane fram mot vedtak. Dette inneber mellom anna at forvaltningsorgan framleis kan avslå søknader om tiltak som kan vere til skade for verneforslaget.

Vernet i Solund kommune:

Det er området frå Losna, og innover mot Hyllestad og sørover mot Gulen som omfattast av verneforslaget:



Vernegrensa er mørk blå. Dei grøne strekane er område som er foreslått verna heilt i flomålet (gruntvassområde). Det rosa/oransje-området er forslag om botnfiskeforbod grunna korallførekomstar. Torsholmane sør for Losna er teke ut av verneområde, sidan dette området allereie er verna som naturreservat. Vernet omfattar g.b.nr: 63/1, 64/3, 65/1-3 og 65/5 inn i flomålet. I tillegg ligg vernet på 2 meters djupne utanfor eigedommane for g.b.nr: 64/1, 2 og 4, og 65/4, 8, 10, 11, 16, 18, 19 og 23. Sjøområde utanfor 2 meters djupne ved middels lågvatn er utanfor grunneigars eigedom jamfør rettspraksis.

Statsforvaltaren har inkludert fleire økologisk viktige grunne område som går inn på privat eigedom. Desse er valde ut for å få med eit representativt utval av gruntområde i dei ulike delane av Sognefjorden. Det er langt fleire gruntvassområde i ytre delar av fjorden enn i indre, slik at det er mest kritisk å sikre område i den indre delen av Sognefjorden. I fleire av gruntområda finst dei få, men svært viktige ålegrasengene som er registrert i Sognefjorden. Både ålegrasenger og gruntområde generelt er svært viktige for naturmangfaldet i fjorden, både som høyproduktive naturområde og oppvekstområde for mange artar.

Verknader av vernet i Solund:

Vernet vil ha ei rekke positive verknader for naturmiljøet og til dels for næring. Det vert peika på at lokalsamfunna vil oppleve ivaretaking av økosystemet, kulturminne og landskap. Potensielt kan det bli meir fisk. Det kan også styrke lokal identitet, potensielt auke verdien for reiseliv, auke mogelegheita for midlar til opprydding, og bidra til auka karbonlagring. Det vert peika på at vernet mellom anna kan betre vilkåra for gyting- og oppvekst for fisk, støtte opp om eksisterenda verneområde, sikre vasskvaliteten, betra vilkår for friluftliv, kulturminne og reiseliv, og duffefelt for ammunisjon vert betre verna. Vidare vert det peika på at vern kan få positive konsekvensar for fiskeri, akvakultur kan halde fram med vilkår. Det kan påverke påverke samferdsle og infrastruktur.


Verneframlegget i forhold til eksisterende aktivitet i Solund og kommunalt planverk

Samfunnsdel sier at Solund kommune skal ha:

- eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på Solund si plassering og grunnleggjande ressursar i natur og folk.
- barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i ein kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald.
- eit samfunn som legg til rette for å bygge og behalde god helserelatert åtferd.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som kjenner mogelegheitene, deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet, fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som arbeider og nyttar seg av utdannings-, kultur og fritidstilbod.

Solund skal ha legge prinsippa om berekraft, tryggleik og inkludering til grunn i planlegging, drift og utvikling.

Solund kommune sin kommuneplan (arealplanen) legg føringar for arealbruken i kommunen. Kommuneplanen samanfell med reguleringsplan for 65/1 Losnegård. Utklipp frå kommuneplanen sin arealdel ligg under:



Sjøarealet ved Losna er sett av til


- farlei (blå)
- natur, fiske, friluftsliv og ferdsel (lys blå)


- ankringsområde til akvakultur (skravert)
- akvakultur (rosa)

Det er ellers verdt å merke seg at kaia til ferja er sett av til samferdsletiltaket. Det er planlagt utbetring og forlenging av kaia på Losna som vil gå utover område sett av i plan. Verneområdet følger formålsgrensa for samferdsleformålet slik det ligg i arealplanen, slik at det er konflikt mellom verneområdet og areal som er behov for i samband med utviding av kaia.



Det er planlagt flest tiltak i Øllevika ved Kvitøya på Losna:





Øllevika ved Kvitøya er sett av areal til:

- hamn (mørk blå på land)
- samferdsetiltak (grå i sjø)
- næring (rosa/lilla på land)
- anna bruk (oransje, er i praksis naust)
- natur, fiske, friluftsliv, ferdsel (blå skarvur)
- farlei (blå)
- friluftsområde (lys blå)

Kjend aktivitet/utvikling på Losna og omegn

Det er planlagt utviding av eksisterande ferjekai på Losna.

Det er sett i gang arbeid med reguleringsendring på reguleringsplan Losnegård 65/1 (Øllevika). Dette reguleringsarbeidet omfattar i hovudsak etablering av fleire naust, flytebyggjer, molo og utfylling i sjø, og nokre samferdsiltiltak på land.

Det er ingen akvakulturanlegg i Solund som vert direkte påverka av vernet, medan areal sett av til akvakultur på austsida vert påverka. Det er eksisterande akvakultur sør for Krakhella og nord for Øllevika ved Kvitøya. Begge desse anlegga er eksisterande, men dersom det vert beslutta anleggsendringar med omsyn til fortøyingar kan dette føre til krav om søknad for det austlege området. Utbygging av akvakultur på vestsida av Losna, vert ikkje påverka av vernet slik det er lagt fram.

I kommuneplanen er det planlagt ei ferjekai i Øllevika ved Kvitøya, dersom det vert etablert bru over Krakhellesundet.

Vurdering:

Kommunedirektøren ser verneframlegget i utgangspunktet som positivt då det støttar Solund kommune sitt fokus på berekraft, og at det på sikt kan styrke ressursgrunnlaget for fiskeri. Ein vernestatus er truleg også positiv for naturbasert reiseliv og omdøme, og kan tilføre verdi til UNESCO-parken, i tillegg til at det er høve til å få meir kunnskap. Dette er i samsvar med Solund kommune sin samfunnsdel. Det er også positivt at eksisterande bruk kan halde fram.

Samtidig kan det vere negativt for framtidig næringsutvikling gjennom restriksjonar for inngrep i sjø og ny akvakultur, saman med samferdsle og infrastruktur i verneområdet. Det er nokre område som kommunedirektøren rår å ta ut, med omsyn til planlagt aktivitet i kommuneplanen sin arealplan. Vi ber om at Statsforvaltaren har nærare dialog om detaljane i dette med Solund kommune. Desse områda er:

- område rundt eksisterande ferjekai på Losna
- område rundt planlagt ny ferjekai på Losna (Øllevika)
- område ved på austsida av Losna som i dag er sett av til akvakultur - namngjeve A1 i Solund kommune sin arealdel

Det er vurdert slik at at barn og unge i stor grad er ivareteke i verneframlegget, ved at ein vernestatus vil føre til meir kunnskap og gje eit betre grunnlag for undervisning. Samtidig er det ope for hausting av ein del artar til privat forbruk, og generelt ope for fiske, friluftsliv og ferdsel.



Solund kommune
Postboks 73
6921 HARDBAKKE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Utsendingsbrev - høyring av Sognefjorden marine verneområde

Statsforvaltaren i Vestland legg med dette lagt fram forslag om Sognefjorden marine verneområde til offentlig høyring, med frist 1. november 2026. Verneforslaget omfattar 1003 km² sjøareal i dei ti kommunane Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster, og er ein del av det nasjonale arbeidet for å bevare eit representativt utval av norsk marin natur for kommande generasjonar.

Statsforvaltaren håpar verneforslaget kan bidra til å belyse dei positive og negative verknadane eit marint vern vil kunne medføre. I høyringsperioden vil vi besøke alle kommunestyra på ny, og er elles på tilbodssida for å formidle verneforslaget.

Føremålet med vernet

Føremålet med Sognefjorden marine verneområde er å verne verdas djupaste og vår lengste fjord, med særeigne geologiske kvalitetar og biologisk mangfald som følgje av stor variasjon i det undersjøiske landskapet. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

Sognefjorden oppfyller kriteria i naturmangfaldlova med både særpreg og representativitet, og skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Den føreslegne vernegrensa går primært til to meter under sjøkartnull. Vi foreslår likevel å inkludere grunne område på privat eigedom opp til flo-mål der det er spesielle verneverdiar, samt der det marine vernet grensar til verneområde på land.

Eit omfattande kunnskapsgrunnlag ligg til grunn for verneforslaget

Verneforslaget er basert på eit omfattande kunnskapsgrunnlag, både i form av kartleggingar, ei stor konsekvensutgreiing, møte, innspel og drøftingar undervegs i prosessen. I nettsaka vår her [finn du det meste av kunnskap](#) vi har fått produsert i løpet av verneprosessen.

I konsekvensutgreiinga er marint vern, [som du kan lese her](#), samla sett vurdert til å ha ein positiv konsekvens for Sognefjorden. Naturmiljø, kulturminne, friluftsliv, fiskeri, landskapsbilete, verdsarv, reiseliv og forskning er tema som kjem styrka ut.



Spesielle ting vi ønskjer tilbakemelding på i høyringsperioden er:

- Vernegrenser generelt, på privat eigedom og rundt småbåthamner, samt alternative vernegrenser i Fuglsetfjorden, Årdalsfjorden, Høyangsfjorden og utanfor Lærdalsøyri.
- Kommunale planar og eksisterande arealplanar i sjø som ikkje er fanga opp så langt i prosessen.
- Bruk av sjøområde og aktivitet i dag, som friluft- og reiselivsaktivitet knytt til fiske spesielt i ytre del av Sognefjorden og aktivitet i område som er skravert på kart.
- Utslepp og skipstrafikk, med dagens praksis for avløp frå skipstrafikk og eventuelle konsekvensar av føreslegne restriksjonar for utslepp frå skip.
- Forvaltningar til forvaltningsregime, som korleis ein ser for seg framtidig forvaltning av Sognefjorden marine verneområde.
- Andre lokale avklaringar.

Du finn høyringsdokumentet og meir informasjon på heimesidene våre

Verneforslaget inkluderer eit høyringsdokument, forslag til verneforskrift, kart, merknadshefte, samt referat og innkomne merknadar i fulltekst.

Her er nettsaka der du finn du alt tilhøyrande høyringsforslaget:

[Forslaget om marint vern av Sognefjorden er no på høyring | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Du kan lese meir generelt om [marint vern Sognefjorden ved å følgje denne lenkja](#). Der får du lett tilgang til oppdragsbrevet vårt, utgreiingsprogrammet (ramma for vernearbeidet), kartleggingsrapporter, konsekvensutgreiinga og meir til.

Tilgang til vernekart digitalt eller på pdf

Vernekartet er tilgjengeleg på www.fylkesatlas.no, under temalaget Natur, Naturvernområder (DOK) og under Sognefjorden marine verneområde. Der kan ein slå av og på ulike relevante kartlag for det marine verneforslaget, som foreslått vernegrense, gruntvassområde med privat eigedom, ankringsområde, referanseområde for akvakultur, korallområde med botnfiskeforbod og alternative vernegrense ved industri/tettbygde strøk. Vernekartet er også tilgjengeleg i pdf-format på heimesidene våre. Elles syner både naturbase og andre kartverktøy verneforslaget under temalag tilsvarande Verneområde/Føreslåtte verneområde.

Forlenging av verknadane av naturmangfoldloven § 44

Som ein del av denne høyringa legg vi også fram forslag om å forlenge verknadene av naturmangfoldloven § 44 med to år for det føreslåtte verneområdet i Sognefjorden. Føremålet med paragrafen er å hindre at viktige naturverdiar vert skada eller øydelagde mens verneprosessen pågår. Sidan dei noverande verknadene av kunngjeringa går ut i desember, er ei forlenging naudsynt for at styresmaktene framleis skal kunne sikre naturverdiane fram mot vedtak. Dette inneber mellom anna at forvaltningsorgan framleis kan avslå søknader om tiltak som kan vere til skade for verneforslaget.

Høyringsfrist for forlenginga av naturmangfoldloven § 44 er 1. november 2026.

Høyringsperioden for verneforslaget er seks månader

I tråd med saksbehandlingsreglane vart [utkast til høyringsdokument](#) for marint vern av Sognefjorden sendt frå oss til Miljødirektoratet den 16. desember 2025 for fagleg gjennomgang.



Miljødirektoratet klarerte, i brev datert 06. mars 2026, at forslaget, etter nokre justeringar, kunne sendast på høyring.

Høyringsfristen for innspel til forslaget om Sognefjorden marine verneområde er 1. november 2026.

Vi ønskjer velkomen alle innspel!

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakarliste:

Marny E Fretheim-Nielsen	Skolegade 54, Danmark	8300	Odder
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyrapplassen 7	6887	LÆRDAL
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
OSLAND HAVBRUK AS	Sørsidevegen 2966	5962	BJORDAL
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
VISIT BERGEN	Postboks 977 Sentrum	5808	BERGEN
VISIT FJORDKYSTEN OG SUNNFJORD AS	Strandgata 30	6905	FLORØ
SOGNEFJORDEN VEL	c/o Torbjørn Dale Kongabergvegen 4	6856	SOGNDAL
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO



Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Det norske skogselskap			
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN



Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022003717!scMRpP

Kva saka gjeld:

Endeleg val av lokalitet for framtidig ekspressbåtstopp i Solund kommune – Indre hamn på Hardbakke eller Steinsund

Saksutgreiing:

Saka engasjerer og det har kome inn 15 uttaler i saka. I tillegg har Skyss gjeve ein kort uttale som peikar på indre hamn som ekspressbåtstopp og knutepunkt. Elles er tal innspel nok så lik mellom Steinsund, indre hamn og eksisterande lokalitet på Krakhella. Tidlegare kommunestyrevedtak og kommuneplanen sin samfunnsdel seier at det skal jobbast for å flytte ekspressbåtstoppet frå Krakhella til Hardbakkeområdet. Det er det denne saksutgreiinga handlar om vidare og omtalar difor ikkje Krakhella. Pensjonistforbundet har fokus på universell utforming av tilkomst.

I sak 28/26 var det vedteke å jobba vidare med alternativa indre hamn på Hardbakke og Steinsund. Det vart i vedtaket omtalt seks punkt ein ville ha ytterlegare avklart før endeleg vedtak vert fatta. Punkta er :

1. Avklare om mudder på sjøbotn i indre hamn i kombinasjon med ekspressbåten sitt vannjetssystem vil skape problem for ekspressbåten og/eller nærmiljøet. I så fall avklare tiltak og kostnad.

Her har me ikkje gått vitskapleg til verks, men det er gjennomført prøvetur med ambulansebåten i den same løypa som ekspressbåten er tenkt å følgje. Det vart sett høg kraft på vannjet-systemet i om lag same plassering som der ekspressbåten vil legge til kai jfr skisse frå Asplan Viak sin rapport. Både administrasjon og politikk var representert under prøveturen. Det vart tatt ei mengde bilete og videoklipp frå turen.

Vidare vart ELMA ROV Service innleigd og var nede og filma botnforholda med ROV og målte djupne. Filmen syner tang på botn med mudder dels på tang og ikkje minst på botn. Minste djupne utanfor kaien var ca 10 meter

2. Avklare eigarskap og økonomi på dei to lokalitetane

Administrasjonen har hatt møte med grunneigarane av dei aktuelle eigedomane i Steinsund og på indre hamn – Hans I. Steinsund og Vidar Hop Rederi (VHR). I møte med Hans I. Steinsund, 6.juli 26, fekk kommunen munnleg tilbod om å kjøpe næringsarealet N20 for kr 1 .500.000,-

I møtet med Vidar Hop Invest AS, 30.juni 26, kom det fram at Hop ynskjer å eige kai og

bygningssmasse sjølv. Men er positiv til etablering av ekspressbåt kai på sin eigedom og ein langsiktig leigeavtale med kommunen på naudsynt bygningssmasse og naudsynt tilkomstrett, HC – parkering og av-/ påstigning. Her vil den føreståande planprosessen leggja dei føringar for eigarskap som kommunen ynskjer, men i god dialog med grunneigar.

3. Kva krav vil regionale mynde stille knytt til at det tidlegare har vore eit avfallsmottak nært aktuell lokalitet i Steinsund ?

Det er krav om miljøteknisk grunnundersøking før ein kan planlegge bygging. Erfaringstal for pris på undersøking er inntil kr 500.000. Avfall vart brent på det kommunale deponiet frå 1972 og fram til NGIR starta innsamling av hushaldningsavfallet i Solund. Oske frå slike avfallsmottak har ein høg konsentrasjon av tungmetallar (bly, kvikksølv mm) og PAH – forbindelsar og kan utløyse krav om bortkøyring av massar til godkjent mottak. Då vil det vere snakk om langt høgare beløp enn kostnaden med undersøkinga. Dette veit me ikkje før me eventuelt finansierer ei slik undersøking.

4. Kva meirverdi vil det ha for sentrumsutviklinga på Hardbakke at ekspressbåten kjem inn på indre hamn ?

Dette er eit punkt med stor grad av vurderingar og mindre fakta. Omtale difor gjort under vurderingsdelen i saka. Det som er fakta er at Vestland Fylkeskommune v/ Skyss peikar på Indre hamn som kommunikasjonsknutepunkt og uttaler følgjande :

«Ny lokalitet bør ta i vare gode overgangar mellom lokalbåt-ekspressbåt og buss-båt generelt. Det vil vere uheldig å velje ein usentral lokalitet, som gir behov for eit stort transportbehov til/frå kai. Vår vurdering er at Indre hamn vil vere det naturlege valet. Lokaliteten ligg sentralt, slik at mange innbyggjarar kan gå/sykle, og dei reisande kan nå viktige funksjonar og tenester nært kai. Det er også naturleg å samordne buss- og båtruter i Hardbakke, slik at vi kan bidra til eit mest mogleg effektivt og attraktivt transporttilbod i Solund.»

5. Kva meirverdi vil ein permanent fleirbrukskai i Steinsund gje ?

Det har i mange år vore ytra ynskje om ein sentrumsnær kai på Hardbakke, eigna for lasting/lossing av asfalt og grus. I dag er det den private kaien på Solneset som er den mest sentrumsnære kaien. Det er ein avstand på ca 6,3 kilometer mellom Steinsund N20 og kaien på Solneset. Administrasjonen har ikkje tal på kor mange tonn med asfalt, grus, singel mm som vert lossa kvart år og som skal i retning Hardbakke. Utvikling av kaiområdet kan også legges til rette for næring i området.

6. Beskrive mogelegheit for betra tilkomst til kaiområdet i Indre hamn. Vurdere kostnader ved utbetring av veg og gangfelt på strekninga mellom skule og hamneområdet i høve trafiksikkerheit.

Det er i dag 3 ulike tilkomstveggar/gangstiar til hamna. Den eine som går opp på sida av kommunehuset er nokså bratt, den som går mot senteret er god for gåande forutan ei uoversiktleg kryssing over fylkesvegen. Den siste tilkomsten er den kommunale bilvegen ned frå kyrkja langs Hardbakke 20. Dei gåande som kjem frå områda nord på Hardbakke og skal til/frå hamna går som regel denne vegen. Vegen er smal og ikkje eigna for kombinasjonen gåande og biltrafikk. Men det «fungerer» grunna begrensa mengde biltrafikk.

Dette vert ein sentral del av planarbeidet for indre hamn som startar opp snarast etter at valet av ekspressbåtstopp er tatt. Det er vanskeleg å stipulere ein kostnad utan å prosjektere eit slikt prosjekt. Men i prosjekt Sildevika-Steinsund vurderte Vestland Fylkeskommune nyleg kostnaden til kr 12.500 pr meter med asfalt, lys og rekkverk. Å byggja omlag 100 meter gang- og sykkelveg der hekken på Hardbakke 20 står i dag kan vere ei løysing. Kanskje er løysinga å gå igjennom Hardbakke 20 / «Betsyhagen» viss det harmonerer med framtidige planar for eigedomen ?

Vurdering:

Mudderproblematikk indre hamn

Det kom opp noko mudder når ein nytta mykje motorkraft på ambulansebåten. Truleg er det sjeldan at det vil vere naudsynt å nytte så mykje motorkraft på Hardbakkevika. Ein annan observasjon var at tross mykje motorkraft vart nærliggjande båtar og flytebyggjer lite påverka av bølger frå båten.

Det er minimum 10 meter djupne utanfor Taklekaiaen. Det er mudder på botn. Det er ikkje unikt for ei ekspressbåtkai. Smørhamn og Leirgulen har ei djupne på kring 6,5 meter og Seljevågen er endå litt grunnare. Også der er det fin sand / mudderbotn som kan virvlast opp. Det er ikkje noko stort problem, men Hamnesjefen i Bremanger opplever at det er individuelle forskjeller mellom båtførarane med tanke på bruk av motorkraft og det å ta omsyn til nærområdet. Det har til tider vore dialog mellom kommunen operatør knytt til dette. Sentrumsutvikling Hardbakke

Dersom denne saka hadde vore i eit meir bynært område med sikker avkastning på investert kapital i utviklingsprosjekt, så hadde dette vore langt enklare å meine noko om. Men det me kan ynskja oss er å samla folk og funksjonar for å fremja menneskemøter, oppleve fellesskap og styrka eksisterande funksjonar i kommunesenteret. Vidare er det eit faktum at det er langt fleire folk, arbeidsplassar, handelstilbod, overnattingstilbod og fritidstilbod i kommunesenteret kontra i Steinsund. Fleire kjem direkte tettare på der dei skal.

Eit anna moment er marknadsføringa av Hardbakke som reiselivsdestinasjon. Me har eit vakkert hamneområde tross alt.

I vårt vesle kommunesenter er det viktig å «putte flest mogeleg egg i same korga» - samhandling, fleirbruk. Samle folka og kundegrunnlaget. Eit døme på det no er kommunehus i Næringsbygget for å styrka og sikra framtida for drifta av bygget. Slik må me også tenka i denne saka. Kan me kombinere offentleg toalett og venterom med servicebygg for gjestebrygga ? Kan venterom, gjestebrygge, andre ferierande og fastbuande i sum danne grunnlag for eit sesongbasert eller heilårs serveringstilbod i hamna ?

Andre vurdering

Parkering er eit tema som skapar diskusjon og er viktig for mange. Spesielt dei som bur utanfor Hardbakke og ikkje går til båten eller kan ta bussen. Det let seg lettast ordna i Steinsund – tilstrekkeleg med parkeringsplassar nært kaikanten. Det vil korte reisetida for mange kontra å gå ned frå parkeringsplassen på «Tikroningen» Også bussen vil kome nærare kaikanten i Steinsund enn på Indre Hamn. Spesielt for eldre og rørslehemma vil dette vera ein fordel- Dette er eit punkt som talar for Steinsund.

Det at ein startar med blanke ark og byggjer nytt på eigen grunn er positiv og talar for Steinsund. Vidare er N20 eit større næringsareal som kan tilretteleggast for næringsutvikling. Å ikkje gå innom indre hamn vil korte reisetida nokre minutt for dei reisande mellom Bergen og Selje. Dette talar til fordel for Steinsund.

Konklusjon :

Det er fleire punkt som talar for Steinsund - parkering, det å starta med blanke ark på eigen grunn og ikkje minst avstand mellom kaikant og bil/buss. På ei anna side er behovet for tiltak etter ei grunnundersøking ein kostnadsrisiko som me ikkje får avklart før undersøking er gjort.

Kommunedirektøren meiner at mudder på 10 meter djupne og ei manøvrering av båt som tek omsyn til nærmiljøet så vil det vere tilrådeleg å leggje ekspressbåtkai på indre hamn utan dyre tiltak på botn. Innhenta kunnskap i kombinasjon med erfaringar frå Bremanger tryggar oss i konklusjonen at mudderbotnen er til å leve med. Men episodar kan sjølvstøtt oppstå i uvær eller ivrig manøvrering.

Håpet og målet om ei sentrumsutvikling på Hardbakke gjennom sambruk/fleirbruk og å støtte oppunder eksisterande funksjonar er det som talar sterkast for å leggje ekspressbåtstoppet til Hardbakke og som gjer at kommunedirektøren konkluderer med at indre hamn er det beste alternativet. Me har ikkje svar på alle areal- og eigarspørsmål på hamna pr i dag, men målet er å finna gode løysingar gjennom planprosessen.



Saksframlegg

Arkiv: K1-210
ArkivsakID: 26/287
JournalpostID: 26/2430
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 10.09.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
047/26	Formannskap	17.09.2026
036/26	Kommunestyre	24.09.2026

Tertialrapport nr. 2 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr 2. 2026 til vitande.

17.09.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-047/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr 2. 2026 til vitande.

Vedlegg i saka:

10.09.2026 Tertialrapport nr. 2 2026

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Tertialrapport for perioden januar - august 2026

Saksutgreiing:


Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal i utgangspunktet vera ein avviksrappport, men skal også omtale status og forventta avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse der det er naudsynt, og konsekvensane av dei tiltaka som vert foreslått for å oppnå balanse.

Grunna kapasitet i kommuneadminstrasjonen var tertialrapport nr. 1 svært knapp. Hendingar frå 1. tertial er difor også omtala i denne tertialrapporten der det er naturleg. Kapasitetsutfordringar har også prega utarbeidinga av denne rapporten, og det er mellom anna ikkje skrevet noko om sektor for Samfunn- og næringsutvikling då det der for tida er vakanse i leiarstillinga.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagt tertialrapport for vidare kommentarar. Tertialrapporten vert fylgt opp med ein eigen budsjettjusteringssak.

Tertialrapport nr 2. 2026



Solund kommune

Vedteke i Solund kommunestyre 24. september 2026 i K-sak xxx/26

Innhald

Inntekter	3
Pensjon	4
Rapporter frå drifta	5
Stab.....	5
Oppvekst og kultur	6
Overordna oppvekst og kultur	6
Solund barnehage.....	7
Solund skule.....	9
Kultur	11
Bibliotek.....	11
Kulturskule.....	11
Ungdomsråd og ungdomssatsing	11
Barnevern	12
Helse og omsorg.....	13
Sjukeheim/heimeteneste og miljøtenesta.	13
Lækjartenesta	14
Ergo- og Fysioterapitenesta:	14
Helsestasjon/skulehelsetenesta:.....	14
Psykisk helse og psykolog:.....	14
Kjøkken, vaskeri og reinhald:.....	14
Plan og tekniske tenester	15
Vatn og avløp.....	15
Kommunal veg og kai	15
Kommunale Bygg.....	15
Adresseprosjekt	15
Innsparingar i drifta	16
Investeringsprosjekt	17

Inntekter

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning

2026 inneberer større omleggingar av forfallsmønsteret for skatt. Der kommunane tidlegare fekk store summar utbetalt annakvar månad, får dei no jamnare skatteinngang med enkelte mindre svingingar. Omlegginga har gjort det utfordrande å legge eit periodisert budsjett for året, og Skatteetaten har så langt oppdatert sine malar for periodisert budsjett fleire gongar. I enkelte av desse budsjettmalane har administrasjonen også lagt inn feile totalbudsjett-tal. Opp mot budsjett ligger ein difor an til ein svikt i skatteinntektene.

Feilbudsjettering kjem i tillegg til ein noko lågare vekst i skatteinntektene frå 2025 til 2026 i Solund kommune samanlikna med landsgjennomsnittet. Førebelse prognosar tilseier ein vekst på 1,1 % i Solund kommune, mot ein forventa vekst på 6,4 % på landsbasis. Dette skuldast nok i stor grad at Solund kommune dei siste åra har hatt ein vesentleg høgare vekst enn landsgjennomsnittet, og at veksten no nok har flata ut.

Det er framleis uviss knytt til endeleg skatteinngang, og skatteetaten varslar justeringar fram til og med november. Kommunedirektøren tilrår likevel å gjere justeringar i denne omgang slik at ein har betre oversikt over det totale inntektsbilete. Særleg med tanke på at det framleis er stor uvisse knytt til Havbruksinntektene.

Lågare skatteinngang medfører at Solund kommune må innbetale mindre til inntektsutjamninga. I sum tilrår kommunedirektøren å redusere forventa inntekter frå skatt og inntektsutjamning med 1.190.000,-. I tillegg kjem det mindre justeringar på 59.000,- i auka inntekter på rammetilskotet i samband med RNB.

		T1-26	T2-26
18000	Innbyggjartilskot	-25 492	
	Utgiftsutjamning	-29 478	-50
	Overgangsordningar (INGAR)	-3 264	
	Særskilte fordelingar	-111	
	Effekt av saldert statsbudsjett 2026	-698	
	RNB		-9
	Sum rammetilskot	-59 043	-59
18000	Inntektsutjamning	3 934	-2 251
18700	Skatt på inntekt og formue	-38 948	3 500
	Sum skatt og inntektsutjamning	-35 014	1 249

Om Havbruksinntekter

Solund kommune har budsjettert med til saman 47.000.000,- i inntekter frå Havbruksfondet i 2026. Det utgjer omtrent ein tredjedel av dei frie inntektene til kommunen i år. Samla sett utgjer inntekter frå Havbruksfondet 23 % av dei frie inntektene til Solund kommune i økonomiplanperioden. I 2026 skal 11.591.000,- nyttast til investeringar og heile 27.156.000,- nyttast i drift (der 10.400.000,- er produksjonsavgift). Økonomien til Solund kommune er med andre ord heilt avhengig av desse inntektene for å gå rundt.

Inntektene frå Havbruksfondet er delt mellom produksjonsavgift og auksjonsinntekter. Produksjonsavgifta kjem årleg og er rimeleg sikre inntekter som kjem så lenge det går fisk i merdane langs kysten. Det er budsjettert med 10.400.000,- i inntekter frå produksjonsavgifta i 2026, dei resterande 36.600.000,- er forventa auksjonsinntekter.

Systemet med havbruksinntekter er i endring. I juni 2025 inngjekk partia Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre eit breitt forlik i Stortinget om Havbruksmeldinga. Der vart det mellom anna vedteke at «Havbruksfondet skal videreføres og videreutvikles for å sikre og oppretthalde forutsigbare og stabile inntekter til vertskommuner og lokalsamfunn.». Det var lenge vanskeleg å stadfeste at det i det heile ville bli gjennomført auksjoner i 2026, men i eit skriftleg svar til Stortinget i juli skriv fiskeri- og havminister Marianne Sivertsen Næss at «Regjeringen planlegger å holde en tildelingsrunde i 2026, i tråd med trafikklyssystemet. (...) Det er planlagt at auksjonen holdes i løpet av høsten, men eksakt tidspunkt er foreløpig ikke avklart.».

Trafikklyssystemet er Regjeringa sin måte å regulere oppdrett langs kysten ut ifrå kor lakselus påverkar villaks i same område. Ein fargekoding med grønt, gult og raudt avgjer om ein i område får utvide, oppretthalde eller reduser oppdrettsproduksjonen. Dei samla trafikklysa for Noreg vert difor avgjerande for kor mykje kapasitet som kan auksjonast bort. Det vert lagt opp til grønt lys, og dermed vekst, i berre 3 av dei 13 produksjonsområda i 2026. Det er ein nedgang frå 6 grøne område i 2024. Samstundes har Regjeringa lagt opp til 6 % vekst i dei grøne områda, medan Solund kommune har budsjettert med inntekter likt som i 2024. I tillegg er snittprisen frå auksjonane ein ukjent variabel fram til auksjonane er gjennomført. Særleg sidan systemet er i endring.

Det er difor framleis stor usikkerheit knytt til dei faktiske auksjonsinntektene til Solund kommune i 2026. Det er på grunn av endringane i trafikklysa grunn til å forvente at ein får mindre enn dei budsjettert 36.600.000,-. Men sidan det endelege resultatet framleis er ukjent tilrår ikkje kommunedirektøren å endre budsjetteringa her. Ein omfattande svikt i inntektene vil truleg måtte finansierast gjennom auka låneopptak til dei planlagde investeringane.

Det er ein tilleggsproblematikk at Havbruksinntektene vert utbetalt seint på året. I det skriftlege svaret til Stortinget skriv ministeren at «Selve utbetalingen forutsetter fullmakt fra Stortinget. Det er naturlig å håndtere dette i forbindelse med nysaldering av statsbudsjettet.». Nysaldering av statsbudsjettet skjer vanlegvis i desember og det å få så store deler av inntektene våre utbetalt så seint på året påverkar likviditeten negativt.

Pensjon

SPK har ikkje kome med oppdaterte prognosar endå. Det er berre lærar som har pensjon via SPK i Solund kommune så KLP utgjer mesteparten av pensjonskostnadane til kommunen og det er mogleg å berekne mykje av den samla kosten. Grunna likviditet var det naudsynt å nytte midlar frå premiefond for å betale deler av pensjonsrekningane i juli. Det har endre bilete på pensjonskostnadar noko men ut ifrå tala frå KLP ser det ut som om ansvar 799 skal gå i balanse ved årsslutt.

Rapporter frå drifta

Stab

Dei store endringane i personalgruppa i Staben som starta i 2025 haldt fram i 2026. Den siste av tre nytilsette starta opp i februar, og ein tilsett gjekk av med pensjon i mars. For mange i Staben har det difor vore ein ny kvardag som tilsett i Solund kommune, og for dei som har vore her lenge har det vore ein ny kvardag med nye kollegaer.

Dei medarbeidarane som slutta i 2025 og starten av 2026 var særst erfarne med nærare 65 års samla ansiennitet i kommunen, og har hatt ein rekke ulike roller opp gjennom åra. Det gav ein stor styrke når oppgåver skulle løysast ved fråvær og liknande. Så sjølv om ein er svært nøgd med tilsetjingane som er gjort, og dei nye medarbeidarane raskt har funnet seg til rette i stillingane sine, har ein mista ein del redundans i personalgruppa og ein er meir sårbar ved fråvær.

1. tertial var i stor grad farga av årsavslutninga og 2. tertial av ferieavvikling. Manglande kapasitet gjer at fleire oppgåver har blitt skyvd på gjennom året. Det gjeld mellom anna arbeidet med overordna ROS etter sivilbeskyttelsesloven, arbeid med eigedomsskattesaker og rullering diverse reglement. Manglande kapasitet gjer også at ein har måtte sei opp avtalen om at Solund kommune leverer løns- og rekneskapstenester til Fjordane Friluftsråd.

Vidare har arbeidet med anbod på nytt kommunehus teke ein del kapasitet. Men dei tilsette kan sjå fram til at ein på denne tida neste år kan flytte inn i nyoppussa og moderne lokalar. Samanlikna med no-situasjonen vil det være eit etterlengta løft.

Det har også gått ein del ressursar til arbeidet med Bygdevekstprosjektet, særleg på bustadområdet. Når det gjeldt bustader er det også gledeleg at dei avsette midlane til etablerartilskot er brukt opp. Samstundes ligg det før ein søknad om etablerartilskot til handsaming i formannskapsmøtet 17. september, og kommunedirektøren er kjent med at det truleg kjem i alle fall ein søknad til i løpet av året. Kommunedirektøren tilrår difor å styrke ansvar 100 med 100.000,- til fleire etablerartilskot.

Det er ikkje forventa vesentlege økonomiske avvik ved årsslutt.

Oppvekst og kultur

Overordna oppvekst og kultur

Under ansvar 220 ligg det overordna ansvaret for oppvekst- og kultursektoren. Her ligg også PPT, spesialpedagog, vaksenopplæring, skuleskyss, ressurspedagog, ungdomsklubb og utgifter til krisesenter.

I løpet av dei to første tertiala har det vore arbeidd mykje med BTI (Betre tverrfagleg innsats), eit felles prosjekt for alle tilsette som møter barn, unge og familiar i Solund kommune. Det vart gjennomført felles opplæring for tilsette i april. Frå skulestart i august 2026 er BTI teken i bruk som arbeidsmetode i heile kommunen. Det vert viktig å halde fokus på dette arbeidet også framover. BTI skal sikre at barn, unge og familiar får hjelp på eit tidlegast tidleg tidspunkt og sikre betre tverrfagleg samarbeid. Hausten 2025 fekk ein innvilga 460 000 til å innføre BTI. Desse midlane sikrar at ein har lønnsmidlar til å løne ein prosjektkoordinator i 40 % stilling, i tillegg til prosjektleiar i 10 % stilling. Midlane må nyttast innan november 2026.

Mobbombodet i Vestland hadde temakveld i Solund Grendahus 29. april. Både føresette, tilsette, frivillige aktivitetsleiarar og formannskapsmedlemmer var invitert til kvelden.

Norskopplæringa for framandspråklege har halde til i det gamle bankbygget det siste året. Det har vore låge elevtal dei siste åra, og frå august er lærarressursen redusert til eit halvt årsverk. Samstundes flytta norskopplæringa til kjellaren i barnehagen. Det er utfordrande å halde drifta gåande med så varierende elevtal, fordi opplæringa er finansiert med særskilte tilskot frå staten. Budsjettet har teke utgangspunkt i mottak av nye flyktningar i tråd med kommunestyrevedtaket i k-sak 25/69 og dermed tilskot for ti flyktningar. Så langt i 2026 er det ikkje kome nye flyktningar til kommunen.

Ungdomsklubben har vore ein suksesshistorie i 2026. Det er no ungdomsklubb kvar tysdag i amfiet på skulen, og det har vore svært godt oppmøte. Faktisk så godt at ein har sett seg nøydd til å ha med ein ekstra vaksenperson desse kveldane. I april var ungdomsklubben på ekskursjon til Austrheim på ungdomsklubben der.

Ansvarsområdet ligg an til å gå i balanse, grunna bruk av fondsmidlar. Utan desse ville ein hatt eit overforbruk på nærare 300 000. Overforbruket skuldast først og fremst mindre tilskot til norskopplæringa for framandspråket enn budsjettet.

Solund barnehage

Fyrste tertial vart avslutta med 24 barn og 9,6 årsverk + styrar. I tertialet vart det arbeida godt og drifta i barnehagen var tilfredsstillande. Det har i tertialet vorte arbeida ein del med det nye kvalitetssystemet og med Visma flyt sikker sak. Å innføre nye system er svært tidskrevjande men det vil på sikt verte tidssparande.

Eininga starta i tertialet opp arbeid med organisering av barnehageåret 2026/2027. Barnetalet er synkande og det må gjerast interne grep for å sikre ei tenleg og forsvarleg drift som samstundes støtter lov og avtaleverk.

Det vart gjennomført eit møte i Samarbeidsutval der det mellom anna vart fastsett veker med redusert opningstid sommaren 2026, samt plandagar for barnehageåret 2026/2027.

Andre tertial vart avslutta med 15 barn og 8,6 årsverk + styrar. I tertialet har 9 barn byrja på Solund skule, og 1 barn har starta i barnehagen. Det ventast eit barn til i starten på neste tertial.

1 tilsett har 1 års permisjon frå stillinga si som fagarbeidar, og 1 fagarbeidar er på skulen ein periode for å sikre god overgang frå barnehage til skule. Ut frå det avsluttast tertialet med 7,6 årsverk + styrar.

Barnetalet i kommunen er synkande, og det ser ein sjølvst på tal barn i barnehagen. I 2010 var det 45 barn i barnehagen og i 2019 var det 27. Tal årsverk har og endra seg dei siste åra.

Det har vore arbeida internt med korleis løyse dette på best mogeleg måte:

- Har gått frå 3 til 2 avdelingar
- 1 pedagog har starta studie (Språkutvikling og språklæring i barnehage) og er frikjøpt i 20 % stilling
- Eininga har fått tilskot på 140 000,- i Rekomp midlar. Prosjektet er eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Det starta i mai 2026 og skal ferdigstillast barnehageåret 2026/2027. «Kompetente og leikekloke tilsette i uterommet» er tema. Kompetanseheving og praktisk utføring tek tid og alle tilsette har i den forbindelse fått utvida plantid
- Pedagogiske leiarar har fått utvida plantid for å utføre nokre oppgåver som tidlegare har vore utført av styrar utanom ordinær arbeidstid
- Det skal arbeidast vidare med Ros analysar og kvalitetssystem, samt planar som ikkje er oppdaterte

Såleis vert inneverande barnehageår utnytta til kompetanseheving i eininga, samt å få rutinar og planar på plass.

Ferieavvikling for tilsette strekte seg over 8 veker. Tilsette sin ferie vert sett opp etter at føresette har meldt inn ferie for barn. Ut frå dette får ikkje tilsette avklart ferieperioden sin før i månadsskiftet mai/juni. Det var to veker med redusert opningstid 08.00-15.30. Dette er eit naudsynt tiltak for å få drifta til å gå rundt mens tilsette har ferie. Når ein ser tilbake på tal barn i juli, samt tidspunkt dei har

nytta barnehagen, bør det takast ei evaluering av drift av Solund barnehage om sommaren. Barnehagen bemannar ut frå det behovet som vert meldt inn frå føresette, men utan unntak er det meldt inn eit større behov enn det som blir brukt. Dette får igjen konsekvensar for drifta i slutten av juni og byrjinga av august.

Answaret er forventet å gå i balanse ved årsslutt.

Solund skule

	1. halvår	2. halvår
Tilsette	23 stk, herav 1 lærling	23 stk
Årsverk	19,50 Dette inkludert årsverk som kjem i tillegg til ordinær skuledrift: - 1 årsverk er lærling, refundert av tilskot/samarbeidspart - 0,9 års verke er vidareutdanning, refundert av UDIR - 1 årsverk er spespedstilling der kostnadane ligg på overordna oppvekst	20 Av dette er: - 0,5 årsverk vidareutdanning, som er delvis refundert av UDIR - 0,3 årsverk digiped - 0,3 årsverk er miljøressurs - 1 årsverk er rektor - 1 årsverk er i permsjon - 1 årsverk er spespedstilling der kostnadane ligg på overordna oppvekst
Elevtal	65 elevar, 20 % av elevgruppa har eit anna morsmål enn norks	73, elevar

Innblikk i skulekvardagen

Eitt skuleår med drift i nye lokalitetar. Eitt år med utvikling av praksis og prøve ut nye mogelegheiter. I skrivande stund er vi framleis i ein «bu-seg-inn» fase, men er likevel kome oss godt inn i nye skulelokalitetar. Biblioteket er teke i bruk og er del av skulen sin skulekvardag.

Det er fleire faste aktivitetar i skulebygget etter skuletid. Det er eit bygg som har liv og røre stor del av døgnet og veka.

I tillegg til nytt skulebygg, vart 5 dagar skuleveke innført for 1.-4.trinn og SFO vart utvida til å gjelde deler av skulen sine ferie og fridagar. Første gang iverksett vinterferieveka februar 2026. Truleg grunna kort tid mellom vedtak og tilbod vart det ingen påmelde. Ferieveka var nok allereie organisert. På SFO etter skuleslutt i juni og før skulestart august var det kring 10 elevar kvar veke. Pr 17.08.2026 er det 24 elevar på SFO.

Våren 2026 vart det investert i nye verktøy og utstyr til kunst og handverksromma, noko som gjer at elevane endeleg skal få ha sløyd igjen. Sjølv om lokalitetane kan takast i bruk er det framleis småting som må ordnast på i lokalitetane.

Det er framleis forventa kostnader med å få bygget og skulekvardagen til å oppnå optimal drift. Denne kostnaden ligg ikkje berre på skulebudsjettet, men må sjåast i samheng med kostnad for heile byggeprosessen.

Skulen pr august 2026

- 1. Rekruttering.** To nyutdanna lærarar med ønskja kompetanse er tilsett ved skulen. Skulen står generelt overfor eit generasjonsskifte i åra som kjem.
- 2. Myldrerommet** er teke i bruk som lokalitetar til SFO samt til bruk som frileik gjennom skulekvardagen. Det vert mykje støy i rommet når mangan samlast og det vil vere behov med støydempande tiltak.
- 3. Vedlikehald på mellomtrinnet sine klasserom.** 4 undervisningsrom og toaletta vart pussa opp gjennom sommaren. Det gjenstår å få nye vindauge med solskjerming. Dette er under planlegging.
- 4. Innføring av nye fagsystem/.verktøy.** Oppvekst tek i bruk verktøy kring Betre Tverrfagleg Innsats, BTI. Våren har vorte brukt til utprøving og opplæring i verktøyet.

5. **Arbeidslivsfag.** Skuleåret 2025 – 2026 vart faget utvikla gjennom samarbeid med lokale arbeidsgjevarar. Samarbeidet vert opplevd som positivt og vert vidareutvikla i kommande skuleår. Frå august 2026 er arbeidslivsfag, saman med framandspråk, obligatorisk valfagstilbod. I praksis betyr dette at, grunna det lave elevtalet i Solund, vil det kun verte to fordjupningsfag å velje mellom for elevane frå og med skuleåret 2028 – 2029, då det tredje fordjupningsfaget går ut som valfag.
6. Resultatet av **arbeidsmiljøundersøkinga**, som vart gjennomført mai/juni 2025, viser at tilsette opplever vald og truslar på arbeidsplassen. Dette kjem også fram i avviksrapportering. Oppvekst og helse har starta arbeidet, i samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonova, med å risikovurdere og utarbeide handlingsplan opp mot vald og truslar. Plan er ikkje ferdig utarbeida og må halde fram. I samarbeid med bedriftshelsetenesta vert det også arbeide med arbeidsmiljøet hausten 2026.
7. **Arbeidet med å gje personalgruppa opplæring, implementere og ta i bruk fagsystem** held fram. Dette er ressurskrevjande og kjem på toppen av ordinære driftsoppgåver.

Økonomi

Det vert arbeida målrette for å få budsjettet nærast mogeleg i balanse. Hovudtiltaket er å redusere løn. Vikarar vert teke inn i så liten grad som mogeleg, noko som truleg vil gå ut over opplæringstilbodet til elevane samt det å sikre eit godt og trygt skulemiljø.

Auka SFO tilbod har ført til meirutgifter, dette grunna auke av elevar som søker SFO plass, Inntektene ved auka elevtal dekkjer ikkje lønsutgiftene ved auka personaldekning.

Ansvarsområdet er truleg i balanse ved årsslutt, mellom anna på grunn av tilførte midlar etter 1. tertial.

Kultur

Til ansvar 230 ligg utgiftspostar knytt til ulike kulturtiltak, til dømes Bygdekinoen, Musea i Sogn og Fjordane, leige av Grendahuset for Solund skulemusikk og tilskot til instruktørar/dirigent for skulemusikken. Utgiftene på dette ansvarsområdet er stort sett faste. Dei er heller ikkje så store, men gjev viktige bidrag til eit godt kulturliv i kommunen. Ansvarsområdet går i balanse.

Bibliotek

Biblioteket har vore svært godt besøkt til no i 2026. Særleg skulen nyttar biblioteket meir enn tidlegare, noko som sjølvstendig heng saman med at skulen og biblioteket no er i same bygg. Kveldsope bibliotek på onsdagane har vorte ein populær møteplass for småbarnsfamiliar. Det er etter kvart fleire som har ordna seg tilgang til meirope bibliotek, noko som gjer at dei kan låse seg inn utanfor ordinær opningstid. Det gjer biblioteket mykje meir tilgjengeleg enn tidlegare. Det er mykje arbeid når eit heilt bibliotek skal flyttast. Sjølv om dei nye bibliotekslokala vart tekne i bruk 17. oktober 2025, har det vore mykje arbeid med å få rydda ut av det gamle lokalet, samt å få flytta bøker til magasinet på loftet på barneskulen.

Ansvarsområdet er forventa å gå i balanse ved årsslutt.

Kulturskule

Kulturskulen avslutta skuleåret 25/26 med 31 elevplassar i bruk, innanfor følgjande tilbod:

- Visuell kunst
- Messinginstrument
- Media
- Piano
- Gitar

Våren 2026 hadde ein 1,4 årsverk knytt til kulturskulen, fordelt på rektor og fire tilsette. Til sommaren gjekk mangeårig rektor Gry Buer av med pensjon, og vart takka av på kulturskulen sin årlege sommarkonsert. Ein jobba ut over våren med å få på plass ein ny kulturskulerektor. Frå 05.08 er Monika Magdalena Klinbajl tilsett som kulturskulerektor i 60% stilling. 30% går til administrasjon og leiging, 30% til undervisning. Frå hausten har ein såleis 1,5 årsverk i kulturskulen. Ein har byrja det nye kulturskuleåret med 41 elevplassar i bruk. Dette inkluderer dei som går på fleire tilbod. I løpet av hausten vil ein opne for nokre nye tilbod, og ein kjem til å tilby gratis prøvetimar for dei som er interesserte.

Ansvarsområdet ligg an til eit mindreforbruk, men det er for tidleg å seie kor stort dette blir ved årsslutt.

Ungdomsråd og ungdomssatsing

Her ligg utgifter til ungdomsråd, lokalt transporttilbod for ungdom og innløyste verdibrev for ungdom. Kommunestyret har førebels ikkje vedteke at ungdomsrådet skal få møtegodtgjersle. Dette ligg det midlar til i budsjettet. Lokalt transporttilbod for ungdom har vore godt nytta også til no i år, og ein forventar at det vert brukt meir midlar i løpet av hausten. Solund kommune har fått tildelt inntil 100 000 kr til dette frå Vestland fylkeskommune. Det har ikkje vore betalt ut verdibrev til no i 2026.

Ansvarsområdet ligg an til eit mindreforbruk. Dette grunna at det ikkje har vore utbetalt verdibrev og møtegodtgjersle for ungdomsrådet.

Barnevern

Solund kommune er ein del av HAFS barnevernteneste, som er eit vertskommunesamarbeid der Fjaler er vertskommune. Tenesta er lokalisert i Dale. Utgiftene til tenesta vert fordelt mellom kommunane ut i frå barnetal. Deltakarkommunane er Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Tiltak som barnevernet set i verk vert dekkja av den enkelte kommunen.

HAFS barnevernteneste står framleis i ein krevjande situasjon, slik dei har gjort over fleire år. 1. desember 2025 vart det overført ein leiar frå helsetenestene i Fjaler til barneverntenesta som konstituert leiar. Ved utgangen av 2. tertial i år sa vedkomande opp stillinga som konstituert leiar, og barneverntenesta står endå ein gong med ei vakant leiarstilling. Fjaler kommune er i dialog med rekrutteringsfirma for å få hjelp i rekrutteringsprosessen.

Ansvarsområdet ligg an til eit meirforbruk på om lag kr 200 000. Dette skuldast i hovudsak eit etterslep frå 2025 med ei ekstrarekning for fellesutgifter for tenesta som kom vinteren 2026.

Helse og omsorg

Utfordringar i høve optimal drift alle tenestene:

- Rekruttere og behalde tilsette
- Klimaanlegg/ventilasjon på huset. Det er for varmt på sommaren og kaldt på vinteren.
- Bruk av vikarbyrå.
- Dyrare leasing avtalar på bilane.
- Auke i prisar på forbruksmateriell.
- Auke i matvareprisar.
- Trengs vesentleg oppussing i resterande delar av bygget.

Prosjekt/investeringar felles 2026

- Kompetanseheving er naudsyns å halde fram med i alle avdelingar. Det må setjast av midlar til kompetanseheving og hospitering, dette for motivasjon og å kunne yte fagleg forsvarlege tenester.
- Det er eit eige prosjekt under teknisk på oppgradering/vedlikehald på bygget.
- Gardiner til nye vindauga.

Sjukeheim/heimeteneste og miljøtenesta.

Ein må sjå heile ansvarsområdet under eitt, då ein går felles turnus uavhengig av kvar den enkelte er registrert med lønn.

Fleire vakante stillingar som sjukepleiarar og helsefagarbeidarar gjev store utgifter til vikarbyrå. Mangel på tilkallingsvakter, spesielt på helg, gjev også auka kostnader i form av overtid og forskjøve arbeidstid. Samla ligg ein ann til å nytte 650.000,- meir enn budsjettet på lønsmidlar, og 1.200.000,- meir enn budsjettet på vikarbyrå ved årsslutt. Samstundes skuldast noko av fråværet sjukmeldingar og svangerskapspermisjonar og utgiftene må sjåast i samanheng med postane for refusjon frå NAV. Dei ligg an til å bli 500.000,- høgare enn budsjettet. Det er også høgt belegg både for heimehjelp og i institusjon og brukarbetalingane ligg ann til å kome inn 400.000,- høgare enn budsjett.

Det er også enkelte postar utanfor lønsbudsjettet som ligg over budsjett. Det gjeld særleg medikament og forbruksmateriell der ein samla sett ligg an til eit overforbruk på 250.000,-. Noko som utgjer ein 50 % auke mot opphavsleg budsjett. INSS har nyleg gjennomført felles anbod for medlemskommunane på legemiddel og multidose, og ein forventar her vesentleg lågare kostnader framover.

For å halde nede dei økonomiske avvika vert det viktig å unngå å ta inn vikarar der det er mogleg. Samstundes må ein halde fram med rekrutteringsarbeid og behalde dei tilsette ein allereie har.

Samla sett tilrår kommunedirektøren å styrke ramma til ansvar 370 med 1.200.000,- for 2026.

Lækjartenesta

Utfordringar vedrørende drift:

- Få utfordringar
- Vaktplan dekkja ut året utan bruk av vikar.

Avvik av ein størrelse som innverkar dagleg drift:

- Som varsla, og handtert, i 1. tertialrapport missa ein på søknadsdato til styrking av legevakt, og gjekk med det glipp av 1 million i tilskot.
- Trengs nye gardiner samt nytt møblement på venterom og pauserom.

Ergo- og Fysioterapitenesta:

Under avvikling av fødselspermisjon i ergoterapitenesta var det inn ekstra fysioterapeut for å sikre ressursar til å drifte begge tenestene. Tenestene bør difor i år sjåast i samanheng. Ein har dekt opp for kvarandre på ein god måte, og tenestene er no tilbake i normal drift.

Vakansane som har vore gjer at tenestene samla sett ligg an til å kome inn 780.000,- lågare enn budsjettet. Kommunedirektøren tilrår difor å redusere ramma til ansvar 310 med 780.000,- for 2026.

Helsestasjon/skulehelsetenesta:

Dei ordinære tenestene vert drifta innanfor gjeve ramme. Ein del ulike ansvarsområde for leiande helsesjukepleiar som psykososialt kriseteam kan gje uventa kostnader, men det ser ut som om tenesta går i balanse ved årsslutt.

Psykisk helse og psykolog:

Føresetnaden om sal av psykologtenester til andre kommunar har ikkje realisert seg og den budsjetterte inntekta på 260.000,- er difor usikker for 2026. Tenestene er elles i balanse.

Kjøkken, vaskeri og reinhald:

Det er vedvarande rekrutteringsutfordringar til reinhaldstenesta, men tenestene ser ut til å gå i økonomiske balanse ved årsslutt.

Plan og tekniske tenester

Vatn og avløp

Det har vorte gjort ein god jobb med planlegging og praktisk førebuing av ein større lekkasje av leidningsnettet. Sjølv utbetringa vert gjort i oktober. Vidare vert det jobba med hovudplan for vatn og avlaup.

Kommunal veg og kai

Me ser meir og meir slitasje og forfall på dei kommunale vegane våre. Asfaltkantar som knekk, stor slitasje i hjulspor, veggrunn som gjev etter. Slaghol må tettast med dyr asfaltmasse i sekkar. Mesteparten av dei kommunale vegane har slitasje i topplaget, men ligg på god fast grunn. Men også i Solund har me parti som er bygd på jordmassar i grunnen. Spesielt nokre parti på Vaulevegen må veggrunnen fornyast. På øyane i Nord-Solund er utfordringa at vegane gror til med vegetasjon på grunn av for lite bruk av køyretøy. Stor slitasje i hjulspora gjer det vanskeleg å få til eit godt vintervedlikehald.

Vi brukar meir pengar kvart år på vedlikehald enn det som er budsjettert. Likevel er det ikkje tilstrekkeleg. Folk er frustrert over at ikkje «deira veg» vert prioritert.

Det er mykje kommunale kaier å vedlikehalde. Det vert gjort ein god jobb innanfor dei rammene me har i dag. Målet er å få utarbeida retningslinjer og vilkår for bruken av dei kommunale kaiane i Solund og innarbeida gebyr i det kommunale gebyrregulativet. Truleg er det betydelege potensielle inntekter som kommunen går glipp av i dag. Dette har stått på lista lenge, men har ikkje vorte prioritert.

Kommunale Bygg

Dei to årsverka me har til drift og vedlikehald av kommunale bygg vil verta skjerma frå investeringsprosjekt framover for å sikre tilfredsstillande vedlikehald på bygga våre. Bygningsmassen er generelt god no etter at Solundheimen fekk eit kraftig løft og vi har ny ungdomsskule. Sommaren 2027 har me også nye lokale for kommuneadministrasjonen.

Investeringsprosjekt på barneskulen, barnehagen og Fleirbrukshuset i Straumen vert sett vekk til privat tømrar etter anbodskonkurranse. Anbudet vert lyst ut hausten 2026 og det vert difor ikkje oppstart i prosjekta før 2027.

Adresseprosjekt

Det er også gledeleg å kunne melde at alle i Solund har no har fått gateadresse.

Innsparingar i drifta

Tabellen under syner dei samla konsekvensane for drifta.

Drift	Endring
Ansvar 100 – etablerartilskot	100 000
Ansvar 310 – underforbru ergo/fysio	- 780 000
Ansvar 370 – løn, vikarbyrå, medikament	1 200 000

Samstundes er det ein del innsparingstiltak som ikkje er omtala i tertialrapporten.

I budsjettet for 2025 vedtok kommunestyret mellom anna fylgjande:

«Solund kommune står framfor ei tid med omstilling og tilpassing til framtidige krav til tenester og eit aukande press på rekruttering. Kommunen må difor kontinuerleg arbeide for å finne gode løysingar for å sikre kvalitet i tenestene samstundes som ein må tilpasse seg dei økonomiske rammene. Dette må ein arbeide med i tett dialog med politisk leiing.»

Og det vart i samband med revisjon av budsjettet vedteke:

«I det vidare arbeidet med økonomiplan skal det mellom anna drøftast korleis ein kan tilpasse drifta til forventa framtidige rammer, mellom anna framtidig helsenivå og organisering av tenester. Det må synleggjerast moglegheiter for innsparingar og inntekter, til dømes ved sal av eigedom.»

Frå 2027 er det også lagt inn uspesifiserte kutt i drifta.

På bakgrunn av dette har kommunedirektøren start ein administrativ gjennomgang av sektorane, der særleg sektorane for Samfunn- og næringsutvikling og Oppvekst og kultur er godt i gang med arbeidet. Det er identifisert fleire potensielle innsparingstiltak, men ingen av desse er lagt fram i tertialrapporten eller innarbeida budsjettjusteringssaka. Kommunedirektøren ynskjer å gjennomføre prosessar for heile kommuneorganisasjonen, samt å få involvert dei tillitsvalde, før ein legg frem samla resultat.

Målet er at det administrative arbeidet kan presenterast for politisk nivå i god tid før handlings- og økonomiplan med budsjett 2027 vert vedteke.

Investeringsprosjekt

Fleire av investeringsprosjekta er omtala under Plan og tekniske tenester sin rapport frå drifta. Tabellen under syner kostnader på dei ulike investeringsprosjekta så langt i 2026.

Nr	Prosjekt	Rekneskap	Løyving	Restløyving
2001	Utbetringar Solundheimen	2 211 502	2 800 000	-588 498
2002	Søre Morteveika	493 002	2 600 000	-2 106 998
2004	Utbetringar barneskulen	14 467	2 000 000	-1 985 533
2005	Utbetringar barnehagen	61 212	780 000	-718 788
2208	Utbetringar Idrettsbygget	42 515	200 000	-157 485
2213	Områdeplan Hardbakke	0	200 000	-200 000
2301	Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetssarena	0	125 000	-125 000
2408	Gangveg Hardbakke / Sildevika - Steinsund	0	525 000	-525 000
2409	Idrett- og frilutsplan inkl. utstyr	0	700 000	-700 000
2410	Utvikling Eksepessbåtstopp Hardbakke	535 325	700 000	-164 675
2414	Utbetring Ytre Solund Fleirbrukshus	0	150 000	-150 000
2422	Utbetring kommunale bustader	0	130 000	-130 000
2423	Oppgradering kommunale vegar	0	877 000	-877 000
2424	Utbetring Klubben	98 373	1 150 000	-1 051 628
2425	Trafikktryggleikstiltak	287 694	850 000	-562 306
2430	Adresseprosjekt	0	450 000	-450 000
2604	Frontmontert kost traktor	0	100 000	-100 000
2606	Utbetring av veg Solneset	0	300 000	-300 000
2607	Utbetringar fortøyingar Hardbakke hamn	25 000	300 000	-275 000
2608	Mindre tiltak i hamna i samband med Bygdevekst	27 729	300 000	-272 271
2701	Sjølvkost vatn	342 560	650 000	-307 440
2702	Sjølvkost avlaup	211 574	250 000	-38 426
2937	Skilting kommunale bygg (2019)	1 676	100 000	-98 324
2944	Ny skule inkl. bibliotek (2019)	18 210	0	18 210

Som omtala skal ein del prosjekt på felles anbod og vil i all hovudsak bli gjennomført i 2027. Kommunedirektøren tilrår difor allereie no å redusere rammene på dei prosjekta i 2026. Det same gjeld ein del prosjekt som ikkje vert gjennomført i 2027 av kapasitetsomsyn, samt ein justering av feilbudsjettert moms på prosjekt 2301. Tabellen under syner foreslegne justeringar. Kommunedirektøren legg opp til ein tilsvarande gjennomgang i desembermøtet.

Nr	Prosjekt	Løyving	Endring	Kommentar
2004	Utbetringar barneskulen	2 000 000	- 1 700 000	Felles anbod
	Mva	500 000	- 425 000	
2005	Utbetringar barnehagen	780 000	- 300 000	
	Mva	195 000	- 75 000	
2414	Utbetring Ytre Solund Fleirbrukshus	150 000	- 150 000	
	Mva	38 000	-38 000	
2422	Utbetring kommunale bustader	130 000	-130 000	
	Trafikktryggleikstiltak	850 000	- 500 000	Heile løyvingar vert ikkje nytta i år
2425	Mva	213 000	-125 000	
2430	Adresseprosjekt	450 000	- 450 000	Til skilting av vegar, ikkje kapasitet i 2026
	Mva	113 000	- 113 000	
2604	Frontmontert kost traktor	100 000	- 100 000	Ikkje kapasitet i 2026
	Mva	25 000	- 25 000	
2607	Utbetringar fortøyingar Hardbakke hamn	300 000	- 275 000	Må sjåast i samanheng med framtidig plassering av flytebryggene
	Mva	75 000	- 69 000	
2301	Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena –mva	258 000	-226 000	Retting feilbudsjettert mva



Saksframlegg

Arkiv: K1-153
ArkivsakID: 26/311
JournalpostID: 26/2431
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 10.09.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
048/26	Formannskap	17.09.2026
037/26	Kommunestyre	24.09.2026

Budsjettendringar 2. tertial 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Overført løyving frå 2026:

Adresseprosjektet	450.000,-
Totalt	450.000,-

Inntekter:

Rammetilskot	50.000,-
Inntektsutjamning	2.251.000,-
Skatt på inntekt og formue	- 3.500.000,-
Totalt	- 1.190.00,-

Drift

Ansvar 100 - etablerartilskot	100.000,-
Ansvar 310 - underforbruk ergo/fysio	- 780.000,-
Ansvar 370 - løn, vikarbyrå, medikamenter	1.200.000,-

Ansvar 900 - overføring frå drift til investering	- 3.605.000,-
Totalt	- 3.085.000,-

Investering

2004 - Utbetringar barneskulen	- 2.125.000,-
2005 - Utbetringar barnehagen	- 375.000,-
2414 - Utbetringar Ytre Solund Fleirbrukshus	-188.000,-
2422 - Utbetring kommunale bustader	- 130.000,-
2425 - Trafikktryggleikstiltak	- 625.000,-
2430 - Adresseprosjekt	- 563.000,-
2604 - Frontmontert kost traktor	- 125.000,-
2607 - Utbetringar fortøyingar Hardbakke hamn	- 344.000,-
2301 - Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena	- 226.000,-
Totalt	-4.701.000,-

Finansiering investering

Momskompensasjon	- 1.096.000,-
Fondsmidlar til investering	- 3.605.000,-
Totalt	- 4.701.000,-

Bruk av fond

Bruk av fond til drift	1.710.000,-
Bruk av fond til investering	- 3.605.000,-
Totalt	- 1.895.000,-

17.09.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-048/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Overført løyving frå 2026:

Adresseprosjektet	450.000,-
-------------------	-----------

Totalt	450.000,-
---------------	------------------

Inntekter:

Rammetilskot	50.000,-
Inntektsutjamning	2.251.000,-
Skatt på inntekt og formue	- 3.500.000,-
Totalt	- 1.190.00,-

Drift

Ansvar 100 - etablerartilskot	100.000,-
Ansvar 310 - underforbruk ergo/fysio	- 780.000,-
Ansvar 370 - løn, vikarbyrå, medikamenter	1.200.000,-
Ansvar 900 - overføring frå drift til investering	- 3.605.000,-
Totalt	- 3.085.000,-

Investering

2004 - Utbetringar barneskulen	- 2.125.000,-
2005 - Utbetringar barnehagen	- 375.000,-
2414 - Utbetringar Ytre Solund Fleirbrukshus	-188.000,-
2422 - Utbetring kommunale bustader	- 130.000,-
2425 - Trafikktryggleikstiltak	- 625.000,-
2430 - Adresseprosjekt	- 563.000,-
2604 - Frontmontert kost traktor	- 125.000,-
2607 - Utbetringar fortøyingar Hardbakke hamn	- 344.000,-
2301 - Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena	- 226.000,-
Totalt	-4.701.000,-

Finansiering investering

Momskompensasjon	- 1.096.000,-
Fondsmidlar til investering	- 3.605.000,-
Totalt	- 4.701.000,-

Bruk av fond

Bruk av fond til drift	1.710.000,-
------------------------	-------------

Bruk av fond til investering	- 3.605.000,-
Totalt	- 1.895.000,-

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Budsjettendringar 2. tertial 2026

Saksutgreiing:

Av tertialrapport nr. 2 2026 fremgår det behov for ein del budsjettendringar. Alle endringane som er foreslått gjeld berre for 2026 og vert i utgangspunktet tatt ut i 2027, med mindre prosessen med handlings- og økonomiplan med budsjett 2027 tilseier noko anna.

I tillegg var det ein overført løyving på 450.000,- til adresseprosjektet som var falt ut av tabellen som vart vedteke i K-sak 025/26, slik at den budsjettjuseringa eigentleg ikkje var i balanse. Kommunedirektøren tilrår difor at kommunestyret vedtek også den løyvinga.

Vurdering:

Kommunedirektøren synar til tertialrapport nr. 2 for nærare omtale av budsjettendringane. Samstundes ynskjer kommunedirektøren å påpeike at sjølv om samla fondsbruk går ned i 2. tertial skuldast det at fleire investeringsprosjekt er flytta til 2027, og samla fondsbruk i økonomiplanperioden går difor opp. Det kjøper ein likevel tid til å avvente resultat frå auksjonane i Havbruksfondet, samt å foreta ein heilskapeleg vurdering av økonomiplanen for 2027 - 2030.



Saksframlegg

Arkiv: K1-057, K3-&10
ArkivsakID: 25/546
JournalpostID: 26/2414
Sakshandsamar: Hege Trovåg
Dato: 09.09.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
049/26	Formannskap	17.09.2026
038/26	Kommunestyre	24.09.2026

Godkjenning av samarbeidsavtale – administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv mellom Solund kommune og Vestland fylkeskommune.

17.09.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-049/26 Vedtak i:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv mellom Solund kommune og Vestland fylkeskommune.

Vedlegg i saka:

09.09.2026 Samarbeidsavtale 12.08.2026
09.09.2026 Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet
09.09.2026 Godkjenning av forsøk vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv
- Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet
- Godkjenning av forsøk vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå

Kva saka gjeld:

Solund kommune er deltakar i Kommunearkivordninga i Vestland (KAV), eit kommunalt oppgåvefelleskap som utfører arkivdepottenester for eldre og avslutta kommunale arkiv for 18 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune. Samarbeidet vert no, i tråd med politiske vedtak hausten 2025, omorganisert til eit administrativt vertskommunesamarbeid med Vestland fylkeskommune som vertskommune.

Samarbeidsavtalen som skal regulere samarbeidet i forsøksperioden ligg no føre og skal vedtakast politisk i alle deltakarkommunane og i fylkestinget før samarbeidet kan tre i kraft.

Omorganiseringa er ein del av ei godkjend forsøksordning og inneber ingen endringar i tenestefomfang eller kostnader for kommunen.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Solund kommune har i mange år samarbeida med fylkeskommunen og andre kommunar i fylket om å løyse nokre av arkivoppgåvene i fellesskap, organisert gjennom det som i dag heiter Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV). Samarbeidet er forankra i kommunen sitt behov for fagleg forvarleg og kostnadseffektiv handtering av eldre og avslutta kommunale arkiv.

KAV er i dag organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova § 19, med Vestland fylkeskommune som vertskap og alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane som medlemar.

I 2025 søkte KAV, saman med Vestland fylkeskommune, om å delta i forsøksordninga for å teste ut administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå, heimla i kommunelova kapittel 20. Søknaden vart politisk handsama i alle kommunestyra og fylkestinget hausten 2025.

Kommunal- og distriktsdepartementet godkjende søknaden 25.02.2026, og forsøket er heimla i [Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet](#).

Vestland fylkeskommune tek på seg vertskommunerolla i samarbeidet.

Det siste steget før forsøket kan setjast i gang, er at alle deltakarane vedtek samarbeidsavtalen politisk.

Rettsleg grunnlag

Samarbeidsavtalen er heimla i kommunelova §§ 20-1, 20-2, 20-4 og 20-8, og i Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet, godkjend av KDD.

Samarbeidsavtalen må vedtakast av kommunestyret og kan ikkje delegerast, jf. kommunelova § 20-4.

Kva samarbeidsavtalen regulerer

Samarbeidsavtalen fastset mellom anna:

- Kven som er vertskommune og kven som er samarbeidskommunar
- Kva oppgåver som vert utførte av vertskommunen
- Ansvarsfordeling mellom vertskommune og samarbeidskommune
- Økonomi og fordelingsnøkkel
- Dialog og rapportering
- Varigheit og oppseiing

Kva samarbeidet inneber for kommunen

Tenestene kommunen mottek vert ikkje endra. Samarbeidet omfattar:

- Depot for papirbaserte og elektroniske arkiv
- Arkivfagleg råd, rettleiing, kurs og opplæring
- Handsaming av førespurnader knytte til arkiv i depot
- Formidling og tilgjengeleggjering av arkiv
- Rettleiing og støtte til arkivdanning og arkivplanarbeid

Kommunen beheld det overordna arkivansvaret etter arkivlova. Handsaming av innsynskrav og enkeltvedtak ligg framleis hjå kommunen sjølv.

Økonomi

Samarbeidet er finansiert gjennom årlege tilskot frå alle deltakarkommunane etter ein fordelingsnøkkel fastsett i samarbeidsavtalen vedlegg 1. Kommunen sit økonomiske bidrag (kontingent og depotleige) til samarbeidet vert ikkje endra som følge av omorganiseringa.

Samarbeidet sin økonomi skal skiljast tydeleg frå vertskommunen sitt ordinære driftsbudsjett. Eksisterande driftsfond og prosjektfond frå Kommunearkivordninga i Vestland KO vert øyremerkja til vertskommunesamarbeidet.

Forsøket vil ikkje medføre auka kostnader. Eventuelle effektiviseringsgevinstar skal fordelast mellom alle deltakarane.

Varigheit

Samarbeidsavtalen gjeld i forsøksperioden. Dersom forsøket er vellukka og det vert gjort lovendringar som opnar for permanent vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå, skal avtalen reviderast og vedtakast politisk på nytt.

Dersom forsøket fell bort utan lovendringar, går samarbeidet tilbake til å vere organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19.

Merknad om to vedtak

Godkjenning av samarbeidsavtalen er éitt av to vedtak kommunestyret må fatte. Det andre vedtaket gjeld delegering av mynde til vertskommunen, og vert handsama i eiga sak. Begge vedtak kan handsamast i same møte.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen.

Omorganiseringa frå oppgåvefellesskap til administrativt vertskommunesamarbeid forenkler organiseringa, reduserer administrative kostnader og vidarefører eit velfungerande samarbeid om arkivtenester utan endringar i tenesteomfang eller kostnader for kommunen.

SAMARBEIDSAVTALE OM
ADMINISTRATIVT
VERTSKOMMUNESAMARBEID

OM ELDRE OG AVSLUTTA
KOMMUNALE ARKIV

mellom

Vestland fylkeskommune
(vertskommune)

og

XXX kommune
(samarbeidskommune)

Innhald

1. Heimel og grunnlag.....	3
2. Føremål.....	3
3. Deltakarkommunane	3
4. Kva omfattar samarbeidet	3
5. Ansvar og mynde	4
6. Økonomi	4
7. Organisering av samarbeidet.....	4
8. Varigheit og oppseiing.....	5
9. Endringar	5
 Vedlegg 1: Deltakarkommunane i KAV.....	6
Vedlegg 2: Pris- og fordelingsnøkkel for Kommunearkivordninga.....	7
Depot for analoge arkiv	7
Depot for elektroniske arkiv.....	7
Kontingent.....	9

1. Heimel og grunnlag

Avtalen er inngått med heimel i kommunelova kapittel 20 og *Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet*.ⁱ

Avtalen regulerer samarbeidet i forsøksperioden. I denne perioden erstattar avtalen vedtektene for Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap (2019). Dette medfører ikkje endringar i tenesteomfang, arkivfaglege oppgåver eller økonomiske rammer for deltakarkommunane. Gjeldande avtalar knytte til samarbeidet vert vidareført.

2. Føremål

Føremålet med samarbeidet er å leggje til rette for at arkiva til deltakarkommunane vert handterte, tekne vare på og gjorde tilgjengelege i samsvar med føremålet i arkivlova og tilhøyrande forskrifter.

Samarbeidet skal medverke til:

- å trygge demokratiske rettar og rettstryggleik
- å sikre dokumentasjon av offentleg verksemd over tid
- å ta vare på historie og kulturarv
- å dokumentere samfunnet heilskapleg på tvers av kommunar og forvaltningsnivå

Samarbeidet skal leggje til rette for effektiv ressursbruk og sterke fagmiljø utan å redusere kvaliteten på tenestene.

3. Deltakarkommunane

Vertskommune er Vestland fylkeskommune ved seksjon arkiv (KFO Arkiv).

Samarbeidskommunane går fram av vedlegg til avtalen.

Vestland fylkeskommune deltek også som samarbeidskommune gjennom IDI Dokumentsenteret. Rollene som vertskommune og samarbeidskommune skal haldast administrativt åtskilde.

4. Kva omfattar samarbeidet

Samarbeidet skal støtte deltakarkommunane i å oppfylle sine lovpålagde arkivplikter.

Samarbeidet omfattar:

- depot for papirbaserte og elektroniske arkiv
- rettleiing, opplæring og arkivfagleg støtte
- førespurnader knytte til eldre og avslutta arkiv i depot
- formidling og tilgjengeleggjing av arkivmateriale

Andre arkivfaglege tenester kan leverast etter særskild avtale.

Samarbeidet omfattar ikkje handsaming av innsynskrav eller andre enkeltvedtak på vegner av samarbeidskommunane.

5. Ansvar og mynde

Arkivansvaret etter arkivlova ligg hjå kvar enkelt samarbeidskommune og vert ikkje overført gjennom denne avtalen.

Vertskommunen har ansvar for drift, økonomiforvaltning, rapportering og internkontroll i samarbeidet.

Samarbeidskommunane delegerer mynde til vertskommunen til å utføre depotoppgåver knytte til eldre og avslutta arkiv. Delegasjonen omfattar ikkje handsaming av innsynskrav eller andre enkeltvedtak.

Delegert mynde kan berre trekkjast tilbake ved vesentleg misleghald i forsøksperioden.

6. Økonomi

Økonomien i samarbeidet skal haldast rekneskapsmessig skild frå vertskommunen si ordinære drift. Vertskommunen skal kunne gi oversiktlege økonomirapportar til alle deltakarane ved behov.

Eksisterande driftsfond og prosjektfond frå Kommunearkivordninga i Vestland KO vert overførte til vertskommunen og øyremerkja til vertskommunesamarbeidet. Fondsmidlane skal ikkje gå inn i vertskommunen sitt generelle fond.

Over- eller underskot skal handterast gjennom bunde fond. Underskot som ikkje kan dekkast av fondet vert fakturert deltakarkommunane i tråd med fordelingsnøkkelen nytta til fastsetjing av tilskot.

Vertskommunen skal organisere verksemda slik at samarbeidet sitt avtalte tenestetilbod vert halde oppe. Eventuelle effektiviseringsgevinstar skal fordelast mellom deltakarane etter same fordelingsnøkkel som tilskotet.

Samarbeidet er finansiert gjennom årlege tilskot frå alle deltakarane. Detaljert pris- og fordelingsnøkkel går fram av vedlegg 2. Kostnadsauke ut over løns- og prisvekst skal leggjast fram for samarbeidskommunane før dei vert sette i verk.

7. Organisering av samarbeidet

Det skal etablerast ei ressursgruppe med representantar frå deltakarkommunane. Gruppa er rådgjevande og skal bidra til dialog mellom deltakarkommunane og vertskommunen. Vertskommunen har ansvar for å setje ned ei slik gruppe, og kalle inn til møte. Alle deltakarkommunane kan melde inn forslag til representantar.

Deltakarane møtest årleg til dialogmøte om faglege, administrative og økonomiske forhold. Det skal haldast mist eitt årleg dialogmøte. Kommunedirektørar vert inviterte til møtet, og kan sende nokon andre i sin stad. Vertskommunen har ansvar for planlegging og innkalling.

Ved vesentlege endringar eller utfordringar kan kvar av partane krevje ekstraordinært møte.

Vertskommunen skal sikre jamleg informasjon til alle deltakarar gjennom digitale og fysiske kanalar.

8. Varigheit og oppseiing

Avtalen gjeld i forsøksperioden og er tidsavgrensa til forsøksordninga sin varigheit.

Dersom forsøksordninga vert avslutta utan heimel for vidareføring av vertskommunesamarbeidet, går samarbeidet tilbake til organiseringa som kommunalt oppgåvefellesskap etter gjeldande vedtekter.

Dersom regelverket seinare opnar for permanent vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå, skal avtalen reviderast og godkjennast på nytt av deltakarkommunane.

Partane kan ikkje seie opp avtalen i forsøksperioden, med mindre det ligg føre vesentleg misleghald.

9. Endringar

Endringar i avtalen skal vere skriftlege. Endringar i føremål, omfang, ansvar, mynde eller varigheit krev politisk godkjenning hos alle deltakarane. Andre endringar kan avtalast administrativt.

Vedlegg 1: Deltakarkommunane i KAV

Vertskommune:

- Vestland fylkeskommune v/KFO Arkiv

Samarbeidskommunar:

- Askvoll kommune
- Aurland kommune
- Bremanger kommune
- Fjaler kommune
- Gloppen kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Stad kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Sunnfjord kommune
- Stryn kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune v/IDI Dokumentsenteret

Vedlegg 2: Pris- og fordelingsnøkkel for Kommunearchivordninga

Depot for analoge arkiv

Kvar av primærkommunane disponerer ein del av total depotkapasitet som samsvarer med kontingenten dei betaler. Viss ein kommune sin kontingent utgjer 10% av summen av kontingentinnbetalingar, disponerer denne kommunen 10% av hyllemeterkapasiteten.

Vi har to ulike magasin, eitt eldre magasin på fylkeshuset, i Askedalen 2, og eitt nytt, i Njøsavegen 29. Kvar kommune har tildelt eit visst tal hyllemeter gjennom gamal avtale (inngått før 2020) i «det gamle magasinet», og eit visst tal basert på innmeldte behov i perioden 2018-2022, i «det nye magasinet». Prisen per hyllemeter er ikkje lik i dei to ulike magasinane.

Vestland fylkeskommune er eigar av lokala der vi har arkivdepot, og har difor fastsett sine plassbehov separat frå kommunane.

Kostnaden ved å oppbevare arkiv i depot, og for at KAV held ved like og formidlar arkiva, forvaltar depotet, og betener og finn fram i arkiva ved behov er det vi samla kallar depotleige. I nytt arkivbygg er prisen delt i to, der ein tredjedel går til KAV for å dekke utgifter til dei tilsette som arbeider med analoge arkiv, og to tredjedelar går til fylkeskommunen for å dekke utgifter til sjølve bygget. I denne modellen vil Vestland fylkeskommune betale den delen som går til KAV for dei offentlege arkiva som er deponert. I depotet i Askedalen 2 er prisen basert på den modellen som vart fastsett då avtalane vart inngått. Her er det ein fast sum per kommune for depotleige, medan fylkeskommunen sin pris vart lagt inn i kontingenten.

Depot for elektroniske arkiv

Alle deltakarane i samarbeidet betaler ein fast sum for å kunne deponere elektroniske arkiv, uavhengig av mengde materiale. Denne summen vert indeksregulert årleg. Ordninga vart innført i 2006, og då var den årlege e-depotleiga på 15 000 kr. Denne summen vart lagt til den generelle depotleiga. Dette heng saman med auke i kostnader knytt til handsaming av digitale arkiv og digitalt depot.

Oversikt over plass i depot og fordelingsnøkkel:

			Fylkeshuset			Arkivhagen	Samla	Fordelingsnøkkel
Kommune	Tidlegare kommunar	Innbyggjar-tal 2006*	Disp. hm personreg.	Tal disp. hm adm.	Sum disp. hm fylkeshus	Reservert tal hm av disp. (10165 hm)	Totalt disp. hm	
Kinn	Flora	11 410	66	305	372	1 138	1 728	11,4 %
	Vågsøy	2 417	47	216	263			
Gulen		877	33	153	187	284	547	3,6 %
Solund		1 502	28	127	155	139	326	2,1 %
Hyllestad		4 448	30	138	168	132	287	1,9 %
Høyanger		2 847	41	188	229	160	328	2,2 %
Vik		1 406	35	0	35	380	609	4,0 %
Sogndal	Balestrand	2 199	30	136	166	1 589	1 972	13,0 %
	Leikanger	6 836	33	150	182			
	Sogndal	1 733	50	0	50			
Aurland		2 155	31	142	173	351	401	2,6 %
Lærdal		5 549	32	149	181	130	303	2,0 %
Årdal		4 889	45	0	45	385	566	3,7 %
Luster		3 182	42	195	238	547	592	3,9 %
Askvoll		2 881	36	166	203	330	568	3,7 %
Fjaler		2 771	35	161	196	430	633	4,2 %
Sunnfjord	Gaular	2 918	35	159	194	2 000	2 957	19,5 %
	Jølster	2 699	66	304	370			
	Førde	11 327	35	162	197			
	Naustdal	3 968	34	158	193			
Bremanger		6 123	39	180	219	500	693	4,6 %
Stad	Selje	2 958	35	163	198	715	1 169	7,7 %
	Eid	5 801	46	211	256			
Gloppen		5 769	46	210	256	623	879	5,8 %
Stryn		6 779	49	227	276	332	608	4,0 %
Summert:		105 444	1 000	4 000	5 000	10 165	15 165	100 %

SUM depotleige for primærkommunane

Kommune		Depotleige 2026 (utan prisjustering)	Depotleige nytt arkivbygg 2026	Totalsum 2026
4602	Kinn	274 719	682 800	957 519
4635	Gulen	97 286	186 000	283 286
4636	Solund	87 374	83 400	170 774
4637	Hyllestad	91 414	79 200	170 614
4638	Høyanger	110 236	105 600	215 836
4639	Vik	39 512	228 000	267 512
4640	Sogndal	226 189	955 800	1 181 989
4641	Aurland	93 024	210 505	303 529
4642	Lærdal	95 530	78 000	173 530
4643	Årdal	39 512	231 000	270 512
4644	Luster	112 982	328 200	441 182
4645	Askvoll	102 168	198 000	300 168
4646	Fjaler	100 177	268 620	368 797
4647	Sunnfjord	458 618	1 200 000	1 658 618
4648	Bremanger	107 318	330 000	437 318
4649	Stad	219 045	429 000	648 045
4650	Gloppen	118 631	373 800	492 431
4651	Stryn	118 631	192 000	310 631
	Sum	2 492 367	6 459 925	8 952 292

Kontingent

Kontingenten som dei 18 primærkommunane betaler består av ein grunnsum og eit innbyggjartilskot. Begge desse vert indeksregulert årleg. Grunnsummen er lik for alle kommunar, og vart i 2006 fastsett til kr. 20 000. Frå 2020 har dei samanslåtte kommunane betalt dobbel grunnsum.

Innbyggjartilskotet er ein fast kronesum per innbyggjar, basert på folketalet til kommunane ved utgangen av andre kvartal året før budsjettåret.

Vestland fylkeskommune har ein annan betalingsmodell der økonomiske bidrag for basistenester, papirdepot og elektronisk depot består av eit fast årleg tilskot. I tillegg til dette har fylkeskommunen fleire praktiske bidrag inn i samarbeidet, noko som skal verdsetjast basert på kva kostnad bidraget inneber for deltakaren, og skal deretter gå til frådrag i den årlege bidragsplikta (krone for krone).

Fylkeskommunen si bidragsplikt vart fastsett i PS 2019/84-1, vedteke i Fylkestinget 17.12.2019. Summen har vorte indeksregulert årleg, og er kr. 2 628 488 i 2026. Verdien av dei praktiske

bidraga frå VLFK til KAV, som vert trekt frå den årlege bidragsplikta, utgjer kr. 1 601 600 i 2026. Per 2026 er summen for arbeid med arkiv i depot i Askedalen 2 lagt inn i kontingenten, og ein førebels sum på kr. 300 000 er lagt til for arbeid med fylkeskommunale arkiv i nytt arkivbygg.

Kontingentsum 2026:

Kommune		Innbyggartal*	Grunnsum**	Innbyggartilskot**	SUM Kontingent 2026
4602	Kinn	17 395	93 283	254 868	348 151
4635	Gulen	2 269	46 642	33 245	79 887
4636	Solund	742	46 642	10 872	57 513
4637	Hyllestad	1 269	46 642	18 593	65 235
4638	Høyanger	3 890	46 642	56 996	103 637
4639	Vik	2 538	46 642	37 186	83 828
4640	Sogndal	12 451	93 283	182 430	275 713
4641	Aurland	1 865	46 642	27 326	73 967
4642	Lærdal	2 196	46 642	32 175	78 817
4643	Årdal	5 217	46 642	76 438	123 080
4644	Luster	5 463	46 642	80 043	126 684
4645	Askvoll	2 920	46 642	42 783	89 425
4646	Fjaler	2 934	46 642	42 988	89 630
4647	Sunnfjord	22 764	93 283	333 534	426 817
4648	Bremanger	3 391	46 642	49 684	96 326
4649	Stad	9 645	93 283	141 317	234 600
4650	Gloppen	5 942	46 642	87 061	133 703
4651	Stryn	7 337	46 642	107 500	154 142
	Vestland		0		2 628 488
	Sum	110 228	1 026 115	1 615 039	5 269 642

ⁱ Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet på lovdata.no 30.06.2026, <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2026-02-25-291/%C2%A71#%C2%A71>



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 27. februar 2026 kl. 13.10

PDF-versjon 27. februar 2026

25.02.2026 nr. 291

Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet, Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Stad, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stryn, Vik og Årdal kommunar, Vestland

Heimel: Fastsett av Vestland fylkesting 9. desember 2025, Askvoll kommunestyre 26. november 2025, Aurland kommunestyre 18. desember 2025, Bremanger kommunestyre 18. desember 2025, Fjaler kommunestyre 20. november 2025, Gloppen 17. desember 2025, Gulen kommunestyre 11. desember 2025, Hyllestad kommunestyre 22. januar 2026, Høyanger kommunestyre 11. desember 2025, Kinn kommunestyre 16. desember 2025, Luster kommunestyre 27. november 2025, Lærdal kommunestyre 18. desember 2025, Stad kommunestyre 12. desember 2025, Sogndal kommunestyre 27. november 2025, Solund kommunestyre 11. desember 2025, Sunnfjord kommunestyre 20. november 2025, Stryn kommunestyre 13. november 2025, Vik kommunestyre 18. desember 2025 og Årdal kommunestyre 18. desember 2025 med heimel i lov 26. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning (forsøksloven). Stadfesta av Kommunal- og distriktsdepartementet 25. februar 2026 med heimel i lov 26. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning (forsøksloven) § 5, jf. delegeringsvedtak 11. desember 1992 nr. 1050.

§ 1. Verkeområdet

Forskrifta gjeld forsøk om samarbeid mellom kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Stad, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stryn, Vik og Årdal i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune for å løyse oppgåver knytt til dokumentasjon som skal takast vare på for ettertida og som er overførte til langtidsbevaring. Samarbeidet skal organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova kapittel 20.

§ 2. Formål

Formålet med forsøket er å gje erfaring med ein enklare samarbeidsmodell som tek sikte på å gje ei betre organisatorisk ramme kring samarbeidet.

Formålet med forsøket er også å innhente kunnskap og erfaring med administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

§ 3. Forholdet til kommunelova

Ved forsøk med vertskommunesamarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar skal føresegnene i kommunelova gjelde med dei unntak, presiseringar, tilføyningar eller endringar som følgjer av denne forskrifta.

§ 4. Unntak frå kommunelova

Avgrensinga i kommunelova kapittel 20 om at vertskommunesamarbeid ikkje kan skje på tvers av dei kommunale nivåa gjeld ikkje.

Samarbeidet skal organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 20-2 i samsvar med kommunelova kapittel 20.

§ 5. Iverksetjing og varigheit

Denne forskrifta trer i kraft straks alle kommunane har gjort vedtak og KDD har godkjent forskrifta. Forsøket skal seinast avsluttast fire år etter at samarbeidet er sett i kraft.

Ifølge liste

Dykkar ref
2025/41973-33

Vår ref
25/2109-8

Dato
25. februar 2026

Godkjenning av forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) viser til endeleg søknad motteke den 18. februar 2026 frå Vestland fylkeskommune og 18 deltakarkommunar: Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Stad, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stryn, Vik og Årdal, om forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå, dvs. mellom kommunar og fylkeskommunar.

KDD har vurdert og godkjent søknaden. Lokal forskrift om *Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet* vil verte kunngjort i Norsk Lovtidend med ikraftsetjing straks. Fylkeskommunen og kommunane kan då setje i gang med forsøket. Forsøket skal seinast avsluttast fire år etter at samarbeidet er sett i kraft.

KDD skal sørge for at forsøket blir evaluert. Vi ønskjer dykk lykke til med forsøket.

Med helsing

Ragnhild Spigseth (e.f.)
avdelingsdirektør

Helena Baugstø
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Adresseliste

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Hyllestad kommunehus	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensens veg 4	6885	ÅRDALSTANGEN



Saksframlegg

Arkiv: K1-057, K3-&10
ArkivsakID: 25/546
JournalpostID: 26/2422
Sakshandsamar: Hege Trovåg
Dato: 09.09.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
050/26	Formannskap	17.09.2026
039/26	Kommunestyre	24.09.2026

Delegering av mynde til vertskommune – administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir kommunedirektøren instruks om å delegere mynde til å utføre arkivdepotoppgåver knytte til eldre og avslutta arkiv til kommunedirektøren i Vestland fylkeskommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen godkjend av formannskapet 17.09.2026.

Delegeringa inneber ikkje overføring av vedtaksmynde. Arkivansvaret etter arkivlova ligg framleis hjå kommunen ved kommunedirektøren. Handsaming av innsynskrav og enkeltvedtak ligg hjå kommunen sjølv.

17.09.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-050/26 Vedtak i:

Kommunestyret gir kommunedirektøren instruks om å delegere mynde til å utføre arkivdepotoppgåver knytte til eldre og avslutta arkiv til kommunedirektøren i Vestland fylkeskommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen godkjend av formannskapet 17.09.2026.

Delegeringa inneber ikkje overføring av vedtaksmynde. Arkivansvaret etter arkivlova ligg framleis hjå kommunen ved kommunedirektøren. Handsaming av innsynskrav og enkeltvedtak ligg hjå kommunen sjølv.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kva saka gjeld:

Denne saka heng saman med sak om godkjenning av samarbeidsavtalen. Etter at samarbeidsavtalen er vedteken, må kommunestyret i tillegg fatte eit eige delegeringsvedtak. Dette er eit krav etter kommunelova § 20-2, og dei to vedtaka må vere åtskilde, sjølv om dei kan handsamast i same møte.

Delegeringa gjeld berre utføring av oppgåver knytt til eldre og avslutta arkiv som er deponerte (arkivdepotoppgåver). Kommunen beheld det overordna arkivansvaret og all vedtaksmynde.

Saksutgreiing:

Bakgrunn og rettsleg grunnlag

Kommunelova § 20-2 andre ledd fastset korleis delegering i administrativt vertskommunesamarbeid skal skje:

Kommunestyret eller fylkestinget delegerer selv myndighet til å treffe vedtak som er nevnt i første ledd, ved å instruere kommunedirektøren i egen kommune eller fylkeskommune om å delegerer myndigheten til kommunedirektøren i vertskommunen.

Delegeringa skjer altså i to ledd:

- **Kommunestyret** gir instruks til **kommunedirektøren** om å delegerer
- **Kommunedirektøren** delegerer til **kommunedirektøren i vertskommunen** (Vestland fylkeskommune)

Kva vert delegert

Delegeringa gjeld mynde til å **utføre** følgjande oppgåver på vegner av kommunen:

Oppgåve	Delegert til vertskommunen
Drift av arkivdepot for eldre og avslutta arkiv	Ja
Langtidsbevaring av arkivmateriale	Ja
Tilgjengeleggjering av arkivmateriale	Ja
Handsaming av førespurnader frå kommunen knytte til arkiv i depot	Ja
Arkivfagleg rettleiing, kurs og utvikling	Ja
Representasjon overfor arkivfaglege nettverk, interesseorganisasjonar og offentlege styresmakter i saker som gjeld den daglege drifta	Ja

Kva vert ikkje delegert

Mynde	Ligg framleis hjå kommunen
Overordna arkivansvar etter arkivlova	Ja
Handsaming av innsynskrav (enkeltvedtak)	Ja
Vedtaksmynde i prinsipielle saker	Ja

Endring av samarbeidsavtalen	Ja
Representasjon i saker av prinsipiell eller politisk karakter	Ja

Forholdet til delegeringsreglementet

Delegeringa skal vere i tråd med kommunen sitt gjeldande delegeringsreglement, jf. kommunelova § 5-14. Kommunedirektøren gjennomfører den vidare delegeringa til kommunedirektøren i Vestland fylkeskommune administrativt, i tråd med dette vedtaket.

Fylkesdirektøren i Vestland fylkeskommune vil, i tråd med eige delegeringsreglement, delegere nødvendig mynde og ansvar vidare nedover i linja, til leiar for Kommunearkivordninga i Vestland. Denne vidaredelegeringa skjer administrativt og krev ikkje eige vedtak i den einskilde samarbeidskommunen, men er teken med her som informasjon om korleis samarbeidet vert organisert i praksis.

Tilhøve mellom dei to vedtaka

Rettleiaren om interkommunalt samarbeid ([KDD, 2024](#)) presiserer at det er to ulike vedtak som krevst:

- **Vedtak 1:** Godkjenning av samarbeidsavtalen (godkjend i dette møtet)
- **Vedtak 2:** Delegeringsvedtaket (denne saka)

Begge vedtak kan handsamast i same kommunestyremøte, men dei må vere formelt åtskilde.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret fattar delegeringsvedtaket som skissert ovanfor.

Delegeringa er nødvendig for at vertskommunen skal ha rettsleg grunnlag til å utføre arkivdepotoppgåver på vegner av kommunen. Delegeringa er avgrensa til praktisk utføring og inneber ikkje at kommunen gir frå seg ansvar eller vedtaksmynde.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033, K2-A10, K3-
&15
ArkivsakID: 23/934
JournalpostID: 26/2360
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 03.09.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
051/26	Formannskap	17.09.2026
040/26	Kommunestyre	24.09.2026

Suppleringsval samarbeidsutval Solund barnehage for perioden 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel xxx som representantane til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage for restem av perioden 2023 - 2027:

17.09.2026 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg om vedtak:

Solund kommunestyre vel Signe Bjørøy som representantane til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage for restem av perioden 2023 - 2027.

Randi Cecilie Odéen vert ny 1. vara. Andreas Færøy Gåsvær vert ny 2. vara.

Votering:

Felles framlegg om vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-051/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre vel Signe Bjørøy som representantane til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage for resten av perioden 2023 - 2027.

Randi Cecilie Odéen vert ny 1. vara. Andreas Færøy Gåsvær vert ny 2. vara.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

[Barnehagelova § 4](#)

K-sak 070/23

Kva saka gjeld:

Suppleringsval til samarbeidsutvalet i Solund barnehage for perioden 2023 - 2027

Saksutgreiing:

I K-sak 070/23 fatta Solund kommunestyre fylgjande vedtak:

"Solund kommunestyre vel desse representantane og vararepresentantane til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage for perioden 2023 - 2027:

1. John Sigfred Hugøy
2. David Gåsvær

Vararepresentantar i rekkefølge:

1. Signe Bjørøy
2. Randi Cecile Odéen"

Representanten David Færøy Gåsvær har meldt flytting frå kommunen og ynskjer etter dialog med administrasjonen ikkje å halde fram i vervet. Det er ingen automatikk i at i at vervet som representant i samarbeidsutvalet i barnehagen fell bort når ein flyttar, men kommunestyret står fritt til å endre samansettinga i utvalet når det sjølv ynskjer.

Det følgjer av barnehageloven § 4, 3. ledd at:

«Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.»

I vedtektene til Solund barnehage § 3, 3. ledd står det:

"Samarbeidsutvalet skla ha 6 representantar:

- 2 representantar valde av kommunestyre, bør vere faste medlemmar i kommunestyret.
- 2 representantar valde av foreldrerådet.
- 2 representantar valde av ei tilsette."

Vurdering:

Solund kommunestyre vel sjølv ny representant til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage. Som nemnt i vedtektene bør dei kommunale representantane vere fast medlem i kommunestyret. Ein bør også tenkje på kva rolle dei kommunale representantane skal ha,

særleg med tanke på at foreldrerådet og dei tilsette allereie er representert i samarbeidsutvalet